Voss herad

# Årsmelding 2023
# Voss herad



bygd for sterke opplevingar

Voss herad

## Innhald


1 Rådmann har ordet ....4
2 Økonomisk status og utvikling ....5
2.1 Økonomisk resultat ....5
2.2 Finansielle måltal ....5
2.3 Oppfølging handlingsregler ....7
2.4 Sentrale inntekter ....9
2.5 Finansinntekter og -utgifter ....12
2.6 Kommentar til avvik på tenesteområda ....13
2.7 Pensjon ....15
2.8 Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda ....16
3 Investeringar ....18
3.1 Status investering og finansiering (2A) ....18
3.2 Status investeringar (2B) ....18
3.3 Status investeringsprosjekt ....20
4 Organisasjon ....27
4.1 Politisk organisering ....27
4.2 Administrativ organisering ....28
4.3 Likestilling, inkludering og mangfald ....29
4.4 Rekruttering og lærlingar ....31
4.5 Sjukefråvær ....32
4.6 Innovasjon og digitalisering ....33
5 Samfunns- og befolkningsutvikling ....34
6 Internkontroll ....36
7 Flyktningsituasjonen ....41
8 Berekraft, klima og miljø ....43
8.1 FN sine berekraftsmål ....43
8.2 Klima- og miljøarbeid ....43
9 Kommunen sine tenesteområde ....51
9.1 Administrasjon og leiing ....51
9.2 Plan, næring og forvalting ....57
9.3 Samferdsel ....61
9.4 Eigedom og bustad ....68
9.5 Brann og ulukkesvern ....74
9.6 Vatn, avlaup og renovasjon ....78
9.7 Politisk styring ....83
9.8 Finansielle postar/økonomi ....84




VOSS
bygd for sterke opplevingar

9.9 Grunnskule ....86
9.10 Barnehage ....92
9.11 Barne- og familietenestene ....96
9.12 Helse ....101
9.13 Omsorg ....104
9.14 Sosialtenester ....109
9.15 Kultur og fritid (inkl.kyrkja) ....112
10 Årsrekneskap ....121
10.1 Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd ....121
10.2 Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd ....122
10.3 Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd ....123
10.4 Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd ....125
10.5 Økonomisk oversikt drift etter § 5-6 ....127
10.6 Forskriftsskjema konsolidert rekneskap 2023 ....128
11 Vossabadet og Voss Idrettshall KF ....141

# 1 Rådmann har ordet

Diverre vart resultatet i 2023 betydeleg verre enn venta. Økonomien i norske kommunar er svært pressa. Nesten halvparten av dei norske kommunane gjekk med underskot i 2023 og gjennomsnittleg netto driftsresultat var på 0,8 %. 232 av 356 kommunar måtte tæra på fonda sine i 2023. Det er innan helse og omsorg at kostnadsveksten er høg. Frå 2022 til 2023 vaks utgiftene i sektoren med 11 prosent i Noreg og 10 prosent i Voss herad. Kommunane opplyser at veksten er aller størst når det gjeld brukarar under 67 år med store behov for ressursar og tenester. Utfordringar med bemanning er igjen ein stor drivar for kostnadsveksten.

Me kan håpa på at regjeringa reddar kommunane med litt større overføringar, eller at endringar i inntektssystemet skal gje nokre fleire kroner i kassen. Det er likevel ikkje grunn til å tru at det vil redda den store ubalansen. Det vil heller ikkje redda oss frå det store underliggjande problemet som er mangel på folk. Det er spesielt innan helse og omsorgstenestene dette vil slå hardt ut.

Det er naudsynt at heile organisasjonen mobiliserer for omstilling. Fødselstala går ned, og det blir ein stadig større andel eldre. Talet på yrkesaktive aukar ikkje. Alle sektorar vil oppleva knapphet på arbeidskraft. For helsevesenet blir imidlertid effekten ekstra sterk, sidan den demografiske utviklinga isolert sett skapar auka behov for helsetenester, på toppen av stadig forventning om meir og betre tenester.

Eg vil anbefala heile heradsstyret å lesa helsepersonellkommisjonen sin rapport «Tid for handling» som kom ut i 2023. Den skildrar utfordringane og kjem med framlegg til løysing.




Voss, 21.03.2024
Arild McClellan Steine
Rådmann

**Kommisjonen foreslår seks grep**

*Organisering*: eit fleirtal i kommisjonen foreslår at helse- og omsorgstenestene skal organiserast på eitt nivå, i motsetning til dagens organisering med kommune og helseforetak. Det blir også foreslått at institusjonsstrukturen blir gjennomgått, for eksempel ved at lokalsjukehus og sjukeheim blir sett under eitt.

*Oppgåvedeling*:

- godt folkehelsearbeid gjer innbyggarane betre i stand til eigenomsorg
- betre oppgåvefordeling mellom faggrupper, og meir bruk av fagarbeidar
- kompetansekombinerte stillingar mellom nivå, fagmiljø og sektorar (bi-stillingar)

*Arbeidstidsordning*: heiltidskultur blir framheva som viktig. Eit fleirtal opnar også for gjennomgang av turnus- og arbeidstid, spesielt i forhold til helgevakter.

*Utdanning og kompetanse*: desentralisert utdanning og behov for fagarbeidarkompetanse blir framheva, med betre moglegheiter for karriereutvikling innafor eigen profesjon.

*Prioritering*: all behandling må vurderast opp mot nytteverdien av behandlinga - både i offentleg og privat tenesteyting. Alle nye behandlingsmetodar og tilbod må vurderast opp mot personellbehov.

*Teknologi*: automatisering og digitale løysingar må utviklast og erstatta personellinnsats.

# 2 Økonomisk status og utvikling

Her finn du ei vurdering av korleis den økonomiske situasjonen til Voss herad har utvikla seg og forklaring av utviklinga i finansielle måltal, sentrale inntekter, finanspostar og avsetting til fond. I tillegg finn du ei oppsummering av økonomiske avvik for dei ulike tenesteområda i 2023, og kort skildring av viktige trekk frå rekneskapen 2023.

## 2.1 Økonomisk resultat

Voss herad hadde i 2023 eit større meirforbruk i høve budsjettet, som resulterte i eit negativt netto driftsresultat på 9,3 mill.kr. Tenesteområda har hatt eit høgare utgiftsnivå enn det som var venta i haust 2023. Budsjettert netto driftsresultat var positivt i heile 2023, men i rapport for 2.tertial varsla rådmannen om eit meirforbruk i tenestene på 17,7 mill.kr. Prognosen var soleis eit netto driftsresultat på positive 53,4 mill.kr. Resultatet vart litt over 60 mill.kr dårlegare. Dette skuldast høgare forbruk som det ikkje har vore rapportert om, dyre løysingar ved handtering av fråvær og noko feil i budsjetteringa som var oppdaga for seint på året. Dette gjorde at det ikkje kunne setjast av så mykje som planlagt til disposisjonsfond. Med rekneskapstala som no ligg føre er det brukt ca. 13,3 mill.kr av disposisjonsfond og berre sett av ca. 6,5 mill.kr. Det var planlagt at det skulle setjast av nær 32 mill.kr. På lengre sikt er ikkje dette berekraftig, då me nyttar av reservane våre. Det at me har spart, og bygd opp fondsmidlane våre tidlegare år, gjer at me kan dekka det negative resultatet, slik at årsresultatet vert 0 i 2023.

Økonomisk styring er ein viktig del av styringa av Voss herad. For 2023 har ikkje denne vore på ønska nivå. Det har ikkje vore god nok rapportering av vesentlege avvik, prognosearbeidet har ikkje vore godt nok, leiarane si styring av drifta innafor budsjettrammene har ikkje vore god nok og det er gjort nokre feil i budsjettering som burde vore retta. Det vil jobbast med å betra økonomisk styring framover gjennom ei rekkje tiltak. Når det er sagt så må det også seiast at det er utfordrande å styra økonomien i ein kommune. Det er få verksemder som har den kompleksiteten og breidda i tenester som ein kommune har. Økonomiansvar er fordelt på rundt 90 leiarar som har ansvar for sine avdelingar og område. Det aller meste av inntekter og utgifter er stabilt og kjend, men nokre område er det knytt stor usikkerheit til. I løpet av eit år kan det koma personar som har svært store hjelpebehov, personar sluttar i stillingar og det må leigast inn for dekka behova, det kan oppstå naturhendingar som øydelegg infrastruktur, straumprisar kan skyta i været, innkjøp kan bli vesentleg dyrare enn føresett, det flyttar born til kommunen som treng spesial-pedagogisk støtte el.l. I tillegg har det vore stor usikkerheit kring kor mykje inntekter kommunen har disponibelt. Dei siste åra har det vore usikkerheit til om me bl.a. fekk dekka koronautgifter, prisvekst og kor mykje kraftinntekter me får behalda.

Ein del av endringane som har påverka økonomien negativt er ikkje enkelthendingar, men samfunnsfloker eller trendar som me finn igjen i mange kommunar. Rekrutteringsvanskar, utanforskap, klimaendringar, at fleire unge har store hjelpebehov og knappe ressursar generelt er vanskeleg å styra, men konsekvensane må handterast innafor dei rammene me har.
Voss herad hadde driftsinntekter på 1,9 mrd.kr i 2023. Dette gjev eit godt handlingsrom for å utøva dei mange tenestene og jobba med å løysa samfunnsflokene. Men resultatet frå 2023 viser at me må gjera omstilling for å ha ein økonomi framover der inntektene dekker utgiftene, me kan ha naudsynte reservar til uføresette utgifter og me kan gjera investeringar for framtida.

## 2.2 Finansielle måltal

Økonomiske måltal er eit viktig verktøy for å styra økonomien i kommunen i ønska retning. Måltala er førande for budsjett og økonomiplan, men kan fråvikast einskilde år. Kommunen sine måltal er:

| Måltal | Minimum | Mål | Skildring |
|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 1,75 % | 3 % | Syner om drifta er finansiert av inntektene for perioden. |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter | 6,5 % | 7 % | Syner kor store reservar kommunen har. |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | Ikkje relevant | 65 % | Syner gjeldsgraden, der målsettinga er at denne er stabil over tid. |

### Netto driftsresultat
Netto driftsresultat seier noko om i kor stor grad driftsinntekter dekker driftsutgiftene. Det seier også noko om kva midlar som eventuelt ikkje er nytta i drifta i inneverande år, og som kan setjast av til fond til seinare bruk i driftsrekneskapen eller til finansiering av investeringar. Eit negativt netto driftsresultat gjer at kommunen må bruka meir av fond enn me avset for å koma i balanse. Det er tilrådd av netto driftsresultat bør liggja på 1,75 % av brutto driftsinntekter.
Voss herad fekk eit negativt netto driftsresultat på nær - 9,3 mill.kr i 2023. Dette utgjer ca. - 0,5 % av brutto driftsinntekter. I opphaveleg budsjett var det budsjettert med eit netto driftsresultat på 73 mill.kr (4,3 %), som vart auka til 75 mill.kr (4 %) i revidert budsjett. Hovudgrunnen til at det vart dårlegare enn budsjettert er på grunn av høgare utgifter enn venta på fleire område grunna handtering av ledige stillingar/vakter, nye behov og noko feilbudsjettering av sentral pensjonspost.

### Disposisjonsfond
Disposisjonsfond kan nyttast fritt til ulike føremål og er kommunen sine reserver. Teknisk berekningsutval tilrår at dette bør vera minimum 5 % av driftsinntektene for kommunane i landet. Ved inngangen av 2023 hadde kommunen om lag 93,3 mill.kr kr på disposisjonsfond. På grunn av dårlegare resultat i driftsrekneskapen enn venta, kunne ikkje kommunen setja av så mykje som  planlagd til disposisjonsfond. Reservane vart redusert med nær 7 mill.kr i 2023, og ved utgangen av året var dei nær 86,5 mill.kr. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter utgjer ved utgangen av 2023 4,5 %, og er soleis under tilrådd nivå. Det vart redusert frå 7,7 % i 2021. Dette syner kor sårbar økonomien er for svingingar og at resultat på måltal fort kan endra seg, og reservane bør styrast slik at det held eit berekraftig nivå over tid.

### Lånegjeld
Den totale lånegjelda har auka frå 1 398 383 193 kr ved inngangen av året til 1 483 764 502 kr ved utgangen av 2023. Kommunen har måltal på netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktingar) trekt frå totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlige lån (utlån av egne midler).
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter var 52,4 % ved utgangen av 2022. Voss herad tok opp nytt lån til investeringar i 2023 på 100 mill.kr. Ved utgangen av 2023 har Voss herad ei netto lånegjeld på 983 214 850 kr. I prosent av driftsinntekter på vel 1,9 mrd.kr gjev dette omtrent 51%.

# 2.3 Oppfølging handlingsregler

### Samlet oversikt

| Indikator | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Rekneskap 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter | 2,1 | 2,9 | -1,0 | 4,1 | -0,5 | 2,0 | 1,2 | 2,3 |
| Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter | 58,2 | 53,4 | 52,3 | 51,1 | 50,4 | 70,9 | 71,7 | 72,8 |
| Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter | 4,2 | 7,9 | 5,5 | 6,3 | 4,7 | 6,7 | 8,0 | 10,3 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar | 56 378 | 54 078 | 57 817 | 58 175 | 59 877 | 72 287 | 74 557 | 75 946 |
| Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter | 1,3 | 2,3 | 0,6 | 1,3 | -3,4 | 1,8 | 1,1 | 2,2 |
| Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter | 3,3 | 2,5 | 2,1 | 2,5 | 2,4 | 4,1 | 4,4 | 4,6 |

### Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




| Title -NO | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Rekneskap 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rekneskap | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | -0,5 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Resultat/Budsjett | 2,1 | 2,9 | -1,0 | 4,1 | 0,0 | 2,0 | 1,2 | 2,3 |
| Handlingsregel | 1,8 | 1,8 | 1,8 | 1,8 | 1,8 | 1,8 | 1,8 | 1,8 |

## Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter




| Title -NO | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Rekneskap 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rekneskap | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 50,4 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Resultat/Budsjett | 58,2 | 53,4 | 52,3 | 51,1 | 0,0 | 70,9 | 71,7 | 72,8 |
| Handlingsregel | 65,0 | 65,0 | 65,0 | 65,0 | 65,0 | 65,0 | 65,0 | 65,0 |

## Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter




| Title -NO | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Rekneskap 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rekneskap | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 4,7 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Resultat/Budsjett | 4,2 | 7,9 | 5,5 | 6,3 | 0,0 | 6,7 | 8,0 | 10,3 |
| Handlingsregel | 5,5 | 5,5 | 5,5 | 5,5 | 5,5 | 5,5 | 5,5 | 5,5 |

# 2.4 Sentrale inntekter

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Opph. bud. | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Frie disponible inntekter | | | | | | |
| Rammetilskot | -599 106 | -607 394 | -625 934 | -630 605 | 4 671 | 0,7 % |
| Inntekt- og formuesskatt | -521 118 | -504 300 | -524 300 | -524 443 | 143 | 0,0 % |
| Eigedomsskatt | -76 403 | -77 100 | -92 550 | -88 469 | -4 081 | -4,4 % |
| Andre generelle driftsinntekter | -64 834 | -77 693 | -116 879 | -106 277 | -10 602 | -9,1 % |
| **Sum Frie disponible inntekter** | **-1 261 461** | **-1 266 487** | **-1 359 663** | **-1 349 794** | **-9 869** | **0,7 %** |

**Frie inntekter**
Kommunen sine frie inntekter omfattar skatt og rammetilskot, og er kommunen sine største inntektskjelder. Skatt på inntekt og formue, og rammetilskotet som kjem frå staten er budsjettert med utgangspunkt i statsbudsjett for 2023 og justert i løpet av året etter faktiske forhold.

Rammetilskot er eit tilskot frå staten som i utgangspunktet er fordelt etter innbyggjartal (447 mill.kr i 2023). Det vert deretter korrigert for utgiftsutjamning (kor teoretisk dyr ein kommune er å drifta) (ca.83mill.kr i 2023), særskilde saker (12,5 mill.kr i 2023), inndelingstilskot (19 mill.kr), regionsentertilskot (4,6 mill.kr) og skjønstilskot (6,3 mill.kr). I tillegg har kommunen fått auka rammetilskot og skjønstilskot med 11 mill.kr i tilleggsløyvingar med f.eks revidert nasjonalbudsjett for å dekka prisvekst og andre satsingar. I desember 2022 vart det varsla at kommunar med høge inntekter frå sal av konsesjonskraft ville få trekk i rammetilskot, tilsvarande 87 mill. kr for Voss herad. På nyåret kom det beskjed om at trekket truleg ville bli redusert på grunn av lågare straumprisar. Voss estimerte eit mogleg trekk til 60 mill. kr, og innarbeidde dette i revidert budsjett som vart vedteke av heradsstyret i mars. I revidert nasjonalbudsjett kom ny informasjon om at trekket i rammetilskot er redusert til ca.19,5 mill. kr. I desember 2023 vart det vedteke at kommunane ikkje skulle få trekk likevel og Voss herad fekk utbetalt vel 20 mill.kr i ekstra rammetilskot.  Samla sett fekk Voss nær 583,5 mill.kr i overføringar som rammetilskot og skjønnstilskot i 2023. Dette er om lag 20 mill.kr over budsjett.

I inntektssystemet til kommunane ligg det også omfordeling av skatteinntekter frå dei kommunane som får mykje skatteinntekter til dei som får mindre, inntektsutjamning. I 2023 hadde Voss ein lågare skattevekst enn landet. Voss fekk 46,3 mill.kr i inntektsutjamning. Dette er om lag 17 mill.kr lågare enn budsjettert.

Samla sett fekk Voss herad om lag 630 mill.kr i rammetilskot og inntektsutjamning frå staten, nær 5 mill.kr meir enn budsjettert. Kommunen budsjetterte med inntekt frå skatt og formue på nær 504 mill.kr i 2023 i opphavleg budsjett, som vart auka til 524 mill.kr i løpet av året, og dei faktiske inntektene landa på budsjettert nivå. Denne skatten kjem i hovudsak frå privatpersonar. Landet hadde ein skattenedgang på 4,7 % medan Voss hadde ein vekst på 1 % samanlikna med 2022. Nedgangen for landet har samanheng med at skatteinntektene var ekstraordinært høge for 2022.




## Eigedomsskatt

Voss herad skriv ut eigedomsskatt til om lag 11.000 eigedomar. Av desse har om lag 6.500 av eigedomane kommunalt fastsett takst, medan om lag 4.500 får utskrive eigedomsskatt basert på skattegrunnlag frå Skatteetaten. Inntekter frå eigedomsskatt var budsjettert med føresetnader om skattesats for bustader og fritid på 2,1 promille, og 7 promille på næringseigedom. Voss herad tok i 2023 inn samla 88,5 mill.kr i eigedomsskatt. Dette fordeler seg på 31,6 mill.kr frå vasskraft, 39,4 mill.kr frå bustader og fritidseigedomar, samt 17,2 mill frå anna næringseigedom.

Budsjett for 2023 var 92,25 mill.kr. Rekneskapen viser ei mindreinntekt på totalt ca 4,1 mill. kr målt mot budsjett, noko som i all hovudsak skuldast at det vart budsjettert 5,8 mill.kr for høgt på næringseigedom. Eigedomsskatt frå vasskraft vart 0,9 mill.kr over budsjett, medan eigedomsskatt frå bustad og fritidseigedom vart ca 0,8 mill.kr over budsjett. Voss herad tok inn 12 mill.kr meir i eigedomsskatt i 2023 samanlikna med 2022.

## Integreringstilskot

Andre generelle statstilskot er i hovudsak integreringstilskot for flyktningar. Nivået på tilskot til flyktningar vert sterkt påverka av tal flyktningar me mottek for busetjing og integrering. Det var i utgangspunktet budsjettert med 53,2 mill.kr i integreringstilskott, som vart auka til 92,4 mill.kr i løpet av året etter auka anmoding om å ta i mot flyktningar frå Ukraina. Voss herad fekk 78,1 mill.kr i i integreringstilskott i 2023. Grunnen til at det vart lågare enn budsjett er at det kom færre flyktningar enn me trudde, 130 mot anmodning om 170.  6,4 mill.kr av desse er sett av på disposisjonsfond til framtidige utgifter.

## Økonomiske effektar av kraftproduksjon i Voss herad

Voss herad har store inntekter frå kraftproduksjon i heradet. Desse inntektene kjem direkte frå sal av konsesjonskraft, avgifter og skattar, samt indirekte gjennom eigarskap i kraftselskapa Voss Energi og Eviny. Ein del av konsesjonskrafta vert også nytta til å dekka eige forbruk, noko som gjev lågare straumutgifter på heradet sine føremålsbygg.

Verdien av kraftproduksjon har auka mykje dei siste åra, noko som har gjeve heradet store ekstrainntekter. Totalt hadde Voss herad inntekter frå kraftproduksjon i heradet på ca 168,4 mill.kr i 2023.

Dette var om lag som budsjettert.

| | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|
| Kjøp konsesjonskraft | 9 620 265 | 9 282 000 |
| Sal konsesjonskraft | -52 507 071 | -101 100 000 |
| Finansiell sikring sal konsesjonskraft | -45 498 027 | |
| Verdi eigen bruk konsesjonskraft | -6 379 528 | |
| **Nettoverdi konsesjonskraft** | **-94 764 361** | **-91 818 000** |
| | | |
| Eigedomsskatt vasskraftanlegg | -31 853 746 | -30 950 000 |
| Naturressursskatt | -14 376 229 | -12 600 000 |
| | | |
| Utbytte Voss Energi | -15 400 000 | -15 400 000 |
| Utbytte Eviny | -11 975 580 | -11 900 000 |
| | | |
| **Sum verdi av kraftproduksjon** | **-168 369 916** | **-162 668 000** |

Konsesjonskraft
Voss herad har totalt 70,503 GWh med konsesjonskraft. Av desse vert 63,463 GWh seld i marknaden til inntekt for heradet. Voss herad nyttar ekstern kraftmeklar for å handtera dette. Dei resterande 9,04 GWh vert nytta til å dekkja mykje av eige forbruk, noko som gjev heradet låge straumkostnader samanlikna med om heradet hadde måtte kjøpt krafta til vanlege marknadsvilkår.
Inntektene frå konsesjonskraft som er seld til inntekt for heradet fordeler seg på ca 52,5 mill.kr frå sal av kraft, samt ca 45,5 mill.kr frå finansielle sikringar av kraftprisen. Heradet betalte ca 9,6 mill.kr for konsesjonskrafta. Voss herad oppnådde soleis i 2023 ei nettoinntekt på sal av konsesjonskraft på ca 88,4 mill.kr, mot budsjett på ca 91,8 mill.kr. Til samanlikning var dei årlege gjennomsnittsinntektene frå sal av konsesjonskraft ca 9,8 mill.kr netto i perioden 2016-2021.
Verdien av reduserte straumutgifter knytt til eigen bruk av konsesjonskraft er for 2023 estimert til ca 6,4 mill.kr. Summen av sal og eigeforbruk av konsesjonskraft utgjer soleis ca 94,8 mill.kr i 2023.

Eigedomsskatt
Kraftprodusentane i Voss herad betaler eigedomsskatt på kraftproduksjonen. Heradet hadde ca 31,8 mill.kr i inntekter i eigedomsskatt direkte knytt til kraftproduksjon. Budsjett var ca 31,0 mill.kr. Eigedomsskatt på linjenett, samt andre skatteobjekt som kraftselskapa eig i Voss herad er rekna som skatt på næringseigedom, og inngår ikkje i tala over.

Naturressursskatt
Voss herad mottak i 2023 ca 14,4 mill.kr i naturressursskatt frå kraftproduksjon i heradet. Budsjett var 12,6 mill.kr. Naturressursskatt er ein fast øreskatt på produsert kraft. Auka skatt kjem av auka produksjon hjå kraftprodusentane i heradet.

Utbytte
Voss herad fekk i 2023 utbytte frå kraftselskapa Voss Energi og Eviny på totalt ca 27,4 mill.kr. Dette var på nivå med budsjett. Voss Energi gav utbytte på 15,4 mill.kr medan Eviny gav utbytte på ca 12,0 mill.kr. Utbytte frå kraftselskapa Voss herad har eigarskap i har auka dei siste åra som ein fylgje av at auka kraftprisar har gjeve auka utbyttekapasitet i kraftselskapa.

Oppsummert
Kraftprisen auka mykje i 2021 samanlikna med tidlegare år, og nådde i periodar svært høgt nivå både i 2021, 2022 og 2023. Prisnivået fall ein del igjennom 2023, og ser no ut til å ha etablert seg på eit lågare nivå samanlikna med toppåra 2021 og 2022, men på eit klart høgare nivå enn i perioden før 2021. At prisnivået har etablert seg på eit høgare nivå heng saman med forventing om høgare brensel- og CO2-prisar i åra framover, kombinert med ein forventa svakare kraftbalanse. Nedgang i kraftbalanse skuldast forventningar om kraftig forbruksvekst utan at tilsvarande ny produksjonskapasitet kjem til. Geopolitisk risiko gjev i tillegg stor usikkerheit rundt framtidig kraftpris. Voss herad har hatt store ekstraordinære inntekter som fylgje av den høge kraftprisen. Heradet kan ikkje forventa inntekter på slike nivå i åra framover.

## 2.5 Finansinntekter og -utgifter

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Opph. bud. | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Finansinntekter/-utgifter | | | | | | |
| Renteinntekter | -21 592 | -26 279 | -26 279 | -34 154 | 7 875 | 30,0 % |
| Utbytte | -14 992 | -17 300 | -27 300 | -27 376 | 76 | 0,3 % |
| Renteutgifter | 22 155 | 43 600 | 47 600 | 49 923 | -2 323 | -4,9 % |
| Avdrag på lån | 52 122 | 51 400 | 51 400 | 57 569 | -6 169 | -12,0 % |
| **Sum Finansinntekter/-utgifter** | **37 692** | **51 421** | **45 421** | **45 963** | **-542** | **-1,2 %** |

Voss herad hadde i 2023 eit negativt avvik på omtrent 0,5 mill.kr i forhold til budsjett på netto finansposter. Målt mot budsjett har både renteinntekter og rentekostnadar vore høgare enn budsjettert.

Året 2023 har vore prega av fortsatt høg inflasjon og stigande styringsrenter både i Noreg og internasjonalt. I løpet av 2023 har Norges bank heva styringsrenta frå 2,75 % til 4,5 %. Den høge prisveksten har avtatt noko igjennom året, men ligg fortsatt over målet på 2,0 %. Norges Bank sine prognosar tilseier at styringsrenta no er tilstrekkeleg høg for å få inflasjonen tilbake til ynskt nivå. Marknadsrentene har også auka igjennom året. Spesielt gjeld dette i det korte rentebilete. På litt lenger sikt tilseier rentemarknaden at rentenivået vil gå noko ned i åra framover, men rentenivået vil fortsatt ligga på eit høgt nivå samanlikna med dei siste åra. Marginpåslaget som kommunane må betala på sine innlån har gått marginalt ned igjennom 2023.

Ved utgangen av 2023 hadde Voss herad ei vekta gjennomsnittsrenta på sine innlån på 4,10 %. Til samanlikning var tilsvarande rente 2,33 % ved utgangen av 2022 og 1,05 % ved utgangen av 2021. Porteføljesamansetninga gjer at heradet sine innlånskostnader vil avvika frå den generelle endringa i rentenivå.

Totalt hadde heradet renteutgifter på 49,9 mill.kr i 2023, noko som er 2,3 mill.kr meir enn budsjettert.

Innskotsrenta til kommunen fylgjer marknadsrentene tett, noko som gjer at kommunen har fått høgare renteinntekter enn budsjettert i 2023. Totalt hadde heradet renteinntekter på ca 34,2 mill.kr i 2023, noko som er ca 7,9 mill.kr meir enn budsjettert.

Voss herad har betalt ca 6,2 mill meir i avdrag enn budsjettert. Betalt avdrag er ca 14,3 mill.kr høgare enn kommunelova sitt krav til minimumsavdrag.

## 2.6 Kommentar til avvik på tenesteområda

Resultatet totalt sett for heradet er vesentleg dårlegare enn forventa, og fleire av tenesteområda har store meirforbruk i høve budsjett.
Avvika er forklart meir i detalj under kapittel om kvart tenesteområde. Nedanfor er det lagt fram ei samla oversikt.

| | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Rev. budsjett 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon og leiing | 87 131 | 91 036 | 92 562 | 88 998 | 3 564 |
| Plan, næring og forvalting | 39 769 | 27 945 | 29 120 | 29 073 | 47 |
| Samferdsel | 37 107 | 27 348 | 35 340 | 34 948 | 392 |
| Eigedom og bustad | 21 159 | 36 231 | 38 710 | 26 413 | 12 297 |
| Brann og ulukkesvern | 15 435 | 14 357 | 15 350 | 16 350 | - 1 000 |
| Vatn, avlaup og renovasjon | - 4 413 | - 12 654 | - 11 463 | - 18 230 | 6 767 |
| Politisk styring | 7 244 | 10 327 | 10 399 | 10 122 | 277 |
| Finansielle postar/økonomi | - 110 349 | -142 481 | -178 981 | -179 456 | 475 |
| Grunnskule | 289 308 | 259 948 | 281 473 | 315 205 | - 33 733 |
| Barnehage | 160 660 | 163 031 | 174 260 | 181 082 | - 6 822 |
| Barne- og familietenestene | 92 771 | 80 897 | 110 605 | 110 764 | - 159 |
| Integrering og vaksenopplæring | 15 753 | 8 181 | (lagt under barne og fam.tenestene) | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Helse | 59 212 | 52 757 | 58 521 | 67 652 | - 9 131 |
| Omsorg | 426 854 | 410 578 | 429 392 | 474 127 | - 44 735 |
| Sosialtenester | 61 265 | 54 806 | 76 866 | 83 618 | - 6 752 |
| Kultur og fritid (inkl.kyrkja) | 51 027 | 53 795 | 67 478 | 64 272 | 3 206 |
| **Sum løyvingar drift, netto** | **1 234 178** | **1 127 921** | **1 229 631** | **1 304 938** | **- 75 306** |

**Administrasjon og leiing** har eit mindreforbruk i på lønsutgifter i stab og unytta klimamidlar.

**Plan, næring og forvaltning** er så og seie på budsjettnivå.

**Eigedom og bustad** har eit positivt avvik på litt over 12 mill.kr. Dette er stort sett grunna rekneskapsføring på andre teneste. Det har i tillegg kome inn langt meir enn budsjettert på husleigeinntekter frå flyktningar i kommunale bustader.

**Vatn, avlaup og renovasjon** har eit positivt avvik på vel 6,7 mill.kr grunna lågare straumutgifter og lågare vedlikehaldsutgifter enn budsjettert.

**Finansielle postar/økonomi** har ikkje vesentleg avvik frå budsjett.

**Grunnskule** har eit vesentleg meirforbruk på 33,7 mill.kr. Dette er knytt til lønsutgifter, husleige, kjøp av tenester og lisensar. Det er store behov innan spesial-pedagogikk, og to-til-ein og ein-til-ein undervisning gjer at utgiftene aukar. Om lag 4 mill.kr er sentrale pensjonsutgifter.

**Barnehage** har negativt avvik på 6,8 mill.kr. Dette skuldast i hovudsak avvik på sentral pensjonspost og noko meirutgifter på lønsutgifter.

**Barne- og familietenestene** er omtrent på budsjettnivå for 2023. Det er likevel vesentlege avvik på fleire tenester, som barnevernstiltak utanfor familie og helsesjukepleie.

**Integrering og vaksenopplæring** er inkludert i tenesteområde Barne- og familieteneste frå haust 2023.

**Helse** har eit meirforbruk på vel 9 mill.kr grunna innleige av vikarar, overføring til sjukehus for drift av legevaktsentral, medikament og utstyr.

**Omsorg** har eit meirforbruk på over 44,7 mill.kr etter 2023. Dette skuldast i hovudsak overtid, innleige og kjøp av tenester frå eksterne leverandørar. Omtrent 12 mill. kr av avviket er relatert til pensjon.

**Sosialteneste** har eit negativt avvik på om lag 6,7 mill.kr knytt til sosial stønad og husleige. Bustadsituasjonen på Voss, høg prisvekst, auke i tal flyktningar som er avhengig av sosial stønad og det at me ikkje har fått mange nok ut i arbeid er nokre av grunnane til meirforbruk på sosial stønad.

**Kultur og fritid** har eit større mindreforbruk grunna lågare aktivitet og ledige stillingar.

Generelt sett har utgifter med å handtera ledige stillingar og fråvær ført til meirutgifter i fleire tenesteområde, men spesielt innan Helse og Omsorg. Under ei oversikt over utvikling i utgifter med innleige frå 2020 til 2023 som viser at dette har tredobla seg.




## 2.7 Pensjon

Pensjonskostnaden vart høgare enn det me hadde budsjettert med i opphavleg budsjett. Prognosen som vart levert i haust synte ei vesentleg auke i reguleringspremien grunna lønsoppgjer og trygdeoppgjer. Stor forskjell mellom estimert pensjonspremie og reguleringspremie gjev eit premieavvik. Premieavviket skal fordelast (amortiserast) over to år. Det skal inn med negativt forteikn i aktuelt år dersom reguleringspremien vert høgare. Og det skal rekneskapsførast med positivt forteikn neste år. Voss herad hadde budsjettert med eit høgt premieavvik i 2023. I budsjettet låg dette for høgt og det var eit avvik på sentrale pensjonsposter på vel 41 mill.kr.

Sjølv om avviket totalt sett for kommunen ikkje er veldig stort (i forhold til storleiken på utgifter til pensjon), har nokre tenesteområde vesentlege avvik på pensjon. Dette er grunna ulik praksis mellom budsjettering og rekneskapsføring av pensjon.

I oversikta nedanfor er avvika på sentrale budsjettpostar vist med korleis det slår ut på dei ulike tenesteområda: (negativt forteikn = meirforbruk, positivt forteikn = mindreforbruk).

| Tenesteområde | Rev. budsjett 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Administrasjon og leiing | 2 265 375 | 5 223 095 | -2 957 720 |
| Grunnskule | 3 975 402 | 7 859 273 | -3 883 871 |
| Barnehage | 4 696 572 | 10 833 994 | -6 137 422 |
| Barne- og familietenestene | 1 673 675 | 4 154 452 | -2 480 777 |
| Helse | 1 643 698 | 4 007 921 | -2 364 223 |
| Omsorg | 12 556 493 | 34 713 104 | -22 156 611 |
| Sosialtenester | 861 196 | 1 994 672 | -1 133 476 |
| Kultur og fritid (inkl.kyrkja) | 972 423 | 2 239 770 | -1 267 347 |
| Plan, næring og forvalting | 683 048 | 1 574 137 | -891 089 |
| Samferdsel | 367 093 | 834 253 | -467 160 |
| Eigedom og bustad | 1 052 626 | 2 417 455 | -1 364 829 |
| Brann og ulukkesvern | 511 366 | 1 184 649 | -673 283 |
| Vatn, avlaup og renovasjon | 668 685 | 1 533 907 | -865 222 |
| Politisk styring | 72 348 | 174 005 | -101 657 |
| Finansielle postar/økonomi | -90 500 000 | -95 568 950 | 5 068 950 |

Av tabellen ser ein at effekten av premieavviket slår mest ut for Omsorg med vel 22 mill.kr i negativ påverknad og Grunnskule med nesten vel 6 mill.kr. Samtidig har Omsorg eit mindreforbruk på pensjonsposter på 10,5 mill.kr som skuldast at pensjonskostnadene for dei enkelte einingane vart lågare enn estimert.

Ser me på alle pensjonspostar, sentralt og dei ulike tenestene, har Voss herad eit negativt avvik på 25,5 mill.kr som slår negativt ut i rekneskapen. Det er vanskeleg å laga eit realistisk budsjett på pensjonspostar i eit tid med høge lønsoppgjer, endringar i pensjonsordningar og der me også har vanskar med å få tak i folk.

## 2.8 Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Opph. bud. | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Avsetnader og bruk av avsetnader | | | | | | |

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Opph. bud. | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Overføring til investering | 35 189 | 47 400 | 66 166 | 5 466 | 60 700 | 91,7 % |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 7 390 | 6 000 | 6 000 | 10 143 | -4 143 | -69,0 % |
| Bruk av bundne driftsfond | -23 165 | -8 906 | -8 906 | -9 907 | 1 001 | 11,2 % |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 15 851 | 69 041 | 31 841 | 6 453 | 25 388 | 79,7 % |
| Bruk av disposisjonsfond | -45 675 | -26 390 | -10 491 | -13 262 | 2 771 | 26,4 % |
| **Netto avsetnader** | **-10 409** | **87 145** | **84 610** | **-1 107** | **85 717** | **101,3 %** |

Tabellen syner budsjettert og rekneskapsført bruk og avsetting av midlar på fond, og overføring til investering. Sistnemnde gjeld bruk av driftsmidlar i investeringsbudsjettet, og kan vera midlar frå ulike fond, frå drift eller tilskot. I revidert budsjett var det planlagt å overføra 66 mill.kr til investeringar. Ein del av dette var kraftinntekter. Når Voss herad fekk så store meirforbruk i tenesteområda så har midlane heller gått til å dekka dette. Det var difor berre rekneskapsført nær 5,5 mill.kr i overføring til investering.

Ettersom netto driftsresultat for 2023 vart negativt, måtte me etter rekneskapsreglane “stryka” avsettingar til fond. Det vart berre avsett 6,4 mill.kr, medan det vart brukt 13,3 mill.kr. Midlar på dsposjonsfond vart altså redusert i 2023.

# 3 Investeringar

## 3.1 Status investering og finansiering (2A)

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 223 360 | 314 263 | 202 857 | 172 315 | 30 542 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 422 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 3 169 | 3 400 | 3 466 | 3 493 | -27 |
| Utlån av eigne midlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 742 | 0 | 0 | 797 | -797 |
| **Sum investeringsutgifter** | **227 692** | **317 663** | **206 323** | **176 605** | **29 719** |
| | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -35 581 | -46 168 | -35 028 | -26 985 | -8 043 |
| Tilskot frå andre | -30 293 | -10 000 | -30 035 | -25 708 | -4 327 |
| Sal av varige driftmiddel | -1 824 | 0 | -1 138 | -4 180 | 3 042 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -116 976 | -214 095 | -72 732 | -111 595 | 38 863 |
| **Sum investeringsinntekter** | **-184 674** | **-270 263** | **-138 933** | **-168 468** | **29 535** |
| | | | | | |
| Vidareutlån | 20 087 | 35 000 | 60 000 | 66 418 | -6 418 |
| Bruk av lån til vidareutlån | -20 087 | -35 000 | -60 000 | -66 418 | 6 418 |
| Avdrag på lån til vidareutlån | 13 261 | 11 200 | 11 200 | 12 188 | -988 |
| Mottatte avdrag på vidareutlån | -16 886 | -11 200 | -11 200 | -21 692 | 10 492 |
| **Netto utgifter vidareutlån** | **-3 624** | **0** | **0** | **-9 504** | **9 504** |
| | | | | | |
| Overføring frå drift | -35 189 | -47 400 | -66 166 | -5 466 | -60 700 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 6 086 | 0 | 0 | 10 114 | -10 114 |
| Bruk av bundne investeringsfond | -565 | 0 | -1 224 | -1 224 | 0 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | 304 | 0 | 0 | 1 968 | -1 968 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -10 029 | 0 | 0 | -4 025 | 4 025 |
| Dekning av tidlegare års udekka beløp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | **-39 394** | **-47 400** | **-67 390** | **1 367** | **-68 757** |
| | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## 3.2 Status investeringar (2B)

### 1. Investeringar i varige driftsmidlar

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon og leiing | 1 390 | 1 875 | 1 875 | 2 428 | -553 |
| Plan, næring og forvaltning | 1 937 | 2 500 | 2 000 | 303 | 1 697 |
| Samferdsel | 31 738 | 20 875 | 30 050 | 29 626 | 424 |
| Eigedom og bustad | 25 152 | 18 000 | 7 557 | 12 018 | -4 461 |
| Brann og ulukkesvern | 646 | 19 700 | 9 700 | 7 718 | 1 982 |
| Vatn, avlaup og renovasjon | 22 324 | 93 750 | 23 850 | 21 520 | 2 330 |
| Grunnskule | 94 955 | 105 750 | 104 688 | 82 596 | 22 091 |
| Barnehage | 1 229 | 22 000 | 3 000 | 3 403 | -403 |

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Barne- og familietenestene | 788 | 1 500 | 0 | 0 | 0 |
| Helse | 341 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Omsorg | 38 081 | 9 875 | 13 150 | 7 555 | 5 595 |
| Sosialtenester | 1 120 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kultur og fritid (inkl.kyrkja) | 3 659 | 18 438 | 6 988 | 5 148 | 1 839 |
| **Investeringar i varige driftsmidlar** | **223 360** | **314 263** | **202 857** | **172 315** | **30 542** |

## 2. Tilskot til andre sine investeringar

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Stedskaping Evanger | 422 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Tilskot til andre sine investeringar** | **422** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## 3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Eigenkapitaltilskot KLP | 3 169 | 3 400 | 3 466 | 3 466 | 0 |
| Dummy prosjekt - Investeringar | 0 | 0 | 0 | 27 | -27 |
| **Investeringar i aksjar og andelar i selskap** | **3 169** | **3 400** | **3 466** | **3 493** | **-27** |

## 4. Utlån av eigne midlar

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Utlån av eigne middel** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | | |
| **Sum del 1-4** | **226 950** | **317 663** | **206 323** | **175 808** | **30 516** |

## 3.3 Status investeringsprosjekt

| *Beløp i 1000* | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| **Investering** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Kommentar** |
| Aktivitetsparken - barnepark | 2 200 | 2 107 | Voss herad ferdigstilte prosjektet til Voss cup 2023, eit prosjekt som vart starta opp i 2022. Arbeidet i 2023 inkluderer grunnarbeid, bygging og montering av leikeapparat samt ljossetjing av leikeparken og opparbeiding av plen vest for leikeparken. |
| Aktivitetsparken - del 2 amfi | 250 | 240 | Prosjektet var i hovudsak ferdig i 2022. Kostnadane gjeld noko restarbeid i høve infrastruktur som stod att. Prosjektet er no ferdig utført. |
| Aktivitetstorg oppgradering | 0 | 213 | Det vart utarbeida eit skisseprosjekt for Aktivitetstorget (To torg) av Østengen og Bergo i 2022. På bakgrunn av dette vart det sett av 2 mill i økonomiplanen for 2023 til forprosjekt og etablering av nedgravde søppeldunkar. Arbeidet med forprosjekt starta opp i september 2023. Etablering av søppelhandtering er ikkje kome på plass, då me har fått prosjekt 6335 Servicebygget til omarbeiding. Prosjekta heng tett saman, og før me kan etablere tiltak på Aktivitetstorget må ny løysing for Servicebygget vera på plass. Dei 2 mill til infrastruktur søppel er såleis ikkje nytta i 2023, og er difor overført til 2024. Det er brukt kr.190.000 i konsulentmidlar til forprosjekt i 2023, desse er dekka gjennom driftmidlar i POU. Aktivitetstorget skal lysast ut som totalentreprise saman med servicebygget i mars 2024. Arbeidet med etablering av torg vil starte etter gjennomført Voss cup og Ekstremsportveko, i samråd med totalentreprenør. Målet er å gjennomføra bygging av Aktivitetstorg og nytt Servicebygg i 2024/2025. Prosjekta skal stå klare til Voss cup og badesesongen 2025. |
| Bergsli- og kyrkjeparken oppgradering | 150 | 126 | For å aktivisera Bergsliparken/Kyrkjeparken som ein viktig offentleg park skal det opparbeidast ein grusa gangsti som styrker forbindelse mellom Holbergplassen/Uttrågata og området kring torget. Prosjektet inneheld òg noko utemøblering. Bruket arkitektur har teikna prosjektet, etter å ha vunne ein minikonkurranse i 2022. Det er søkt om byggeløyve. Då området ligg tett på freda kulturminne er søknaden vidaresendt Vestland Fylkeskommune for uttale frå kulturminneavdelinga, og ein ventar på svar derfrå før prosjektet kan realiserast. |
| Bilar helse og omsorg | 4 125 | 1 932 | Delar av budsjettet til bilar som låg innafor helse og omsorg på 3,3 mill kr var løyvd til meirkostnad ved overgang til el-bil for heile heradet. I 2021 og 2022 hadde avdeling helse og omsorg 1,84 mill kr medan 2,5 mill kr skulle gå til el-bil. Avdelinga brukte 1 mill kr på 3 el-bilar og 0,9 mill kr på andre biltypar. |
| Bilkjøp avdeling Bygg og eigedom | 992 | 368 | Det er fornya med 1 bil i 2023 til handverkarane ved avdeling bygg og eigedom. |
| Bjørkemoen utbetring veg/VA | 4 000 | 5 159 | Arbeidet med opprustning av vegen vart fullført i 2023. Står att å montera opp gateljos. |
| Bokbuss | 1 800 | 0 | Avtalen om ny el-bokbuss vart signert hausten 2023, den skal leverast hausten 2025. |
| Brannvern mannskapsbilar og tankbilar | 4 700 | 1 084 | Budsjettet omfattar utskifting og investering i 3 køyretøy i 2023; A) Ny varebil beredskap, løyvd 0,5 mill, netto kostnad etter innbyte 0,4 mill. B) Utskifting av av bil feiing/utrykning, netto kostnad omlag kr 0 som følgje av unntak frå eingongsavgifta. C) Ny mannskapsbil 2 til utrykking løyvd 4,2 mill. Køyretøyet er no på fabrikk i Polen, for montering av påbygg. Bilen er venta levert medio |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | 2024, her har det vore fleire forseinkingar. Det må også monterast nytt Locus navigasjonsystem i bilen. Det er venta at alle midlane vert nytta i 2024. |
| Brynalii vegforsterking-o.v. | 3 400 | 4 026 | Siste rest av arbeidet i Brynalii. Arbeidet vart ferdig utført i 2023. I løpet av 2024 vil det koma refusjon frå KVEIK AS som vil redusera det mellombelse meirforbruket på prosjektet. Vestland fylkeskommune har bidrege med 1 mill kr i trafikksikringsmidlar til gangfelt og fortau. Prosjektnr 6468 "Utbyggingsavtale Brynalii 102 politistasjonen" må sjåast i samanheng med prosjektnr 6892 "Brynalii vegforsterking-o.v." (overvatn). |
| Brynavollen anleggsavd bygg/eigedom | 325 | 321 | Utskifting av porter til kommunalt bygg på Brynavollen, som medfører innsparing av energi ENØK. |
| Bulken skule - ballbinge | 0 | 1 151 | I 2023 er det etablert ny ballbinge og ballbane ved Bulken skule. Prosjektet er finansiert med kr 215.000 frå Sparebankstiftinga, kr 635.000 i spelemidlar og resten dekka frå innsamla midlar. |
| Bustad Nyresvegen | 0 | 4 191 | Nybygd leilegheit vart ferdigstilt i 2023, og overlevert til Voss herad ved avdeling Bygg og eigedom. |
| Bustad Vetleflaten 1F oppgradering | 250 | 306 | Vetleflaten bustadfløy 1F - oppussing og oppgradering av 5 enkle og 2 doble husvære. Oppgradering av alle overflater og tekniske anlegg i bustader og fellesareal, tilrettelegging for velferdsteknologi. Det er mottatt støtte frå Husbanken til prosjektet. Det vert jobba vidare med prosjektering fram til utlysing av entreprenør. Byggearbeida vert sett i gang når entreprenør er på plass. |
| Bømoen reserve vassverk | 1 250 | 579 | Prosjekteringsarbeidet er i full gang med planlagt byggjestart til etter ferien 2024. |
| Cat 325F gravemaskin | 4 400 | 4 374 | Innkjøp av ny gravemaskin til anleggsavdelinga i 2023. Gamal maskin vart skifta ut gjennom innbyte. |
| Dagsturhytte | 0 | 273 | Arbeid med grunn og fundament vart utført i juli 2022, deretter vart hytta montert og overteke i slutten av november. Når snøen var smelta i mai 2023 tok ein opp att arbeidet med overflatebehandling innvendig, samt bygging av utvendige rampar for å fanga opp terrenghøgda rundt hytta. Det var førebudd med fundament og kummar for å etablera ein utedo med god kapasitet, som vart flogen på plass i juni. Prosjektet har ikkje hatt uhell som har førd til fråvær. Prosjektet vart ferdigstilt og opna sommaren 2023. Utover hausten 2023 viste det seg at deler av vegen går i oppløysing grunna auka bruk til fots og på sykkel, ein vil difor gå igang med nokre utbetringar med grøft og drenering, samt plankesti på utsette stadar våren 2024. |
| Datasenter 2027 | 0 | 1 002 | Det var budsjettert med 1,5 mill + mva i opprinneleg budsjett 2023 til digital infrastruktur i form av nettverk, lagring og digitale samhandlingsrom (prosjektnr 4702 Felles IT anlegg). Det er investert i ny lagringsløysing til datasenter (prosjektnr 4706 Datasenter 2027) og naudsynt oppgradering av trådlaust nettverk (prosjektnr 4523 Nettverk 2025) som planlagt. |
| Digitalisering kino (inv) | 1 375 | 629 | Ny kinoprosjektor er kome på plass i 2023. |
| Diverse anleggsmaskiner | 1 500 | 2 512 | Kjøp av maskiner/utstyr til driftsavdelinga til bruk i tenesteområde samferdsel (vedlikehald og utbetring kommunale vegar sommar/vinter) og tenesteområde vatn, avlaup og renovasjon. I 2023 er det kjøpt inn to bilar (0,6 mill tenesteområde vatn, avlaup og renovasjon, i tillegg til 0,4 mill til elektrisk varebil til bilverkstaden på tenesteområde administrasjon og leiing). I tillegg er det etablert og sett i drift solcelleanlegg på kommunalt bygg på Brynavollen, til 1,5 mill kr inkl mva (tenesteområde samferdsel). |
| DUMMY-P-1 | 0 | 27 | |
| Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe ved-anlegg | 1 500 | 917 | Voss herad er ferdig med trinn 1 på prosjekt 6817 Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe veg-anlegg. Arbeidet med trinn 2 av vegen har planlagt oppstart i 2024. Kommunen har eit samarbeid med Tendranett/Voss energi for omlegging av høgspentkabel i området. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | Denne må leggjast om før prosjektet kan halda fram. Vert finansiert gjennom kommunen si eiga løyving til generell veginvestering/vegpakke. |
| Eigenkapitalinnskot KLP | 3 466 | 3 466 | Eigenkapitalinnskot i KLP. Forventa nivå for 2023 var 3,4 mill. kr, og reelt beløp vart kr 3.466.324. |
| Finnesvegen - Eskelandsvegen trafikksikringstiltak | 7 375 | 3 660 | Arbeidet er ferdig utført. Har motteke kr 755.000 i trafikksikringsmidlar til prosjektet. Utbyggjar ved Husflidskulen skal bidra med kontantbidrag når dei set i gong arbeidet. 1/3 seinast 3 mnd etter igangsettingsløyve. Totalt er bidraget på 3,25 mill kr. |
| Flaumforeb. tiltak i Vossavass | 300 | 295 | Innkjøp av straumaggregat som kan nyttast på kritisk infrastruktur og aktuelle formålsbygg ved særskilte hendingar. |
| Flaumsikring Elvegata | 2 000 | 0 | Ny gangbru langs Vosso. Forventa oppstart i 2024. Tingingar pågår med VESTBO AS med avklaring om kor mykje dei skal bidra med i prosjektet. |
| Flaumsikringstiltak utsette bygg | 3 125 | 3 218 | Flaumførebyggande tiltak på utsette bygg som vart råka etter flaumen nov 22. Juni 2023 vart det søkt om i overkant av tilskot til utvendig områdesikring av dei sentrale kommunale bygga Voss kulturhus, Voss tinghus, Voss ungdomsskule og Voss idrottshall. Svar på søknaden er venta i første halvdel av 2024. Kulturhuset: Laga tilstakskort som er spesifikke for dette bygget som vert fortløpande revidert. Montert tilbakeslag ventil på spillvannsledning for å unngå spillvatn inn i slukar og toalett i samband med flaum. Fått levert flaumveggar, planlagt å utføra tilpassing våren 24 av underlag som gjer det mogeleg å montera veggane rasjonelt og sikkert. Planlagt å etablera pumpe kummar bak flaumvegg, med permanente pumper for å halda vann standen under golvnivå. Auka opp pumpe kapasitet med eigne pumper til dette bygget, men kan nyttast til andre oppdrag utanom flaumperiodar. Planlagt sikker straumforsyning i direkte frå voss Energi sin kabel for å drifta pumper. Heva teknisk infrastruktur inne i bygget, samt etablert flaumvegg i kinosal med tilhøyrande bjelke stengsel og pumpesynk.  Tinghuset: Laga tilstakskort som er spesifikke for dette bygget som vert fortløpande revidert. Planlagt og fått levert flaumveggar til garasje inngangen. Montert tilbakeslagsventil på overvann og spillvannskum. Montert permanente pumper med tilhøyrande røyrleidning ut frå bygget. Auka opp pumpe kapasitet med eigne pumper til dette bygget, men kan nyttast til andre oppdrag utanom flaumperiodar. Planlagt sikker straumforsyning i direkte frå voss Energi sin kabel for å drifta pumper. Heva teknisk infrastruktur inne i bygget.  Ungdomskulen spesialromsfløyen (Ventilasjonsrom): Laga tilstakskort som er spesifikke for dette bygget som vert fortløpande revidert. Montert permanente pumper med tilhøyrande røyrleidning ut frå bygget. Planlagt sikker straumforsyning i direkte frå Voss Energi sin kabel for å drifta pumper. Heva teknisk infrastruktur inne i bygget.  Idrettshallen: Laga tilstakskort som er spesifikke for dette bygget som vert fortløpande revidert. Fått levert flaumveggar, planlagt å utføra tilpassing våren 24 av underlag som gjer det mogeleg å montera veggane rasjonelt og sikkert. Vurdera om ein skal gjera tiltak med pumpe kum og  eigne pumper. Planlagt sikker straumforsyning i direkte frå Voss Energi sin kabel for å drifta pumper. Heva teknisk infrastruktur inne i bygget. |
| Giljavegen forsterking | 900 | 1 089 | Arbeidet med vegen var i hovudsak utført i 2022. Siste rest med asfaltering vart utført i 2023. Finansiert frå løyving til "Veginvestering/vegpakke" prosjektnr 6836. |
| Granvin vassverk | 1 000 | 415 | Etablering av ny vasskjelde på Kollanes, samt installera same type overvåking av vassproduksjon som ein har for anlegg i tidlegare Voss kommune. Separat vaktordning for anlegga i Granvin vert lagt ned som følgje av den samordna overvakinga av anlegga. Arbeidet vert fullført mars 2024. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hagahaugen høgdebasseng oppgradering | 8 000 | 6 536 | Arbeidet vart fullført i 2023 og det nye anlegget er sett i drift. |
| Hovudbrannstasjon | 5 000 | 6 634 | Prosjektet omfattar detaljreguleringsplan for sentrale område på Tvildemoen for bustadar, ny hovudbrannstasjon, grøntareal og næring. Samstundes med regulering av området vert det også utarbeidd forprosjekt på brannstasjonen. Moglegheitsstudie vart gjennomført hausten 2022, og forprosjekt starta opp i februar 2023. Det vart signert kontrakt med vinnar MAD som er ansvarleg for utarbeiding av både reguleringsplan samt forprosjekt på brannstasjon. Detaljreguleringsplanen for Tvildemoen vart vedteken 08.02.2024, og forprosjektet er no ferdigstilt. Det vart lyst ut totalentreprise for bygging av brannstasjonen i desember 2023. Det vert inngått kontrakt for bygging av brannstasjon i april 2024. Når kontrakt er inngått vil BOE overta ansvaret for prosjektet for bygging. Målet er oppstart bygging sommaren 2024. I utlysinga er det sett opp estimert byggetid på 18 månader. Det er skrive kontrakt på reguleringsarbeid, utgreiingar og forprosjekt brannstasjon på 4,5 mill kr (eks mva). I tillegg er det nytta midlar til grunnundersøkingar, trafikkanalysar, detaljering av rundkøyring Rv.13 samt detaljering gang og sykkelveg under Rv.13 og BIM-koordinator. Grunna reguleringsprosess og krav frå Statens vegvesen om innlemming av kryss på Rv.13 i planområdet, kom ein ikkje igang med bygging av brannstasjonen i 2023. Dette er grunnen til at det er eit mindreforbruk i prosjektet samanlikna med budsjett for 2023. Hovuddelen av budsjettmidlane vart derfor overført til 2024 når hovudaktiviteten av bygging av brannstasjon vil skje. |
| Hovudplan avløp | 0 | 2 042 | Arbeid med røyrfornying av leidningsnettet med spillvatnet. Har inngått avtale med Olimb AS som utfører dette arbeidet utan å grave i vegbana. |
| Industrifelt istad | 0 | 203 | Det er ikkje rekneskapsført inntekter for tomtesal i 2023. Kostnader gjeld etablering av naudsynt infrastruktur; innkjøp og klargjering av hydrant for sløkkjevatn. |
| Institusjonar - fastmonterte takheisar | 2 125 | 1 622 | Vedtak om kr 2,125 mill inkl mva til fastmonterte takheisar institusjon i 1. tertial 2023, finansiert frå rebudsjetterte kraftinntekter. I løpet av 2023 er det anskaffa og montert takheisar ved Vetleflaten omsorgssenter, Voss sjukeheim og Vossestrand omsorgstun. |
| Inventar/utstyr skuler og barnehager | 4 938 | 0 | samband med bygging av ny idrettsfløy ved Voss ungdomsskule fekk prosjektet ekstraløyving isak 29/23 Investering AV og utstyr Voss ungdomsskule</a>, for å komplettera audiovisuelt utstyr (AV), gym utstyr og laust inventar. Utover klasse- og grupperom, er det integrert AV i aula , gymsal og styrkerom. Vedtaket medførte ekstraløyving med 2 mill kr, slik ar den totale og maksimale ramma vart 4,75 mill kr. |
| Kapitalbevaring bygg/anlegg - skulebygg | 10 000 | 0 | Prosjekt 2598 Kapitalbevaring bygg/anlegg - skulebygg er ein budsjettpost som skal dekka ulike investeringsbehov ved dei ulike skulebygga. I 2023 var det planlagt at midlane skulle dekka kostnadar på prosjekt 2592 Vangen skule oppgr KST 4/19 som gjeld gjeld Vangen skule - teknisk oppgradering av underetasjar. Ved nærare vurdering, viste det seg at arbeid gjennomført i 2023 på Vangen skule vart klassifisert som vedlikehald, og dermed ført som kostnad i driftsrekneskapen. |
| Kjøp maskin/utstyr/bilar til park og idrett | 2 590 | 1 290 | Kjøp av hjullastar til avdeling park og idrett. Ei naudsynt arbeidsmaskin til park, anlegg og gangvegar for sommar- og vintervedlikehald. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kjøp og sal eigedom | 0 | 2 796 | Kjøp av bustad på Framnes, i tilknyting til Vossestrand omsorgssenter (2,7 mill kr, tenesteområde Eigedom og bustad). Kjøp av bustadtomt og opprydding i eigedomsforhold (0,1 mill kr, tenesteområde 10 Plan, næring og forvalting). |
| Kommunalt kjøkken | 0 | 154 | Prosjektet vart overlevert som planlagt 01.11.2022 med 12 mnd prøvedrift. Frå 15.11.2022 har produksjonskjøkkenet levert mat til sjukeheimane, kjøkkenet har fungert utan driftsstopp i heile prøvedriftsfasen. Tilskot frå Husbanken med 12,5 mill vart utbetalt i januar 2023. |
| Kryss Skutle - Vikjeshovden vegutbetring | 0 | 4 | Avtale om grunn til kommunal veg. Sjølve vegarbeidet var gjennomført i 2021. |
| Melstunet VA-anlegg | 1 500 | 462 | Det er inngått avtale med utbyggar etter anleggsbidragsmodellen. Voss herad betaler utgifter og får tilbakebetalt frå utbygger med eit påslag på 7% av mva-beløpet som skal dekka administrasjonskostnadar. |
| Myrkdalen VA-utbygging | 10 000 | 8 047 | Prosjektorganisasjonen, Myrkdalen VA, med to årsverk i 2023 har gjennomført to år med arbeid etter oppstart i 2022. I 2023 har arbeid med prosjektet for gjennomføring av nytt avløpsreinseanlegg (RA), nytt vassbehandlingsanlegg (VBA) og ny hovudtrase for VA helde fram. Status for arbeid i 2023: A) Innsendt søknad for utsleppsløyve til statsforvaltar for RA (ventar på vedtak reguleringsplan før søknad kan innvilgast). B) Innsendt reguleringsplan for nytt VBA og RA til 1. handsaming i formannskapet, og 2. gongs handsaming sendt inn februar 2024. C) Signert avtale om rådgivingsbistand for prosjektet med Sweco. D) I gang med utarbeiding av status for eksisterande leidningsnett I Myrkdalen og utarbeiding av MBA-analyse for drikkevatn I Myrkdalen. E) Forankra finansieringstrategi med styringsgruppa for prosjektet. F) Etablert pumpekum og igangsett prøvetakingsprotoll for drikkevassinntak på Nobbaflaten. G) I dialog med Myrkdalen Vassverk for overtaking av VBA. H) Signert grunnavtale med grunneigar for vassuttak. Neste fase I framdrifta til prosjektet vil starte ved vedtatt reguleringsplan. Denne skal opp til vedtak I heradstyret 21. mars 2024. |
| Nettverk 2025 | 1 875 | 774 | Det var budsjettert med 1,5 mill + mva i opprinneleg budsjett 2023 til digital infrastruktur i form av nettverk, lagring og digitale samhandlingsrom (prosjektnr 4702 Felles IT anlegg). Det er investert i ny lagringsløysing til datasenter (prosjektnr 4706 Datasenter 2027) og naudsynt oppgradering av trådlaust nettverk (prosjektnr 4523 Nettverk 2025) som planlagt. |
| Ny barnehage i Granvin | 3 000 | 3 403 | Det skal byggast ny barnehage i Granvin i tråd med politisk vedtak 07.05.2020. Barnehagen skal plasserast sentralt og bidra til utvikling og aktivisering av viktige område i Granvin. Samvirke med Granvin bygdatun, tilpassing til kulturminne og naturkvalitetar i området samt trafikksikre løysingar har òg vore sentrale punkt i utviklinga av prosjektet. Prosjektet vart lyst ut på DOFFIN 08.12.2023 med tilbodsfrist medio mars 2024. Ifølgje planen er det teke sikte på byggjestart sommaren 2024. Kostnadar i 2023 er knytt til sluttføring av reguleringsplan og forprosjekt som vert nytta som grunnlag for utlysing. Meirforbruket på ca 0,4 mill kr kjem av at BOE sine årsverk er delvis finansiert gjennom investeringsrekneskapen. Dette var ikkje teke høgde for i revidert årsbudsjett for prosjektet hausten 2023. |
| Oppheim vassverk | 500 | 491 | Boring av grunnvassbrønner og anna førebuande arbeid for ny vasskjelde til vassverk på Oppheim. Dersom kvalitet og tilgang er god nok i vasskjelda, så skal plan om å leggja ny leidning over vatnet til pumpestasjon gjennomførast i løpet av 2024. |
| Reinhaldsprosjekt | 500 | 0 | Kontrakt på ny elektrisk bil til reinhaldsavdelinga vart inngått i 2022 til kostnad kr 350.000, med levering i 2023. Heradsstyrert løyvde midlar til elektrisk varebil til reinhaldsavdelinga 09.06.2022 (sak 48/22), finansiert frå meirinntekter konsesjonskraft til |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | eingongstiltak. Midlane vart løyvd på nytt i 2023 i budsjettjustering i tertialrapport 1 20.06.2023 (sak 46/23). Det er forventa at bilen vert levert i løpet av 2024. |
| Ridande Vossabrudlaup | 0 | 587 | Monumentet er plassert ved Kyrkjetunet på Prestegardslandet, det vart markert med ein flott folkefest i juni 2023. |
| Rongavegen - veg og VA | 2 600 | 1 739 | Arbeidet med utbetring av vegen er planlagt fullført våren 2024. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom VA og vegavdelinga. Vert fiansiert ved løyving til veginvestering/vegpakke og VA-anlegg. |
| Sentralidrettsanlegg ny infrastruktur | 500 | 0 | Prosjektet omfattar ny veg/tilkomst til Voss camping, samt opprusting av parkeringsplassar og veg inn til Voss idrettshall m.m. Prosjekteringsarbeidet er i full gang og oppstart av arbeidet er planlagt til etter ferien 2024. Vegen vert lagt om slik at ein tek vare på flest mogleg av trea som står i området. |
| Standardh.bruer (inv.) | 1 750 | 0 | Voss herad har starta med opprustning av bruer i samsvar med utførte tilstandsvurderingar. I 2023 byrja arbeidet med Såkvitne bru som vil halda fram i 2024 saman med andre bruer. Prosjekt 6821 "Standardheving bruer" må sjåast som finansieringspost for prosjektnr 6825 "Såkvitne bru" og komande bru-prosjekt. |
| Såkvitne bru | 0 | 544 | Sjå prosjekt 6821 Standardheving bruer ovanfor. |
| Udlabutomta | 625 | 481 | I samband med bygging av omsorgsbustadar på Udlabu-tomta, vart leikepassen nytta til rigg-område som skulle tilbakeførast etter endt byggjeperiode. Når det vart vedteke å bygga produksjonskjøkken, vart denne rigg-plassen vidareført og hausten 2023 starta ein med å reetablere leikeplassen. Det vert nytta brukte leikeapparat på leikeplassen, som skal ferdigstillast våren 2024. |
| Ungdomsskulen idrettsfløy | 89 750 | 80 555 | Voss Herad inngjekk etter utlysing og tilbodskonkurransane av prosjektet ein samspelsavtale med Horgi AS i januar 2022. Samspelsperioden vart gjennomført med byggherre (BH), brukarar og entreprenør, før det enda opp i ei totalentreprisekontrakt i april 22. Fysisk oppstart med sanering av eksisterande bygningsmasse starta i slutten av april. Råbygga vart reist seinhausten 2022, og det var tett tak på idrettsdelen til årsskiftet 2022/2023 og skuledelen i løpet av februar 2023. Det vart jobba parallelt med utvendig fasade og innvendig arbeid gjennom vinteren. Elevane i 10. trinnet som valde arbeidslivsfag som valfag, fekk vera med å fylgja dei ulike faga gjennom heile skuleåret. Solcelleanlegget vart sett i drift i juni, og har levert eigenprodusert byggestraum gjennom dei 6 siste månadane av prosjektet. Det har vore vekentlege samarbeids-møter mellom BH og brukar for å halda god informasjonsflyt og tilpassa riggområdet til entreprenør. Arbeidet utomhus starta opp når skulen tok sommarferie, slik at denne perioden vart nytta på best mogeleg måte. Deler av utomhus var difor klar til skulestart, medan ein framleis hadde pågåande arbeid fram til temperaturen sette ein stoppar for ferdigstilling. Det står difor att noko arbeid utomhus og beplanting som skal ferdigstillast våren 2024. Det har gjennom heile prosjektet vore fokus på god kvalitet, tilstrekkeleg tid til gjennomføring, og at arbeidet skal gjennomførast på ein sikker og trygg måte. Resultatet av dette er at ein har gjennomført nærmare 41.000 timeverk utan fråvær pga skade, noko entreprenør og BH er godt nøgde med. Det har vore god framdrift, plan har vore fylgt gjennom heile prosjektet, og avtalt overtakingsdato vart halden. Bygget vart overlevert til 15.12.2023 og skulen har teke det i bruk på nyåret 2024. Perioden for prøvedrift tok til ved overtaking, og er utvida frå 3 til 12 mnd for å testa ut bygget under dei ulike årstidene. |
| Utbyggingsavt. Brynalii 102 politistasjonen | 2 300 | 3 269 | Siste rest av arbeidet i Brynalii. Arbeidet vart ferdig utført i 2023. I løpet av 2024 vil det koma refusjon frå KVEIK AS som vil redusera det mellombelse meirforbruket på prosjektet. Vestland fylkeskommune har bidrege med 1 mill kr i trafikksikringsmidlar til gangfelt |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | og fortau. Prosjektnr 6468 "Utbyggingsavtale Brynalii 102 politistasjonen" må sjåast i samanheng med prosjektnr 6892 "Brynalii vegforsterking-o.v." (overvatn). |
| Utstyr og tekniske installasjonar | 750 | 0 | Årleg løyving i økonomiplan-perioden med kr 0,75 mill inkl mva til innkjøp av større inventar/utstyr på institusjonane. I 2023 var det ingen av kjøpa som var store og omfattande nok til å bli klassifisert som investering. Alle kjøp av inventar/utstyr måtte dermed kostnadsførast i driftsrekneskapen. |
| Va Tvildesbaret | 800 | 722 | Prosjektet omfattar omlegging av trasè for vatn- og avløpsledningar ved endra geometri og kryssing av jernbane. |
| Vatningsanlegg til grasbaner | 313 | 231 | Det er kjøpt inn pumper og pumpeutstyr for etablering av betre vasstilgang til grasbanen og dei 2 nye kunstgrasbanane. Boring vert uført i 2024. |
| Velferdsteknologi | 2 500 | 1 695 | Signalanlegg på Voss sjukeheim og Vossestrand omsorgstun, med til saman 1,4 mill + mva. |
| Vetleflaten omsorgssenter | 500 | 0 | Vedtak om kr 0,5 mill inkl mva til medisinrom på Vetleflaten omsorgssenter i 1. tertial 2023, finansiert frå rebudsjetterte kraftinntekter. Seint i 2023 vart det klart at arbeidet vil tidlegast starta i 2024. |
| Voss ungdomsskule - vaskerobot | 0 | 890 | I samband med bygging av ny idrettsfløy fekk ein tilpassa bygget med eigen stasjon for parkering og lading av vaskerobot for både gymsal og fellesareal. Det er investert i 2 robotar utfrå dei ulike arealtypane. |
| Vossabadet - servicebygg utebasseng | 375 | 483 | Det vart i desember 2022 vedteke å sette av 10 mill eks mva til bygging av Servicebygg. I tillegg er det budsjettert med 4,5 mill til teknisk rom i ungdomskulen. Bygging av teknisk kjellar til utebassenget er i hovudsak utført i 2022, men kostnaden er ført til prosjekt for idrettsfløy på ungdomsskulen. I tillegg har Vossabadet samla inn 3 mill som skal nyttast til utebassenget. Total ramme for utebassenget er på kr 13 mill. Servicebygget vart lyst ut hausten 2022, men grunna høge kostnader vart konkurransen avlyst. Prosjektet er no omarbeida og klart for å lyse ut igjen før påske 2024. I 2023 er det nytta konsulentmidlar til omprosjektering av bygget, for å senke kostnaden. Kravspesifikasjon i prosjektet er og endra saman med representantar frå Vossabadet for å redusera kostnad. Framdriftsplanen vidare er tildeling av kontrakt på bygging i juni 2024, med oppstart så snart som råd etter dette. Målet er at nytt Servicebygget skal stå klart til badesesongen 2025, saman med nytt Aktivitetstorg mellom ungdomsskulen og servicebygget. Det er så langt nytta 0,8 mill kr til riving av eksisterande bygg, samt 0,4 mill for teknisk infrastruktur mellom bygga. Grunna lite midlar i prosjektet, er konsulent kostnadane i 2023 på kr.160.000 dekka frå driftsbudsjett i avdeling Prosjekt og Utvikling (POU). |
| Vossest. oms.tun - carport heimesjukepleie og vaktmesterlager | 3 150 | 2 151 | Prosjektet var opphavleg budsjettert med 1,625 mill kr i budsjett for 2022. Etter utlysing og innkomne prisar, samt trong for tilleggsarbeid vart det behov for å auke budsjettramma med 0,65 mill kr. Byggeprosjektet vart gjennomført i april-november 2023 og fekk ferdigattest 16.11.2023, og er teke i bruk. På grunn av låge temperaturar og dårleg ver er siste del av målingsarbeidet innvendig utsett til andre kvartal 2024. Til å fullføre dette arbeidet har entreprenør halde att 0,125 mill kr av faktureringa til jobben er utført. Det er etablert 5 ladepunkt for elbilar. |
| Sum andre prosjekt | 0 | 4 321 | |
| **Sum** | **206 323** | **175 808** | |

# 4 Organisasjon

## 4.1 Politisk organisering




Voss herad vert styrt etter formannskapsmodellen. Heradsstyret på Voss har 43 representantar.

Formannskapet har ni medlemar.

Ved val til faste utval skal det, så langt råd er, vera gjennomgåande representasjon. Det tyder at det er medlemane i heradsstyret som skal vere medlemar i utvala.

Voss herad har tre faste utval etter (§ 5-7 i kommunelova):

- Utval for levekår
- Utval for klima og miljø
- Utval for kultur og næring

Utvala har ni medlemar kvar. Dei har vedtaksmynde innan sine område, og har innstillingsrett til formannskap og heradsstyre.

Voss herad skal ha:

- Kraftfond
- Kontrollutval
- Administrasjonsutval
- Valstyre
- Eldreråd
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsråd
- Valnemnd
- Røystestyre
- Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt
- Klageutval for eigedomsskatt
- Klagenemnd
- Barnerepresentant etter plan og bygningslova
- Innvandrarråd

## 4.2 Administrativ organisering




Voss herad er organisert med 4 kommunalavdelingar og 3 stabsavdelingar. Rådmannen si leiargruppe omfattar tilsvarande rådmann, 4 kommunalsjefar og 3 stabssjefar.

### 4.2.1 Voss herad som arbeidsgjevar

Voss herad er den største arbeidsgjevaren i kommunen med nesten 1500 tilsette og skal i samsvar med ein av verdiane våre vera ein inkluderande arbeidsgjevar. Og me skal setja mangfald høgt.

***Me skal vera ein skapande og inkluderande arbeidsgjevar med myndiggjorte leiarar og medarbeidarar***

I alle lysingane til kommunen står det følgjande*: Me ynskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal gje eit bilete av folkesetnaden generelt. Me oppmodar alle som er kvalifisert til å søkja jobb hjå oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn, eller kulturell bakgrunn*.

Verdiane våre er: påliteleg – inkluderande – profesjonell – skapande.

***Me skal vera ein tillitsskapande organisasjon med høg etisk standard***

Voss herad har etiske retningslinjer som gjeld for tilsette, og etiske retningslinjer for folkevalde.

Me ynskjer å ha ein høg etisk standard som gjer at innbyggjarar opplever å bli møtt i tråd med dei etiske retningslinjene. Det er viktig for oss at ålmenta har tillit til kommunen som tenesteutøvar og forvaltar.

I 2023 vart det gjennomført kurs i etikk for alle leiarane på dei to øvste nivåa. Det vart òg gjennomført kurs i etikk for alle dei folkevalde etter valet på hausten.

Alle nytilsette skal gjennom eit kurs om etiske val i Voss herad. Dette handlar om etiske dilemma som ein kan møta når ein arbeider i kommunen.

Leiaridentiteten er ei rettesnor for alle leiarar i kommunen. Tillit og autoritet er fundamentet og grunnmuren til leiaren. Å byggja tillit handlar om at du som leiar etterlever det du seier, er open og inkluderande, held det du lover, og om korleis du i kvardagen møter tilsette og innbyggjarar.

### Medarbeidarundersøking: 10-faktor

I Voss herad brukar me 10-FAKTOR som medarbeidarundersøking. Ved å spørja alle tilsette om korleis dei opplever det er å jobba i heradet, ynsker me å få kartlagt kva me bør jobba med for å utvikla oss til det betre. 10-FAKTOR er eit forskingsbasert verktøy som måler ti faktorar som er avgjerande for å oppnå gode resultat. Mange av dei same faktorane er òg viktige i arbeidet med å få ned sjukefråværet. I 2023 gjennomførte me undersøkinga. Då var det 76,66 % av dei tilsette som svara, mot 81 % i 2021. Resultata skal avdelingane nytta til laga konkrete mål for forbetringsarbeid dei neste to åra. For at me skal lukkast er me avhengige av god medverknad frå dei tilsette.

Under er oversikt over resultat på dei ulike faktorane der 5 er beste verdi.

| Faktor | Voss herad 2023 |
|---|---|
| 1. Indre motivasjon | 4.1 |
| 2. Meistringstru | 4.2 |
| 3. Autonomi | 4.2 |
| 4. Bruk av kompetanse | 4.0 |
| 5. Meistringsorientert leiing | 3.7 |
| 6. Rolleklarheit | 4.0 |
| 7. Relevant kompetanseutvikling | 3.5 |
| 8. Fleksibilitetsvilje | 4.2 |
| 9. Meistringsklima | 3.9 |
| 10. Prososial motivasjon | 4.5 |

Fira av faktorane er forbetra frå førre undersøking i 2021, fem er uendra og ein har gått noko ned. Resultata i 10-FAKTOR er grunnlag for både medarbeidar-, organisasjons- og leiarutvikling i heradet. Viktige tema i årets leiarutvikling har handla om strategi, innovasjon, endringskapasitet og mellomleiarrolla.

## 4.3 Likestilling, inkludering og mangfald

Likestillings- og diskrimineringslova skal fremja likestilling, sikra like moglegheiter og rettar, og hindra diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, religion og livssyn.

Følgjande standardtekst vert nytta i alle stillingslysingane frå heradet: «Me ynskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal gje eit bilete av folkesetnaden generelt. Me oppmodar alle som er kvalifisert til å søkja jobb hjå oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn, eller kulturell bakgrunn.»

Voss herad held seg til lov- og avtaleverk ved tilsettingar og fastsetting av løn. Hovudtariffavtalen har nøytralt lønssystem baserer seg på den tilsette sin formal- og realkompetanse. I tillegg har Voss herad eit tett samarbeid med tillitsvalde ved stillingsutlysingar, tilsettingar og forhandlingar. Dette er med å hindra diskriminering, og sikra at personalarbeid skjer i samsvar med lovverk og hovudtariffavtalen.

Lønspolitikken til heradet skal mellom anna bidra til å fremja og ivareta likestilling mellom kjønna: *Kvinner og menn i same verksemd skal ha lik løn for likt arbeid eller arbeid av lik verdi. Løn skal fastsetjast på same måte for kvinner og menn utan omsyn til kjønn. Her viser me til likestillingslova § 34.*

I samsvar med resten av kommunesektoren har også Voss herad også ein høg andel kvinner. I 2023 hadde me 1184 tilsette kvinner og 312 menn. Prosentvis endring i tal årsverk frå året før er -0,1% for kvinner og +3,2% for menn.

I Voss herad er det 83 kvinner og 49 menn i leiarstillingar.







Tabellen nedanfor syner gjennomsnittleg stillingsstorleik for ulike sektorer i kommunen. Totalt, og for kvinner og menn isolert sett.

| | Totalt | Kvinner | Menn |
|---|---|---|---|
| Sentraladministrasjon | 92 % | 91 % | 93 % |
| Undervisning | 85 % | 85 % | 85 % |
| Barnehage | 89 % | 88 % | 96 % |
| Helse/pleie/omsorg | 79 % | 79 % | 79 % |
| Samferdsel og teknikk | 65 % | 85 % | 60 % |
| Annet | 76 % | 76 % | 78 % |

Gjennomsnittleg stillingsstorleik var 82% for heradet samla pr. 01.12.2023.

**Heradet har rutinar for å handtera konflikt, utilbørleg åtferd og trakassering:**
*Helsefarlege konfliktar, mobbing/ trakassering/ seksuell trakassering og utilbørleg åtferd vert ikkje akseptert i Voss herad.*

*Slike forhold skal både førebyggast og handsamast på ein ryddig måte og etter retningslinjene. Tilsette i Voss herad skal syna kvarandre respekt og omtanke (jf. arbeidsgjevarpolitikken). Alle skal arbeida aktivt for å skapa ein open kultur der motstridande syn kan luftast og handsamast konstruktivt utan risiko for dei involverte.*

Heradet jobbar kontinuerleg med kompetanseheving av tilsette på dette området.

## 4.4 Rekruttering og lærlingar

### Rekruttering

HR og innovasjonsavdelinga byrja i 2023 med prosjekt for å betra rekruttering. Bakgrunnen for prosjektet er mangel på arbeidskraft, auka risiko for at fleire hamnar utanfor arbeidslivet og høgare omstillingstakt grunna koronapandemien.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Voss herad og Næringshagane i Voss og Hardanger. Det er eit prosjekt som vil gå over 2 år. Bakgrunnen for prosjektet er at det er mange lyste stillingar, låg arbeidsløyse og eit stort behov for kompetent arbeidskraft dei komande åra. Gjennom prosjektet er målet og bidra til rekruttering, bu-lyst og andre tiltak som vil bidra til å trekkja til seg kandidatar og halda dei i regionen.

Som ein del av prosjekt rekruttering skal me byggja ein kompetanseportal. Dette skal vera ein plattform med ein felles mal for kvar kommune, med samarbeid om kampanjar, HR-forum, Webinar, messedeltaking og lokale arrangement.

På Voss er prosjektet forankra i temaplanen Voss i vekst. Målet internt er å jobba strategisk med marknadsføring og byggja ein kompetanseportal. Me kan tilby spanande stillingar og sosiale tilstellingar på arbeidsplassen. Det ligg eit stort potensiale i å nytta kultur- og fritidstilbod inn mot rekruttering.

Det er ynskjeleg at kommuneorganisasjonen skal vera aktive i rekrutteringsarbeidet og skilja seg frå andre kommunar. Å kunna skilta med kompetansehub og høgskule er også noko som vil kunna vera eit konkurransefortrinn.

I løpet av 2024 skal me delta på fleire utdanningsmesser både lokalt og regionalt. Det er sett saman ei arbeidsgruppe der representantar frå kvar kommunalavdeling er representert i tillegg til Fagforbundet og Utdanningsforbundet. Målet med arbeidsgruppa er å setja rammer for messene me skal på og å få oversikt over kva som rører seg i dei ulike kommunalavdelingane.

### Lærlingar

Frå 2022 til 2023 auka talet på lærlingar frå 18 til 24, inkludert éin «menn i helse» kandidat.
I 2022 vart Voss herad godkjend lærebedrift i to nye fag; byggdriftarfaget og ernæringskokkfaget. Det vart lyst lærlingstilling i desse to faga for hausten 2023, og det vart tilsett ein lærling i byggdriftarfaget. Per no har ikkje Voss herad lærling i ernæringskokkfaget. Voss herad er framleis godkjent lærebedrift i IT-driftsfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsefagarbeidarfaget.

I tillegg til ordinære lærlingar har Voss herad kandidatar i «menn i helse» og gjennom «Gloppenmodellen». Menn i Helse er eit alternativt lærlingløp for menn mellom 25-55 år som mottek yting frå NAV. Løpet går over to år og er intensivt. Lærlingane gjennomfører både skule og praksis i løpet av denne tida. Gloppenmodellen er eit lærlingløp som rettar seg mot vaksne minoritetsspråklege personar. Denne modellen går over fire år med kombinert undervisning på vidaregåandeskule og praksis i bedrift.

## *4.5* Sjukefråvær

Overordna mål for Voss herad var at innan 2023 skulle sjukefråværsprosenten reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018. Dette følgjer av IA-avtalen. IA-avtalen er ein intensjonsavtale mellom regjering og partane i arbeidslivet for eit meir inkluderande arbeidsliv. Måltalet for Voss herad var at fråværet totalt skulle vera 7,2% eller under til utgangen av 2023. I 2023 var totalt fråvær i heradet 9,4%, det vil sei at me hadde eit fråvær som låg 2,2 prosentpoeng over måltalet frå 2018. I tråd med IA-avtalen er måltalet på eit totalt fråvær på 7,2% vidareført til utgangen av 2024.

Voss herad skal satsa på arbeid for å redusera sjukefråvær. Konkret skal arbeidsmiljøgruppene jobba med risikovurdering knytt til fråvær, sjå på trendar og om fråvær kan skuldast forhold på arbeidsplassen. Det skal årleg gjevast internopplæring i sjukefråvær til leiarane.

Fråværsstatistikk for 2023:

| Tenesteområde | Total 2022 | Totalt 2023 | Eigenmeldt 2023 | Legemeldt 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Administrasjon og leiing | 6,3 | 8,9 | 1,0 | 7,9 |
| Grunnskule | 7,2 | 9,2 | 1,4 | 7,8 |
| Barnehage | 12,6 | 12,6 | 2,2 | 10,4 |
| Barnevern og støttetenester | 10,4 | 9,8 | 1,3 | 8,5 |
| Integrering | 6 | 13,1 | 0,2 | 12,9 |
| Helse | 7,8 | 7,1 | 1,0 | 6,2 |
| Omsorg | 13,2 | 10,3 | 1,6 | 8,7 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sosialtenester | 5,3 | 9,6 | 1,4 | 8,2 |
| Kultur og fritid (inkl. kyrkja) | 6,1 | 7,0 | 1,2 | 5,8 |
| Plan, næring og forvaltning | 5,5 | 3,2 | 0,8 | 2,4 |
| Samferdsel | 4,8 | 5,5 | 0,9 | 4,6 |
| Eigedom og bustad | 9 | 7,5 | 1,5 | 6 |
| Brann og ulykkesvern | 3,2 | 3 | 0,9 | 2 |
| Vatn, avlaup og renovasjon | 8,3 | 4,0 | 0,6 | 3,4 |

Ser ein på sjukefråværet i einingane er det barnehage, integrering og omsorg som skil seg ut med det høgste fråværet. Barnehage har ingen endring i fråværsprosenten frå 2022-2023. Integrering har hatt ein auke i fråværet frå 2022-2023 på 7,1. Omsorg har hatt ein nedgang i fråværet frå 2022-2023 på 2,9.

SSB(Statistisk sentralbyrå) leverer tal i kvartal og etter næring og sektor. For sektoren Undervisning og Helse- og sosialtenester var resultata for kommuneforvaltninga slik i 4. kvartal i 2023.

| Næring | SSB 4. kvartal 2023 | Voss herad 4. kvartal 2023 |
|---|---|---|
| Undervisning (Førskule og grunnskule) | 8,7 | 9,9 |
| Helse og omsorgstenester (Helsetenester, Pleie- og omsorg i institusjon og omsorgsbustadar, sosiale omsorgstenester utan butilbod) | 11,8 | 7,5 |

Heradet ligg i 4.kvartal noko over snittet på fråvær i sektoren undervisning og under i helse og omsorgstenester. Ei kjelde til feil kan være om vårt utval samsvarer med SSB sitt og samanliknast heilt.

## *4.6* Innovasjon og digitalisering

Innovasjonsavdelinga har hatt eit innhaldsrikt år i 2023, prega av vesentlege bidrag til både interne prosessar og eksterne samarbeid. Eit av høgdepunkta var lanseringa av Vossalæring, eit digitalt læringsunivers designa for å styrka leiarutviklinga og støtta organisasjonen sine overordna mål om optimalisert læring.  Avdelinga har også spela ei nykelrolle i fasilitering og gjennomføring av leiarsamlingar, noko som har vore sentralt for å byggja ein sterk felles leiarkultur og strategisk utvikling.

Innovasjonsavdelinga har lagt stor vekt på å utforska og vurdera digitale trendar og verktøy saman med Digitalisering og IT, blant anna ulike plattformar for læring og kompetansestyring. I tillegg har avdelinga bistått i utviklinga av KS sitt nye innovasjonsverktøy, N3, og levert støtte i diverse prosessarbeid i organisasjonen. Dette arbeidet har vore viktig for å fremja innovativ tenking og løysingar som adresserer komplekse utfordringar.

Samla sett har innovasjonsavdelinga sin innsats i 2023 vore prega av å jobba kontinuerleg med å fremja kunnskapsdeling og kompetanseutvikling på tvers av organisasjonen. Deltaking i Lent sitt prosessleiarnettverk har bidrege til å styrka samarbeidet og dela beste praksis ut i organisasjonen, i takt med ein stadig meir digitalisert og konkurransedyktig marknad.

# 5 Samfunns- og befolkningsutvikling

Voss herd har hatt stabil vekst i folketalet dei siste ti åra. I løpet av 2023 auka tal innbyggjarar med 327, mot 269 året før. Dette er difor den høgaste veksten på fleire år, og noko er knytt til busetjing av fleire flyktningar enn normalt. Voss opplev likevel generell vekst i folketal.

Den største veksten i folketal kjem frå aldersgruppa “Vaksne 20-66 år”, som er den yrkesaktive aldersgruppa. Det har samstundes vore god vekst i aldersgruppa på 67-79 år, men veksten her er noko mindre enn tidlegare år. Veksten i eldre 80-89 år er imidlertid større enn året før, då det var nedgang på 6 frå 2022 til 2023 i denne aldersgruppa.

Det vart fødd 160 born i 2023, noko som er 8 born mindre enn i 2022. Samstundes hadde me ferre dødsfall i 2023, slik at fødselsoverskotet vert positivt.

Når ein ser på tala for innvandring kjem det tydeleg fram at flyktningesituasjonen har ein stor effekt på befolkningstala. 248 vart registrert som nye borgarar i Voss herad frå andre land i 2023, mot 71 i 2020.

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Endring 23-24 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - åringer | 153 | 167 | 154 | 171 | 161 | -10 |
| Barnehage (1-5 år) | 889 | 886 | 880 | 870 | 898 | 28 |
| Grunnskole (6-15 år) | 1 863 | 1 857 | 1 889 | 1 946 | 2 012 | 66 |
| Videregående (16-19 år) | 821 | 808 | 804 | 785 | 794 | 9 |
| Voksne (20-66 år) | 8 995 | 9 005 | 9 025 | 9 156 | 9 295 | 139 |
| Eldre (67-79 år) | 1 982 | 2 042 | 2 097 | 2 200 | 2 284 | 84 |
| Eldre (80-89 år) | 803 | 791 | 776 | 770 | 783 | 13 |
| Eldre (90 år og eldre) | 234 | 231 | 250 | 246 | 244 | -2 |
| **Total** | **15 740** | **15 787** | **15 875** | **16 144** | **16 471** | **327** |

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Befolkning 1. januar | 15 740 | 15 787 | 15 875 | 16 144 |
| Fødde | 161 | 152 | 168 | 160 |
| Døde | 150 | 150 | 166 | 144 |
| Fødselsoverskot | 11 | 2 | 2 | 16 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Innvandring | 71 | 103 | 113 | 248 |
| Utvandring | 41 | 58 | 55 | 59 |
| Innflytting, innalandsk | 473 | 526 | 657 | 584 |
| Utflytting, innalandsk | 466 | 485 | 446 | 466 |
| Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring | 37 | 86 | 269 | 307 |
| Folkevekst | 47 | 88 | 269 | 327 |
| Befolkning ved utgangen av året | 15 787 | 15 875 | 16 144 | 16 471 |

# 6 Internkontroll

God internkontroll er ein del av kommunen si samla leiing og styring for å sikra leveranse av gode tenester i samsvar med lover og forskrifter.

Alle kommunar har sjølvstendig ansvar for å føra kontroll med eiga verksemd. Ansvaret er lovfesta i kommunelova § 25-1, og det er rådmannen som har overordna ansvar for internkontrollen i Voss herad.

Lova seier:

**Kommunelova § 25-1:**

*"Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.*
*Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren:*
*- utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering*
*- ha nødvendige rutiner og prosedyrer*
*- avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik*
*- dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig*
*- evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll"*

Sjølv om ansvaret ligg på rådmann, så skal me likevel ha internkontroll på alle nivå i organisasjonen, og alle leiarar har ansvar for kontroll i eiga avdeling. Dette omfattar ansvar for å etablera og følgja opp rutinar og system. Dette vil sikra god verksemdstyring, internkontroll og fagleg forsvarleg tenester. I dette arbeidet inngår også ansvar for gode arbeidsprosessar, læring og kontinuerleg forbetring.

Lova spesifiserer ikkje korleis me skal jobba i praksis, så me må tilpassa internkontrollen til vår verksemd. Føremålet med internkontroll er å sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre og at me følgjer lovverk og føreskrifter. Sentrale verktøy for internkontrollen er formalisering, risikovurdering og avvikshandtering. Internkontrollen i Voss herad er soleis eit viktig element i Styring i Voss herad, og ein viktig del av kvalitetsarbeidet me gjer. Her er også eit viktig styrande dokument om internkontroll i Voss herad: internkontrolldokument

***Føremålet med internkontroll er å sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre og at me følgjer lovverk og føreskrifter.***

### Nytt kvalitetssystem

2023 er det fyrste året der kvalitetssystemet Compilo har vore i bruk eit heilt år. Det har vore gjennomført omfattande opplæring, både i bruk av systemet, men også faget internkontroll. Opplæring er gjennomført i dei fleste avdelingar i heradet og er eit arbeid som vil gå føre seg også langt inn i 2024.

Alle avdelingar i heradet, med unntak av kommunalavdeling for helse og omsorg har nytta Compilo som kvalitetssystem. Kommunalavdeling for helse og omsorg har nytta Kvalitetshuset, men frå 1. oktober 2023 har ein også her nytta Compilo til registrering av avvik. Dette gjer at Voss herad oppnår lik

rapportering, lik handsaming og kan ta ut avviksstatistikk. Pr. 31.12.23 nyttar kommunalavdeling for helse og omsorg framleis Kvalitetshuset til rutinar og prosedyrar, men arbeidet med å løfta dette over til Compilo er i gang.

Prosjektplanen har vore å gjennomføra opplæring og implementering i denne rekkjefølga:

1. Dokumentmodul
2. Avviksmodul
3. ROS-modul
4. Årshjulmodul

Grunna skilnader frå avdeling til avdeling når det gjeld status i internkontrollarbeidet, har det vore jobba med opplæringa på punkt 1 og 2 lengre enn fyrst planlagt. Samtidig er opplæring og implementering av ROS-modul og årshjul starta for dei som er klare for det.

Fleire avdelingar nyttar det digitale ROS-analyse verktøyet i sitt systematiske kvalitets- og HMS arbeid. Det er eit mål at arbeid innan desse områda skal være risikobasert. Det er gjennomført ei ROS analyse på overordna, administrativt, nivå i Voss herad. Dette er eit godt utgangspunkt for vidare risikobasert arbeid i avdelingane i heradet.

Opplæring av faget internkontroll og kvalitets-/forbetringskultur har vore vel så viktig som det systemtekniske.

Etter sommaren 2023 vart det oppretta eit kvalitetsutval i heradet. Dette er samansett av representantar frå alle kommunalavdelingar, i tillegg til hovudverneombod, HMS rådgjevar og internkontrollrådgjevar. Målet med kvalitetsutvalet er:

- Å følgja opp bruken av kvalitetssystemet
- Gjera justeringar
- Samordna arbeidet mellom avdelingar
- Vidareutvikla systemet og arbeidet

Utvalet har møte annankvar veke. Saker har stor variasjon, men fellesnemnar er å finna forbetringspunkt, avklarar om desse vil ha ynskt effekt i alle avdelingar og syter for gjennomføring og opplæring.

***Compilo er også lagt inn som startside på alle nettlesarar hjå kommunalt tilsette. Dette har auka bruk og merksemd for systemet.***

Statistikken syner leste dokument og mapper som er opna.




## Avvik

Fyrste graf frå Compilo syner totalt registrerte avvik for 2023. Kommunalavdeling for helse og omsorg har tatt i bruk dette systemet frå 1.oktober. Totalt er det meldt 1372 avvik i Compilo i 2023.




Totalmengd avvik frå kommunalavdeling for helse og omsorg frå 1.1. til 30.09 (henta frå Kvalitetshuset) er 811. Desse er fordelt med 218 HMS-avvik og 593 uønska hendingar (sistnemnde er kalla tenesteavvik i Compilo).

Vidare er ei inndeling på alvorsgrad:




Statistikk som syner avvikskategoriar meldt i Compilo. (Vossabadet kjem med her, då dei kommunale føretaka også rapporterer til rådmann)




Til slutt ei oversikt som syner fordeling av meldt avvik pr avdeling (for kommunalavdeling helse og omsorg gjeld berre avvik frå 1.oktober, då dei nytta anna system fram til då).

Voss herad




### Etterlevingskontroll og revisjonar

I 2023 har det vore gjennomført fleire tilsyn og revisjonar. Det har vore gjennomført:

- Etterleving av arkivreglement og rutinar
- Forenkla etterlevingskontroll for økonomiforvalting 2022

Revisor gjennomførte forvaltningsrevisjon av arkivreglement og rutinar vår 2023. Revisjonen syner at arkivtenesta i Voss herad er etablert i samsvar med lovkrav. Det vert likevel påpeika ei rekkje forbetringsområde som ligg i saka: lenkje

I den forenkla etterlevingskontrollen om økonomiforvalting uttalte revisor:
"Revisor har konkludert med atterhald i attestasjonsuttalen, og grunngjev dette med to tilhøve: Revisor vurderer at det er vesentlege svakheiter med ajourhald av delegerte fullmakter i høve til skriftlege delegasjonar som kan utgjere ein risiko for kommunen dersom det ikkje i tilstrekkjeleg grad er etablert andre kontrollar eller desse ikkje fungerer etter hensikta.

Vidare er det ikkje etablert ei samla oversikt over delegerte fullmakter som etter revisor si vurdering er ei vesentleg svakheit i høve til intern kontroll for ein organisasjon på Voss Herad sin storleik."

Rådmannen gjennomførte ei opplæring i delegering av mynde for leiarar haust 2023, har laga nye skjema for delegering av mynde og ny rutine for arkivering av desse i Compilo.

# 7 Flyktningsituasjonen

Flyktningarbeidet i 2023 har vore prega av krigen i Ukraina. Den 24. februar 2022 starta Russland ein invasjon av landet. Noreg var blant landa som opna opp for å ta imot ukrainske flyktningar. Ifølgje FNs høgkommissær for flyktningar har nærare 3 millionar ukrainarar flykta til EØS-land i 2022 og 2023. Over 70 000 ukrainarar har flykta til Noreg.

I 2022 tok Voss herad imot 163 av 35 700 flyktningar på landsbasis. I 2023 sa me først ja til 130, og seinare 170 flyktningar. 130 av 33 000 flyktningar viste seg å vera tilstrekkeleg for å dekkja nasjonalt behov. Me har då teke imot 293 flyktningar til saman i 2022 og 2023. Om lag 90 %, eller 260 av desse var frå Ukraina. Dei resterande var frå Kongo, Syria og andre land. I 2024 skal me ta imot 100 av førespegla 38 000 flyktningar, inkludert 4 einslege mindreårige. Per mars 2024 bur 286 ukrainarar på Voss.

Blant dei busette ukrainarane på Voss er 41 % menn og 59 % kvinner. 33 % er 18 år eller yngre. 62% er i aldersgruppa 19 - 66 år. Og 5% er 67 år eller eldre.

Me har også 330 mottaksplassar på akuttinnkvarteringa i Voss. Akuttinnkvartering er ei form for asylmottak. Akuttinnkvarteringa blir drifta av eitt privat selskap gjennom avtale med UDI utan at heradet har vore involvert i dette. Mottaksplassane blir for det meste berre nytta av ukrainarar. Per mars 2024 var 243 av plassane på mottak i bruk. Rekna med mottaket er den ukrainske flyktninggruppa på Voss oppe i 529 personar.

Når det gjeld flyktningar på mottak er heradet sine oppgåver avgrensa til skule- og helsetenester. I denne samanhengen har me oppretta tilbod for barn på mottak ved Bulken, Skulestad, Palmafossen, Gjernes og Bjørgum skule. Me har også oppretta eit tilbod for ungdomskuleelevar på Kulturhuset. Helsetenester blir ivaretatt av lege og sjukepleiar som er aktive på mottak.

Dei to største utfordringane heradet står ovanfor med å ta imot så mange flyktningar er busetting og sysselsetting.

Når det gjeld busetting har me løyst dette i 2022 og 2023 gjennom ein framleigeordning. Me har sikra at alle flyktningar får tak over hovudet, men me har også påverka ein allereie pressa utleigemarknad. For å redusera presset på utleigemarknaden og styrkja vår evne til å ta imot flyktningar også i 2024, har me sett i verk ei rekkje nye tiltak. For det første opprettar me bufellesskap for flyktningar. For det andre har me opna for bruk av fritidsbustader til busetjing av flyktningar. Og for det tredje har me sett av midlar til å støtte utbygging av nye bueiningar i Voss. Desse bueiningane vil ikkje vera reserverte for flyktningar.

Når det gjeld sysselsetjing har me i 2022 og 2023 hatt fokus på kvalifiserande tiltak. Blant dei busette ukrainarane er 154 i aldersgruppa 18 - 55 år. 136 (88 %) har eller har hatt kurs i introduksjonsprogrammet, og 66 (43%) av desse har fullført programmet. 53 (34 %) har hatt språk- eller arbeidspraksis. 39 av ukrainarane er 56 år eller eldre. Desse er utanfor målgruppa til introduksjonsprogrammet og går direkte til NAV. Flyktningar med kollektiv beskyttelse som er 67 år eller yngre har framleis rett på norskundervisning. Andre flyktningar som er 67 år eller yngre år har også rett på undervisning i samfunnskunnskap. Dette får dei på vaksenopplæringa. I 2024 skal me ha meir fokus på overgangen til arbeid og opprettar eit eige sysselsettingsteam for dette.

Det vil bli utfordrande for Vossaskulen å ta imot 100 nye flyktningar i 2024. Dette gjeld kanskje spesielt for Voss ungdomsskule. Frå eit integreringsperspektiv er det ein fordel å ikkje ha for mange flyktningar med same språk og landsbakgrunn på éin skule. Dette er vanskeleg å unngå på ungdomsskulen. For barneskulane er mykje av utfordringa knytt til plass og lærarmangel. Lærarmangel blir til i ei viss grad

dekt av hjelpelærarar frå flyktninggruppa. Plassmangel er ei utfordring også for ungdomsskulen og vaksenopplæringa.

For å styrkja integreringsarbeidet støttar me frivillige organisasjonar og kulturelle tiltak i heradet. Formålet med denne ordninga er å redusere utanforskap og skapa møtepunkt mellom Vossingar og flyktningar. For flyktningane på mottak bidrar ordninga til at dei får aktivitetar og struktur i kvardagen.

### Integreringstilskot

I 2023 fekk me 78 millionar i statstilskot til å støtta integreringsarbeidet. Av desse blei 39 millionar (50 %) brukt til å dekkja livsopphald for flyktningane. Dette inkluderer utgifter som introduksjonsløn, bustønad, stønad til straum, stønad til innkjøp av kvitevarer med meir. Desse midlane vart delvis utbetalt av integreringstenesta og delvis av NAV. 13,3 millionar (17 %) vart brukt til å drifta integreringstenesta, 7 millionar (8,9%) til å støtta integreringsarbeidet i grunnskulen og 2.3 millionar (2.6%) til å drifta framleigeordninga av private bustadar. Midlar vart også sett av til å støtta barnehage, helsesjukepleie, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), vaksenopplæring, NAV, kulturarbeid og frivillige organisasjonar.

| Bruk av flyktningmidlar 2023 | |
|---|---|
| Livsopphald flyktning | 39 149 152 |
| Integreringstenesta | 13 365 899 |
| Grunnskule | 6 973 899 |
| Bygg og eigedom | 2 331 109 |
| Helsesjukepleie | 1 503 510 |
| Barnevern | 999 665 |
| Kultur | 925 000 |
| Barnehage | 714 361 |
| Pedagogisk-psykologisk teneste | 500 500 |
| Vaksenopplæring | 453 863 |
| NAV | 396 500 |
| Frivillige organisasjonar | 310 131 |
| **Sum** | **67 623 590** |

Mange av tenestene opplevde det som utfordrande å føra eige rekneskap for utgifter knytt til flyktningar. Likevel ser me og leiarane stadfestar at midlane har vorte nytta til formålet sitt. I dei tilfella der midlane ikkje har vorte nytta eller kvar det rår uvisse, er tala ovanfor basert på rekneskapen.

Utifrå tala ovanfor kan det sjå ut som heradet gjekk med eit overskot på 10,8 millionar for flyktningane. Dette stemmer ikkje. Det er fleire skjulte utgifter som ikkje kjem fram i oversikta. Dette gjeld spesielt i helse og omsorg. Dersom den gjennomsnittlege flyktning har same utgifter til helse- og omsorgstenester som andre innbyggjarar i Voss, har me her utgifter på om lag 8 millionar kr.

Statstilskotet for integrering har dekt det meste av utgiftene for flyktningar. Om flyktningane kjem til å utgjera ei større økonomisk belastning for heradet avheng av kor godt integrert flyktningane er når femårsperioden er over og me ikkje lenger får integreringsmidlar for dei. Dette gjeld spesielt med tanke på sysselsetting.

# 8 Berekraft, klima og miljø

## 8.1 FN sine berekraftsmål

Voss herad har tufta overordna strategiske planar på FN sine berekraftsmål og ynskjer å bidra konkret og konstruktivt i arbeidet med at berekraftsmåla vert nådd. Å delta aktivt i KS sitt nasjonale Berekraftsnettverk er ein viktig del av dette arbeidet. Berekraftsnettverket er ein lærings- og samarbeidspartnar for norske kommunar og fylkeskommunar i arbeidet med å få fart på berekraftig samfunnsutvikling og slik bidra til å oppnå FN sine berekraftsmål innan 2030. Arbeidet i nettverket omfattar lokale – og regionale utviklingsprosjekt, organisasjonsutvikling, samarbeid med næringslivet, involvering av innbyggjarane og støtte til andre lokale prioriteringar som set sosial, økonomisk og miljømessig berekraft høgare på dagsordenen.

## 8.2 Klima- og miljøarbeid

For å sikra at me jobbar mot berekraftsmåla må heile organisasjonen knyta arbeidsoppgåvene opp til relevante berekraftsmål. Tenesteområda har difor satt seg mål i økonomiplanen som er direkte relatert til FN sine berekraftsmål. Det har likevel vore ulikt korleis dei ulike tenesteområda har jobba vidare med desse, og det er behov for å bevisstgjera og ansvarleggjera organisasjonen i større grad. I 2023 vart det jobba vidare med dette, og målet for dei komande åra er at berekraftsmåla tek større plass i økonomiplan og budsjett. I årsmeldinga er det rapportert på mål under kvart tenesteområdekapittel, der nokon einingar har kopla sine mål til berekraftsmåla.

Arbeidet innan klima og miljø i Voss herad i 2023 har inkludert mellom anna planlegging og gjennomføring av Vossadagane 2023, prosjektet "Grønt hytteliv på Vestlandet," ansvarsfordeling av og vidare arbeid med tiltak i Vossaklima 2030, realisering av klimatiltak frå klimabudsjettet, arbeid med klimabudsjett for 2024, oppstart og arbeid med naturmangfaldsplanen og oppstart av arbeid med naturbaserte løysingar i møte med flaum. Plaststrategien og Strategi for klimatilpassing er også vedtekne.

I tillegg er det jobba vidare med sirkulærøkonomi på fleire område. I eit prosjekt «sirkulære Voss» i samarbeid med Næringshagen fekk me i 2022 ein rapport frå Green house om moglegheiter for at Voss og omegn kan verta meir sirkulære. I samanheng med dette vart det i 2023 halden ein idédugnad om korleis me kan legga til rette slik at det vert enklare for innbyggjarane på Voss å dela, låna og reparera meir. Innspela her vert jobba vidare med i 2024. Nytt matsvinn-prosjekt i helse og omsorg er i gong i 2023, då det er etablert prosjektgruppe på Vetleflaten for å ta setta i gang tiltak for å redusera matsvinn. Me har og vært involvert i prosjektet til BIR, om biogassanlegg som skal byggast på Voss. Det vert eit godt sirkulærøkonomisk tiltak som vil ha god klimaeffekt. Arbeidet held fram i 2024.

Vossadagane vart halden på våren, og hadde fokus på energi og natur, med tema som Grøn region Vestland, Bioparken på Voss, naturlova, og energipolitiske dilemma. Prosjektet "Grønt hytteliv på Vestlandet" samarbeider med andre kommunar for å kartleggja klimafotavtrykket frå hytteutbygging og -bruk. Asplan Viak

har identifisert utsleppsreduserande tiltak basert på kartlegginga, og me jobbar vidare med implementering av tiltaka i 2024. Voss deltek også i andre FoU-prosjekt som bidreg til kunnskapsheving om klima og klimatilpassing.

### 8.2.1 Vossaklima 2030

Ansvarsfordeling av tiltak i Vossaklima 2030 er viktig for å integrera klimaarbeidet i heile organisasjonen. Dette arbeidet kom godt i gang i 2023, og vil halda fram i 2024. Arbeidet i 2023 har vore retta mot å realisera klimatiltak, fordela ansvar, utarbeida klimabudsjett, og delta i forskingsprosjekt. Oppstart av naturmangfaldsplan og prosjektet om naturbaserte løysingar er blant høgdepunkta. Framover vil arbeidet fokusere på å nå måla i Vossaklima 2030 og vidareutvikle kunnskapen om klima og naturmangfald på Voss.

I Vossaklima 2030 ligg det over 120 tiltak for vidare klimaarbeid i heradet. Nokre er svært ambisiøse, andre stadfestar at pågåande arbeid er viktig og må halda fram. Nokre tiltak er overordna, andre meir konkrete. Nokre har ein tydeleg «heim» i ei av kommunalavdelingane, medan andre kan høyra heime i fleire avdelingar og krev mykje tverrfagleg samarbeid.

Dersom me skal lukkast med å nå dei ambisiøse måla i Vossaklima 2030 er det naudsynt at desse tiltaka vert breitt fordelte i kommuneorganisasjonen, slik at klimaarbeidet vert integrert i alt me gjer. I år har me difor arbeidd med ansvarsfordeling av tiltaka. Kvart tiltak skal ha spesifisert:

- Langtidsplanlegging - Kva gjer me i år, til neste år og seinare?
- Økonomiske behov – Kva kan gjerast med prioriteringar av den ordinære drifta? Er det ekstra økonomiske behov utover dette? Bør det søkjast eksterne midlar?
- Ansvar/samarbeid - Kven er kontaktperson for tiltaket? Kva andre avdelingar treng ein å samarbeida med? Kva eksterne aktørar kan bidra til å gjennomføra tiltaket?
- 

Det vil leverast ei milepælsrapporterting på arbeidet med å fylgja opp Vossaklima 2030 i Løpet av våren 2024.
I Vossaklima 2030 er det definert 124 «kva skal me gjera»-punkt som seier noko om korleis ein skal nå måla i planen. Heretter vert desse «kva skal me gjera»-punkta omtalt som *tiltak*. Våren 2023 vart desse tiltaka fordelte mellom kommunalavdelingane:

- Teknisk: 80 tiltak
- Rådmannen sin stab: 31 tiltak
- Kultur og fritid: 6 tiltak
- Oppvekst: 6 tiltak
- Helse og omsorg: 1 tiltak

Klima- og miljørådgjevar har hatt møte for å forankra denne fordelinga både med rådmannen si leiargruppe og med leiargruppene til dei ulike kommunalavdelingane. I desse møta vart det også føretatt ei fordeling til underliggjande avdelingar. Det er oppretta handlingsplanar for alle avdelingane som «eig» tiltak i Vossaklima 2030.

Ansvarlege avdelingar sørgjer for at handlingsplanen deira er oppdatert og for at det enkelte tiltaket vert jobba med og gjennomført. Desse handlingsplanane legg grunnlaget for utarbeiding av klimabudsjett og for milepælsrapporteringa. I samband med milepælsrapporteringa kan ansvarlege avdelingar også føreslå å ta ut tiltak som ikkje lenger er aktuelle og ta inn nye tiltak som er naudsynte å jobba med framover. Det er utarbeidd ein rutine for oppfylging av Vossaklima 2030 som omhandlar prosessane og ansvarsfordelinga knytt til både klimabudsjett og milepælsrapportering.

Dette systematiske arbeidet med tiltaka i Vossaklima 2030 skal bidra til at klimaarbeidet vert spreidd ut i heile organisasjonen og til at heradet når klimamåla sine.

### 8.2.2 Temaplan for naturmangfald

Hovudmålet med temaplan for naturmangfald er å gje Voss herad eit verktøy for å kunna ta godt vare på naturmangfaldet i heradet. Me skal gjennom utarbeidinga av planen samla kunnskapen som føreligg om naturverdiane i heradet, få oppdatert kunnskap om naturverdiane i heradet, etablera eit godt kunnskapsgrunnlag for arealstrategi og rullering av KPA, auka kompetansen om forvalting av natur, og skapa engasjement for og eigarskap til naturen i Voss herad. Å utarbeida ein temaplan for naturmangfald er i tråd med heradet sin planstrategi for 2020-2023.

Oppstartsmeldinga for temaplan naturmangfald vart vedtatt i Utval for klima og miljø 25. april, sak 16/23. Heradet har fått kr 175 000 til utarbeiding av naturmangfaldplan frå Miljødirektoratet og er med i eit nettverk for kommunar som gjer dette. Det er, på grunn av klimatiltak som likevel ikkje kunne realiserast (sjå tabell under), funne rom for å nytta kr 150 000 frå klimabudsjettet til planen. Stiftinga Biofokus vann anbodsprosessen, og det vart avhalde oppstartsmøte med dei 1. september. Den interne arbeidsgruppa har vore tett påkopla arbeidet heile vegen, og det er Voss herad sjølv som skal stå for handlingsplanen som vil fylgja opp naturmangfaldplanen. Planen vil leggast ut på høyring rett over sommaren 2024.

### 8.2.3 Naturbaserte løysingar i møte med flaum

I Vossaklima 2030 står det at naturbaserte løysingar er ein viktig del av framtida for å sikra infrastruktur og forvaltning av natur, landskaps- og kulturverdiar. Men heradet har ikkje tilstrekkeleg kunnskap om kva ein kan oppnå med naturbaserte løysingar, kvar i heradet dei gjev størst effekt og kva investeringar som krevst for å gjennomføra dei.

Voss herad søkte og fekk innvilga kr 400 000 frå Miljødirektoratet sitt klimatilpassingstilskot til prosjektet «Naturbaserte løysingar i møte med flaum». Prosjektet har fylgjande problemstillingar:

1. Kva naturbaserte løysingar vil vera mest effektive i møte med framtidig flaum i Voss herad?
2. Kvar i heradet vil det vera viktigast å ta i bruk slike naturbaserte løysingar?
3. Kva estimert effekt kan desse naturbaserte løysingane ha i møte med framtidig flaum?
4. Kva er den estimerte kostnaden av desse naturbaserte løysingane?

Flaum viser her både til flaumhendingar som fylgje av mykje og langvarig nedbør der vassnivået stig i vassdraga, og «urban flaum» knytt til styrtregn og lokal handtering av overvatn.

Konkurransen med å utarbeida dette kunnskapsgrunnlaget vart lyst ut i 2023, og NORCE leverte det beste tilbodet. Arbeidet er noko forseinka, men vil gjennomførast i løpet av vår 2024.

### 8.2.4 Status på bruk av klimamidlar

Oversikt og status etter 2023 for dei ulike klimatiltaka i klimabudsjettet er framstilt i tabellen nedanfor.

| Klimatiltak | Budsjett 2023 (i 1000 kr) | Rekneskap 2023 (i 1000 kr) | Skildring (henta frå vedtatt klimabudsjett) | Status 31. desember 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Fossilfrie anleggsmaskiner og utstyr | 150 | 150 | Innfasing av fossilfrie anleggsmaskiner og utstyr. Innkjøp av ei utsleppfri anleggsmaskin for klimanøytrale og miljøvennlege operasjonar i kommunen sin eigen drift og i andre område der lokale utslepp og støy bør avgrensast. Heradet ynskjer å vera føregangsaktør. | Det vart ikkje kjøpt inn fossilfrie anleggsmaskinar i 2023, og midlane vart omdisponert til arbeid med naturmangfaldsplan. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Omlegging til fossilfrie køyretøy | 2 500 | 1 400 | Det er eit stort behov for utskifting av gamle bilar i Voss herad. Me har framleis mange bilar som går på diesel eller bensin, og ved utskifting av desse kan me redusera årleg utslepp dersom me kjøpar inn fossilfrie bilar. Det er i 2023 sett av ekstra midlar i klimabudsjettet til å gjera eit løft i bilparken, slik at me får bytta ut fleire bensin- og dieselbilar med el. Elles skal tiltaket dekke meirutgifter ved kjøp av fossilfrie køyretøy når eksisterande tenestebilar skal byttast ut eller nye kjøpast inn. | Det vart kjøpt inn 4 nye el-bilar i 2023, 1 varebil og 3 personbilar. I tillegg vart det inngått leasingkontrakt på to elbilar. Summen på innkjøp av el-bilar vart 1,4 mill. kr, og verdien på leasingavtalane pr år er omtrent 165.000 kr. |
| Ducky verktøy Folkets Fotavtrykk | 25 | | Avanserte verktøy for kartlegging av forbruksbasert klimarekneskap. | I 2023 vurderte me korleis verktøyet kan verta nytta vidare, og på sikt kan det vera aktuelt å ta det i bruk i større grad. Likevel vart det ikkje funne behov for tenestene til Ducky i 2023. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Grønt hytteliv på Vestlandet | 125 | 125 | Samarbeid med Bergen kommune, Eidfjord og Kvam. Prosjektet skal kartlegga klimafotavtrykk frå hyttebygging og hyttebruk, og identifisere utsleppsreduserande tiltak. Ekstern aktør vil gjennomføre kartlegginga. Konkurransegrunnlaget er utarbeida, og prosjektet vil halda fram inn i 2024. Det er planlagt å nytta 125 000 kr til sjølve kartlegginga i 2023. Midlar utover dette vert til utprøving av eventuelle tiltak som kjem fram i rapporten. | Asplan Viak leverte 4. juli rapporten «Grønt hytteliv. Klimagassutslipp knyttet til bygging og bruk av fritidsboliger i Kvam, Voss og Eidfjord kommuner». Rapporten inneheld klimagassutrekningar for bruk av eksisterande hytter og bygging og bruk av regulerte hytter. Rapporten inneheld også forslag til 32 tiltak som vil bidra til å få ned klimagassutsleppa frå hyttebygging og -bruk.<br><br>Ei oppsummering av rapporten var oppe som orienteringssak i Utval for klima og miljø 29. august.<br><br>Vidare arbeid med funn og tiltaka som Asplan Viak har identifisert vil halda fram i 2024. Til saman har dei tre hyttekommunane nær 800 000 kr til å gjennomføra klimagassreduserande tiltak innan sommaren 2024.<br><br>Samstundes er det mange av tiltaka Asplan Viak føreslår som ikkje har noko prislapp, men som må mellom anna må takast vidare i arbeidet med utvikling av arealstrategi og rullering av kommuneplanen sin arealdel. |
| Plaststrategi | 100 | 67,5 | Voss herad har laga ein plaststrategi for å redusera forbruk og betra handteringa av plast. Det kan bli aktuelt å gjennomføra ulike tiltak for å hindra plast på avvege. Dette kan vera insentivordningar eller tiltak som gjer at plast vert samla inn og gjenbrukt. Konkrete tiltak må avgjerast etter endeleg vedtak av strategien. | Midlane vart nytta til tilskotsordning for innkjøp av plastpresser. I 2023 vart det utbetalt 52 500 kr og løyvd 15 000 kr, samla sett rekneskapsført 67 500 kr. Det vart altså utbetalt tilskot på 7 500 kr til 7 gardbrukarar. To mangla dokumentasjon på utgiftene, og det er soleis løyvd, men ikkje utbetalt. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Transformera og sambruka bygg | 100 | 31 | Voss herad har store utslepp knytt til eigen bygningsmasse. Det er eit stort potensiale i å nytta eksisterande eigedomsmasse betre enn me gjer i dag. Me skal vera ei spydspiss for berekraft ved å transformera og sambruka eksisterande bygg i kommunen. | Uventa funn av asbest på Oppheim skule har forseinka prosessen med å transformera Oppheim skule til barnehage. Midlane kan ikkje nyttast før skulen er sanert for asbest. Desse midlane vart difor omdisponert til tiltaket Grøn november. Midlane vart nytta til ei tilskotsordning til frivillige lag og organisasjonar som ynskte å bidra med arrangement eller andre klimagassreduserande tiltak under Grøn november. Det vart delt ut tilskot til fire aktørar, på til saman omtrent 31 000 kr. |
| Vossakraft og energiproduksjon | 150 | | Kartleggja samla potensial for fjernvarme, småkraft, sol og grunnvarme i Voss herad. I Vossaklima 2030 er det lagt opp til eit satsingsområde innan vossakraft og energiproduksjon, og konkret tiltak i planen om å kartlegga det samla potensiale for fjernvarme, småkraft, sol og grunnvarme i Voss herad. Utgifta inneber kjøp av konsulentteneste. | Voss energi vil gjennomføra kartlegginga, og midlane som vart sett av i klimabudsjett var tenkt til utarbeiding av handlingsplan i etterkant. Arbeidet med kartlegginga kom ikkje i gang i 2023, og Voss energi vil starta arbeidet på våren 2024. Det er difor ikkje påløpt utgifter til dette i 2023. |
| Tiltak i landbruket | 200 | 176 | Midlar til ulike tiltak som støtter opp om satsingsområde i Vossaklima 2030, om eit berekraftig og framtidsretta landbruk. Konkretisering av kva tiltak som skal prioriterast vert gjort når planen er vedtatt. | Midlane er nytta til tilskot til drenering og informasjonstiltak. Totalt løyvd til drenering 2023: kr 148.860 til drenering av jordbruksjord.<br>Andre løyvingar: tilskot til samling for bønder for utvikling av klimaplan (sept. 2023) kr 8.160,<br>andre løyvingar drenering kr 19.110<br>totalt forbruk 2023: kr 176.130 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Klimapartnere Vestland | 50 | 50 | Samarbeid om å nå utsleppsmål. | Frå Klimapartnere får me mellom anna tilgang til Klimakost, som er eit verktøy for å utføra årlege klimarekneskap som viser utslepp (både direkte og indirekte) frå eiga verksemd. Voss herad leverte klimarekneskap i Klimakost i juni 2023. |
| Miljøsertifisering av eiga verksemd | 200 | 100 | Me skal sertifisera kommuneorganisasjonen, og innføra miljøstyringssystemet som Miljøfyrtårn leverer. Kommunen skal nytta dette som verktøy for å redusera utslepp, og for å jobba for å nå berekraftsmåla. Voss herad skal feie for eigen dør, og gå føre som eit godt døme. Oppstart i 2023. | Voss herad har inngått avtale om å etablera kontormodell for sertifisering av heile verksemda. Arbeidet er i gang, men vert noko forseinka i høve til opprinneleg framdriftsplan. Sjølve arbeidet med sertifiseringa er ikkje kome i gang i 2023, men me er ferdig med planlegginga og prosjektgruppe er etablert. |
| Etablera ladepunkt for eigen bilpark | 100 | 72 | Etablera infrastruktur overgang til 0-utslepp. Tiltaket reduserer ikkje klimagassutslepp i seg sjølv, men er ein føresetnad for elektrifisering av kommunen sin eigen bilpark. | I 2023 er det etablert 5 ladepunkt på Vossestrand omsorgstun, og eitt ladepunkt på bilverkstaden på Brynavollen. |
| Jordkarbonprosjektet | 100 | 100 | Midlane går til arbeid med forsøksfelt, storskalaforsøk, informasjonsmøte og deling av kunnskap om jordliv og lagring av karbon. | Prosjektet er i det alt vesentlege gjennomført. I 2023 vart det halde ein jordkarbonkonferanse. Gjenstår: evalueringsmøte med deltakande bønder, rapportskriving og avslutting av prosjektet. Frist 1.5 2024. Vurdering for korleis vidareføre innhald og tema frå arbeidet. |
| **SUM** | **3 800** | **2 272** | | |

# 9 Kommunen sine tenesteområde

## 9.1 Administrasjon og leiing

### Skildring av tenesteområde
Tenesteområdet omfattar rådmann og administrative funksjonar og fellestenester for Voss herad. Stabsavdelingane HR og innovasjon, Strategi og styring og Innbyggjarservice har ansvar for dei fleste funksjonane her. Klimamidlar ligg også her.

Tenesteområdet har ansvar for å legga til rette for politiske og administrative avgjersler, analyse- og utgreiingsarbeid, økonomiske transaksjonar, lønsarbeid, organisasjonsutvikling, verksemdstyring og internkontroll, samfunnsutvikling, kommunikasjonstenester, samfunnstryggleik og driftsstøtte til verksemda. Målgrupper for tenestene er innbyggjarar, politikarar og andre kommunalområde (internt).

### Status og utfordringar
Året 2022 var eit år der det vart utarbeida ein del planar og utviklingsprosjekt. Året 2023 har difor vore prega av å jobba med implementering av dette. I tillegg har det vore relativt høgt fråvær i staben. Staben skal gjera mange oppgåver og forventingar til utviklingsarbeid er høge. Organisasjonen er svært sårbare ved fråvær då det er få personar som jobbar med dei ulike fagområda. Stabane har mangla 935 dagsverk, som tilsvarer 4 årsverk, i 2023 grunna fråvær. Vanlege driftsoppgåver må prioriterast ved fråvær. Hjula har definitivt vore halde i gang i 2023 og kjerneaktivitetane er gjennomført. Det kan nemnast at det har blitt kontrollert og utbetalt ca. 28 000 faktura av økonomiavdelinga, IT-avdelinga drifta rundt 4 000 PCar og nettbrett, Innbyggjarservice tok i mot 11 000 telefonsamtalar, nær 114 000 dokumentfiler og drifta nettsida vår som har vel 1 million visningar, HR har hjelpt leiarar med 287 stillingsutlysingar, lønsgrunnlag for om lag 75 mill.kr vert klargjort og betalt ut kvar månad, økonomiplan og årsbudsjett er laga, og tertialrapport og årsmelding er skrive.

I tillegg har det vore jobba med følgjande utviklingsprosjekt:
- Implementering av nytt kvalitetssystem (avvik, dokument og risikostyring)
- Organisasjonsutvikling med kultur for forbetringsarbeid og leiarutvikling
- Jobba for å betra økonomiforvaltinga og -styringa i organisasjonen med styrka opplæring og nye verktøy
- Lansering og implementering av Vossalæring som digitalt læringsunivers for å støtta opp under leiarutvikling
- Oppstart av samarbeidsprosjekt mellom Voss/Sogndal/Kvam der me gjennom 2024 skal kartleggje moglegheit for samarbeid på IT-drift og anna.
- Kontinuerleg forbetring av sikkerheit med fleire innførte sikkerheitstiltak – tiltaka er jobba fram i lag med Microsoft og andre sikkerheitspartnarar – dei fleste av dei baserer seg også på Nasjonal sikkerheitsmyndigheit sine grunnprinsipp.
- Inngått pilot/intensjonsavtale med Microsoft-partner på proaktiv sikkerheitsovervaking der me skal hjelpa dei fram til eit ferdig produkt
-

Det var planlagt for å redusera årsverk i staben i perioden. Ved naturlege avgangar, er fleire stillingar halde ledig, men ikkje så mykje som planlagd. Dette skuldast at omlegging tek tid, og organisasjonen vert svært sårbar når kjernekompetanse forsvinn og må fordelast til enkeltpersonar.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon | 75 932 | 80 125 | 73 996 | 78 341 | -1 784 |
| Administrasjonslokale | 5 456 | 5 090 | 3 534 | 5 885 | 795 |
| Fellesutgifter | 1 917 | 2 501 | 2 419 | 2 625 | 124 |
| Tjenester utenfor kommunalt ansvarsområde | 1 326 | -289 | 0 | 1 350 | 1 639 |
| Naturforvaltning og friluftsliv | 2 499 | 1 570 | 11 087 | 4 361 | 2 790 |
| **Sum** | **87 131** | **88 998** | **91 036** | **92 562** | **3 564** |

## Kommentar til status økonomi

Samla sett har tenesteområdet eit mindreforbruk på nær 3,6 mill.kr. Tenesteområdet omfattar mange forskjellige område der nokon har meirforbruk og nokon har mindreforbruk. Generelt sett har har dei tre stabsavdelingane eit mindreforbruk, det er mindreforbruk på klimamidlar og det er meirforbruk på administrasjon som kjem frå Oppvekst og sentrale pensjonspostar.

Samla sett har tenesteområdet meirutgifter på løn på vel 4 mill.kr. Nær 2,6 mill.kr av dette er pensjonsavvik på sentrale pensjonspost som omtala i overordna kapittel, og det er ført over 2 mill.kr av Oppvekst sine stabsressursar på teneste 120 for administrasjon. Sistnemnte er feil rekneskapsføring om vert retta i 2024.

Staben hadde eit mindreforbruk på løn grunna vakante stillingar og sjukefråvær. Staben samla sett hadde eit mindreforbruk på løn på om lag 2,7 mill.kr, medrekna sjukelønsrefusjon. For å dekka viktige funksjonar har det vore leigd noko frå eksterne, med meirforbruk på om lag 750 000 kr.

Budsjett for lisensar og programvare vart auka for 2023. Samla sett er det nytta ca. 0,5 mill.kr mindre enn budsjett.

Momsutgifter og -refusjon er ikkje tilstrekkeleg budsjettert. Dette finn ein som utgift under Overføringsutgifter og Refusjonar. Dette gjev store avvik mot budsjett, men sidan det går i null har det ikkje effekt på resultatet.

## Rekneskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 56 110 | 63 989 | 59 838 | -4 151 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 34 873 | 32 050 | 34 947 | 2 897 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 969 | 2 144 | 2 241 | 98 |
| Overføringsutgifter | 10 940 | 11 916 | 5 654 | -6 262 |
| Finansutgifter | 612 | 430 | 0 | -430 |
| **Sum Driftsutgifter** | **104 504** | **110 529** | **102 681** | **-7 848** |
| Salgsinntekter | -2 832 | -2 562 | -2 142 | 420 |
| Refusjoner | -13 351 | -17 623 | -6 966 | 10 657 |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 190 | -1 346 | -1 010 | 336 |

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum Driftsinntekter | -17 373 | -21 531 | -10 119 | 11 413 |
| Netto resultat | 87 131 | 88 998 | 92 562 | 3 564 |

## Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Attraktive Voss | 08 - Anstendig arbeid og økonomisk vekst<br>09 - Industri, innovasjon og infrastruktur<br>11 - Bærekraftige byer og lokalsamfunn<br>12 - Ansvarlig forbruk og produksjon<br>13 - Stoppe klimaendringene | Redusera mengd utskrifter | | | | | |
| Inkluderande Voss | 03 - God helse og livskvalitet<br>05 - Likestilling mellom kjønnene<br>10 - Mindre ulikhet | Medarbeidarundersøkinga skal bidra til godt arbeidsmiljø og kompetente leiarar som er med på å gi stabile og gode tenester til innbyggjarane. | Deltaking medarbeidarundersøking, 10-faktor | | 85,0 % | 76,7 % | |
| | | | Score på Meistringsorientert leiing i medarbeidarundersøkinga | | 3,8 | 3,7 | same resultat som i 2021 |

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Score på Relevant kompetanseutvikling i medarbeidarundersøkinga | | 3,5 | 3,4 | |
| | | Sjukefråværsprosenten skal reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018 innan 2022 (IA avtalen). | | | | | |
| | | Voss herad har som mål å ta inn lærlingar i fleire fag og auka talet læreplassar i løpet av perioden. | Tal lærlingar | 18 | 24 | 24 | 2 innan IT, 1 "menn i helse", resten |
| Innovative Voss | 11 - Bærekraftige byer og lokalsamfunn<br>13 - Stoppe klimaendringene<br>16 - Fred, rettferdighet og velfungerende institusjoner | Me skal redusera lagra datamengd i kommunen for å redusera klimafotavtrykket vårt | Årleg reduksjon i lagra datamengd i Voss herad (TB, terabyte) | | 35 | | Det har vore reduksjon på lagring lokalt i datasenter grunna overgang frå gammal til ny fillagringsløysing på teknisk. I denne samanhengen blei det gjennomført ein god ryddejobb. Men generelt sett blir det lagra meir og meir, men no som regel i sky (OneDrive/Teams/Exchange) |
| | | Voss herad leggjer til rette for universelt utforma og digital kommunikasjon med innbyggjarane. | Brukarar av Mi side for sjølvbetening | 12 000,0 | 13 000,0 | 8 315,0 | Har tatt i bruk løysing som rutar deg direkte frå artikkel du står utan i klikka deg innom Min Side. Det gjev færre sidevisingar, men betyr ikkje at tenesta er redusert. |

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | |
| **Administrasjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)** | 5 092 | 5 096 | 4 955 | 3 975 | 5 341 | 4 266 |
| **Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B) *) **)** | 536 | 512 | 490 | 530 | 696 | 519 |
| **Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)** | 6,5 % | 6,7 % | 6,6 % | 5,7 % | 8,2 % | 6,5 % |
| **Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B) *) **)** | 154 | 153 | 104 | 110 | 211 | 176 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Vedtak forrige periode** | | | |
| **Redusera administrasjon** | -1 258 | I arbeid | |
| **Sum** | **-1 258** | | |
| | | | |
| **Politisk vedtak** | | | |
| **HST 15.12.22 ENØK-tiltak og straumstøtte til næringsliv** | 8 000 | I arbeid | |
| **Sum** | **8 000** | | |
| | | | |
| **Nye tiltak** | | | |
| **Styrking og utgiftsauke, digitalisering og IT** | 2 050 | I arbeid | |
| **Ukraina budsjett** | 300 | Ferdig | |
| **Sum** | **2 350** | | |

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **Sum tiltak** | **9 092** | | |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| **Investering** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Kommentar** |
| **Dagsturhytte** | 0 | 273 | Arbeid med grunn og fundament vart utført i juli 2022, deretter vart hytta montert og overteke i slutten av november. Når snøen var smelta i mai 2023 tok ein opp att arbeidet med overflatebehandling innvendig, samt bygging av utvendige rampar for å fanga opp terrenghøgda rundt hytta. Det var førebudd med fundament og kummar for å etablera ein utedo med god kapasitet, som vart flogen på plass i juni.  Prosjektet har ikkje hatt uhell som har førd til fråvær. Prosjektet vart ferdigstilt og opna sommaren 2023. Utover hausten 2023 viste det seg at deler av vegen går i oppløysing grunna auka bruk til fots og på sykkel, ein vil difor gå igang med nokre utbetringar med grøft og drenering, samt plankesti på utsette stadar våren 2024. |
| **Datasenter 2027** | 0 | 1 002 | Det var budsjettert med 1,5 mill + mva i opprinneleg budsjett 2023 til digital infrastruktur i form av nettverk, lagring og digitale samhandlingsrom (prosjektnr 4702 Felles IT anlegg). Det er investert i ny lagringsløysing til datasenter (prosjektnr 4706 Datasenter 2027) og naudsynt oppgradering av trådlaust nettverk (prosjektnr 4523 Nettverk 2025) som planlagt. |
| **Diverse anleggsmaskiner** | 0 | 379 | Kjøp av maskiner/utstyr til driftsavdelinga til bruk i tenesteområde samferdsel (vedlikehald og utbetring kommunale vegar sommar/vinter) og tenesteområde vatn, avlaup og renovasjon. I 2023 er det kjøpt inn to bilar (0,6 mill tenesteområde vatn, avlaup og renovasjon, i tillegg til 0,4 mill til elektrisk varebil til bilverkstaden på tenesteområde administrasjon og leiing). I tillegg er det etablert og sett i drift solcelleanlegg på kommunalt bygg på Brynavollen, til 1,5 mill kr inkl mva (tenesteområde samferdsel). |
| **Nettverk 2025** | 1 875 | 774 | Det var budsjettert med 1,5 mill + mva i opprinneleg budsjett 2023 til digital infrastruktur i form av nettverk, lagring og digitale samhandlingsrom (prosjektnr 4702 Felles IT anlegg). Det er investert i ny lagringsløysing til datasenter (prosjektnr 4706 Datasenter 2027) og naudsynt oppgradering av trådlaust nettverk (prosjektnr 4523 Nettverk 2025) som planlagt. |
| **Sum** | **1 875** | **2 428** | |

# 9.2 Plan, næring og forvalting

### Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet har ansvar for at kommunen vert utvikla i tråd med gjeldande planar og vedtak, innan offentlege og private arealplanar, byggesak, oppmåling og næring. Eininga skal bidra til å skapa gode fysiske bumiljø, leggja til rette for næringsutvikling og ivareta kommunen sin eigenart. Vidare har eininga ansvar for å sikra bruk og vern av kommunen sine areal- og naturressursar, samt sikra samfunnet si trong for stadbunden informasjon. Tilskot til næring, konsesjonskraft og disponering av kraftfond ligg også her.

Voss herad har vedteke strategisk næringsplan og tilsett næringssjef som kan endra heradet si rolle og arbeidet med næringsutvikling. Det er i tillegg utarbeidd reiselivsplan for berekraftig reiseliv på Voss.

### Status og utfordringar

Det vart gjennomført medarbeidarundersøking i 2023. 10 - faktor undersøkinga syner at dei tilsette på plan og oppmåling trivst veldig godt i jobben sin, og i avdelinga. Gjennomsnittsfaktoren av dei ti faktorane er veldig høg med resultat på 4,72 av 5. Det er avdelinga veldig godt nøgd med, men me har mål om å bli endå betre på meistringstru. Orsaka er at oppgåvene vert meir og meir komplisert og samansett, og utviklinga skjer veldig raskt. Fagleg oppdatering er viktig slik at nye tema, føringar, forventningar og krav vert «fanga opp».

Det er viktig å prioritera rett og jobba med det «viktigaste» fyrst. Alt hastar, men alt kan ikkje løysast samstundes. Det er og viktig at me samarbeider på tvers av avdelingar slik at me kan overlappa for å løysa komplekse oppgåver og problemstillingar.

Avdelinga har prioritert tiltak å jobba med: Sette av tid til oppdatering/fagleg utvikling på viktige tema, interkommunalt samarbeid og utveksla erfaringar, internt samarbeid og hjelpa kvarandre.

Byggjesak har hatt stor utskifting av personell i 2023. Me har lukkast å rekruttera sakshandsamarar, men vanskar med leiar. Skifte av personell vil uansett føra til ein periode med lågare produksjon i samband med opplæring. Det er sett i verk tiltak for å auka produksjonen gjennom jamn oppfølging av økonomisk status og måloppnåing. Tenesta er svært viktig for både innbyggjarane og næringsdrivande.

Tilrettelegging av bistand for næringslivet er auka siste året med ny stilling som næringssjef. Stillinga stod vakant deler av året då ny næringssjef tok til i mai.

### Hovudprioriteringar

Me må halda fram med å nytta ressursane våre så effektivt som mogleg. Nøkkelen til å lukkast kan vera å:

- prioritera kva oppgåver me skal gjennomføra. Når oppgåvene er definerte, må me finna dei mest effektive måtane å løysa oppgåvene på.
- sikra gode team av tilsette som kan utfylla kvarandre på ein god og effektiv måte.
- ha fokus på godt samarbeid og høg produktivitet med god fagleg kompetanse.

Lønskostnader er største utgifta for tenesteområdet, men i tillegg kjem store kostnadar til kartlisensar. Våre viktigaste oppgåver er å forvalta plan- og bygningslova, matrikkellova, jordlova, skoglova og konsesjonslova, i tillegg til å forvalta statlege oppgåver på landbruksida, inklusiv arbeidet med landbrukstilskota. Me skal og vera gode tilretteleggjarar for god samfunnsutvikling. Det betyr å møta ein profesjonell marknad med høg kompetanse og profesjonelt nivå.

Voss herad må vera langt framme i bruk av teknisk utstyr og nye hjelpemiddel, samt vera utadretta og løysingsorienterte med fokus på å løysa oppgåvene i lag med kundane.

For fleire av tenestene viser det seg at rekruttering er ei utfordring. Voss herad må arbeida meir og vera kreative i kampen om dei gode folka.

### Status økonomi per teneste

***Beløp i 1000***

| **Teneste** | **Rekneskap 2022** | **Rekneskap 2023** | **Opph. bud. 2023** | **Rev. bud. 2023** | **Avvik i kr** |
|---|---|---|---|---|---|
| **Plan - sakshamsaming** | 3 985 | 4 457 | 4 509 | 4 821 | 363 |
| **Bygge- og delesak** | -455 | -118 | -238 | 52 | 170 |
| **Kart og oppmåling** | 2 828 | 3 168 | 3 411 | 3 635 | 467 |
| **BOLIGBYGGING FYSISKE BOMILJØTILTAK** | 0 | 10 | 0 | 0 | -10 |
| **Tilrettelegging og bistad for næringslivet** | 30 552 | 17 323 | 16 977 | 17 110 | -213 |
| **Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling** | 2 859 | 4 233 | 3 285 | 3 502 | -731 |
| **Sum** | **39 769** | **29 073** | **27 945** | **29 120** | **47** |

### Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet omfattar totalt 6 ulike tenester som endar opp i tilnærma balanse i høve revidert budsjett. Rekneskapen samla for alle tenestene viser mindreforbruk på løn og kjøp av varer/tenester med 1,4 mill, medan det er meirforbruk på kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon. 0,8 mill av dette gjeld veterinærordninga, som er finansiert gjennom auka refusjon og salsinntekter. 2,3 mill kr av meirforbruket gjeld avtale om drift av turistinfo og Visit Voss, som tidlegare var dekka av kraftfondet. På inntektssida er salsinntektene lågare enn budsjett medan refusjonar er høgare, og samla meirinntekter vert då 2 mill. kr.

Teneste plan - sakshandsaming viser netto mindreforbruk med 0,4 mill.kr i høve budsjett. Det er mindreforbruk på fleire postar, men den mest vesentlege er mindreforbruk konsulentar med 0,5 mill. kr. Sjølvkostområdet bygge- og delesak har 1,5 mill i mindre gebyrinntekter i høve budsjett. Det er samstundes mindreforbruk på løn med 0,8 mill. kr grunna vakanse. Det var planlagt å nytta 0,8 mill frå sjølvkostfond, men etterkalkylen medførte at det var naudsynt å inntektsføra 1,7 mill frå fondet. Etter fondsbruk syner rekneskapen netto mindreforbruk med knapt 0,2 mill. kr.

Kart og oppmåling viser netto mindreforbruk med 0,5 mill. kr. Avdelinga har innsparingar på fleire utgiftspostar, men den største einskildposten er mindreforbruk til kartverk. I tillegg har det vore meirinntekter på gebyr oppmålingsforretning med 0,3 mill. kr grunna stor pågang og mange handsama saker. Dette medførte eit positivt sjølvkostresultat med 0,1 mill. kr, som vart avsett til fond.

Teneste boligbygging fysiske bomiljøtiltak omfattar kommunen sitt overordna arbeid til flaumsikring og geofare. Arbeidet har fått auka fokus i 2023, og frå 2024 vil ein eigen stillingsheimel nyttast i dette arbeidet.

Tilrettelegging og bistand for næringslivet viser netto meirforbruk på 0,2 mill. kr. Både inntekter og utgifter ligg over budsjett, men går tilnærma i 0. Nytilsett næringssjef tok til i stillinga i mai månad. Då stillinga var budsjettert for heile året, er det noko mindreforbruk på løn.

Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling har eit meirforbruk i høve budsjett på 0,7 mill. kr. Jordkarbonprosjektet strekkjer seg over fleire år og representerer eit meirforbruk i 2023 med 0,4 mill. kr. Meirforbruket vil verta refundert frå fylkeskommunen i 2024. I tillegg viser rekneskapen eit meirforbruk på pensjon med 0,2 mill. kr. Veterinærvakt har høgare aktivitet enn budsjettert, med høgare kostnader finansiert med statleg tilskot og refusjon frå samarbeidskommunane i ordninga.

### Rekneskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 16 646 | 18 810 | 19 396 | 587 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 3 617 | 2 993 | 3 818 | 824 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 2 825 | 5 572 | 2 400 | -3 172 |
| Overføringsutgifter | 30 458 | 14 336 | 13 344 | -992 |
| Finansutgifter | 1 500 | 1 605 | 1 500 | -105 |
| **Sum Driftsutgifter** | **55 046** | **43 316** | **40 458** | **-2 857** |
| Salgsinntekter | -6 152 | -5 879 | -7 457 | -1 578 |
| Refusjoner | -7 116 | -6 668 | -3 082 | 3 586 |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -2 010 | -1 696 | -800 | 896 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-15 277** | **-14 243** | **-11 338** | **2 905** |
| **Netto resultat** | **39 769** | **29 073** | **29 120** | **47** |

### Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Attraktive Voss | | Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband | Byggesaker handsama innafor tidsfrist fastsett i Plan- og bygningslova | 95,0 % | 100,0 % | 95,0 % | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | |
| **Netto driftsutgifter per innbygger (302) byggesaksbehandling og eierseksjonering (B) *) **)** | 82 | 97 | 148 | -119 | 58 | 134 |
| **Netto driftsutgifter til fysisk planlegging per innbygger (B) *) **)** | 547 | 558 | 832 | 253 | 296 | 558 |
| **Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B) *) **)** | 208 | 190 | 249 | 76 | 164 | 128 |
| **Kvalitet** | | | | | | |
| **Dispensasjonssøknader i alt**<br>**Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)** | 26 | | 58 | 54 | 20 | 46 |
| **Søknader i samsvar med plan**<br>**Byggesøknader i alt**<br>**Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)** | 23 | | 27 | 29 | 3 | 21 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | | |
| **Område- og detaljreguleringsplaner vedtatt av kommunen siste år (B)** | 8 | 7 | 7 | 2 | 11 | 187 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Politisk vedtak** | | | |
| **HST 15.12.22 ENØK-tiltak og straumstøtte til næringsliv** | 2 000 | Ferdig | Ferdigbehandla og utbetalt i juni månad. |
| **Sum** | **2 000** | | |
| | | | |
| **Nye tiltak** | | | |
| **Næringssjef** | 950 | Ferdig | Næringssjef tok til i stillinga i mai. |
| **Sum** | **950** | | |
| | | | |
| **Sum tiltak** | **2 950** | | |

### Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| **Investering** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Kommentar** |
| **Flaumsikring Elvegata** | 2 000 | 0 | Ny gangbru langs Vosso. Forventa oppstart i 2024. Tingingar pågår med VESTBO AS med avklaring om kor mykje dei skal bidra med i prosjektet. |
| **Industrifelt istad** | 0 | 203 | Det er ikkje rekneskapsført inntekter for tomtesal i 2023. Kostnader gjeld etablering av naudsynt infrastruktur; innkjøp og klargjering av hydrant for sløkkjevatn. |
| **Kjøp og sal eigedom** | 0 | 100 | Kjøp av bustad på Framnes, i tilknyting til Vossestrand omsorgssenter (2,7 mill kr, tenesteområde Eigedom og bustad). Kjøp av bustadtomt og opprydding i eigedomsforhold (0,1 mill kr, tenesteområde 10 Plan, næring og forvalting). |
| **Sum** | **2 000** | **303** | |

## 9.3 Samferdsel

### Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvesteringar i kommunale vegar, inklusiv kommunale gang- og sykkelvegar samt Bømoen flyplass. Voss herad har om lag 296 km kommunal veg (tidlegare Voss 237 km, Granvin 47 km, Oksenhalvøya 12 km). 57% har fast dekke, resten er grusvegar. Voss herad har 11,3 km gang- og sykkelvegar, om lag 120 bruer og 5 tunellar.

Avdelinga har og ansvar for flaumsikringstiltak. Eininga har ansvar for verkstad som driftar og vedlikeheld kommunale bilar, inklusiv maskinparken for heile Voss herad.

Voss flyplass Bømoen ligg under samferdsle og omfattar drift og vedlikehald av flyplassen.

### Status og utfordringar

Heradet fekk vedteke ein ny Trafikksikringsplan for Voss i desember 2021. Med denne som grunnlag vart det søkt om trafikksikringsmidlar og heradet fekk tilsagn på 1,755 mill, fordelt med 1 mill til Brynalii og 0,755 mill til trafikksikringstiltak rundt Gullfjordingen skule.

I 2023 har det vore arbeid med hovudplan for veg som vert lagt fram til politisk handsaming mars 2024. Planen vil synleggjera trongen av midlar både innafor drift og investering for å ta vare på og oppgradera det kommunale vegnettet.

Eit av måla til tenesteområdet var å optimalisera bruk av maskinpark og teknisk mannskap. Bygg og eigedomsavdelinga og vegdrift har nytta eigen maskinpark betre gjennom sambruk av maskinparken. Dette arbeidet vil halda fram vidare for å effektivisera og auka bruken av maskiner ytterlegare og hindra større lager enn naudsynt.

Det har vorte nytta ekstern entreprenør for realisering av del 2 av utbyggingsavtale med Brynali 102 med oppgradering av VA i  Brynalii. Arbeidet er fullført i 2023.

Arbeid på Bjørkevegen i tråd med tidlegare inngått utbyggingsavtale med NOBI vart innan tidsfristen sluttført i 2023. Dette var viktig då det var stor trafikk på vegen i samband med Landskytterstemnet. I 2023 er det inngått nye utbyggingsavtalar i tråd med detaljreguleringsplanar.

Oppgradering av Rongavegen har vore eit stort veganlegg. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom veg og VA. Arbeidet vert fullført i 2024.

Lekvemokrysset kom eit steg vidare mot realisering, og arbeidet held fram i 2024.
Kommunale vegar fekk tilført ekstra midlar til brøyting og strøing hausten 2023, men ein hard vinter har ført til at desse midlane vart oppbrukt, og det vart overskriding. Anleggsavdelinga har utført mykje godt vedlikehald på kommunale vegar med eige utstyr og mannskap.

Det er teke fatt på oppgradering av bruer som er særs dårlege. I 2023 starta arbeidet med ny bru over Granvinselva (Såkvitnebrua). Denne vert ferdig tidleg i 2024.

Voss herad deltek som ein av 4 kommunar i eit pilotprosjekt kalla FlomRisk. NVE er prosjekteigar. Hovudmål er å gje betre lokal varsling av flaum. Teknisk drift er aktiv med i gruppa som arbeider med dette.

Arbeid med å ta hand om overvatn langs kommunale vegar vert ei stadig større utfordring då været vert villare og våtare grunna klimaendringar. Overvassystemet er av eldre dato og er ikkje dimensjonert for dei store nedbørsmengdene som kjem med ujamne mellomrom. Leidningar og kummar vert skifta i samband med større vedlikehald på vegane, men det er mange stadar der ein skulle ha fornya/sikra bekkeinntak og røyr under vegen.

Rekruttering har vist seg å verta meir utfordrande, både til driftsavdeling og vegingeniør. Det vart vedteke i heradstyre i 2023 at det skulle opprettast ei ny stilling som skulle prioritera arbeidet med flaumproblematikk i Vossavassdraget. Denne har starta opp i 2023.

Voss flyplass Bømoen fekk ny konsesjon i 2023. Arbeidet med å gjennomføra tiltak for å dekke avvik/merknader i samband med tilsyn, har vore 1.prioritet. Flyplassen skal stå fram som ein profesjonelt driven flyplass der sikkerheit har høg prioritet.

### Hovudprioriteringar

- Effektiv drift av vegnettet tilpassa gitte økonomiske rammer
- Auka tilrettelegging for mjuke trafikantar
- Følgja opp og revidera prioriteringslista for utbetring av kommunale vegar
- Digitalisering av vegnettet til NVDB (Norsk VegDataBase)
- Retting av feil i vegnettet (databasen) og revidera eksisterande skiltplanar. Arbeidet vil halda fram i 2024.
- Redusera tal km kommunal veg, då Voss herad har svært høgt tal km kommunal veg i høve til innbyggjartalet
- Få til samarbeid med offentlege og private aktørar for å oppgradera det kommunale vegnettet gjennom spleiselag, då det er stort etterslep på vegvedlikehald
- Ferdigstilling og politisk handsaming av hovudplan Veg
- Følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt
- Utbetring av bruer i samsvar med tilstandsrapportar for å hindra stenging
- Utbetra Voss flyplass Bømoen i høve tilsyn og følgja opp miljøpunkta som vart arbeidd med som del av konsesjonsprosessen

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Samferdsle | 397 | -173 | 220 | 234 | 407 |
| Kommunale vegar,miljø,traikksikr,parkering | 36 710 | 35 121 | 27 129 | 35 106 | -14 |
| Kommunale vegar | 0 | 1 | 0 | 0 | -1 |
| **Sum** | **37 107** | **34 948** | **27 348** | **35 340** | **392** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet omfattar i hovudsak 2 tenester som endar opp med 0,4 mill i netto mindreforbruk. Me har fått inn meir momskompensasjon enn budsjettert, og rekneskapen ligg difor 4 mill høgare på overføringsutgifter og refusjonar (som gjer at totalen går i 0).

Voss flyplass Bømoen har fått ny konsesjon. Luftfartstilsynet gjennomførte tilsyn og gav diverse pålegg om utbetring. Dette er under arbeid. Det er gjennomført vedlikehald i form av utbetring av dekket på rullebanen og forskriftsmessig oppmerking. Dette medfører auka kostnadar og resultatet viser eit meirforbruk på nær 0,2 mill kr. Grunna etterslep på festeavgifter for dei 3 føregåande åra vart resultatet likevel eit mindreforbruk på 0,4 mill kr.

Tenesteområde kommunale vegar, miljø, trafikksikring og parkering sin rekneskap syner balanse i høve budsjett. Noko mindreforbuk løn skuldast vakante stillingar som no er under tilsetjing. Det er vidare utført arbeid med eige mannskap og maskiner på investeringsprosjekt. I perioden har det vore store utgifter til reparasjon av lastebil og gravemaskin.

Snøbrøyting og strøing viste tidleg eit større meirforbruk. Grunna det høge meirforbruket vart det innført reduksjon i sommarvedlikehaldet av kommunale vegar. Forsiktig bruk av vedlikehaldsmidlar gjennom sommaren og tilleggsløyvingar gjorde at resultatet vart tilnærma budsjett. I tertialrapport 1 og 2 vart det løyvd til saman 3 mill ekstra.

## Rekneskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 8 870 | 10 021 | 10 102 | 81 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 28 938 | 26 444 | 25 959 | -485 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 30 | 0 | -30 |
| Overføringsutgifter | 6 733 | 7 471 | 3 522 | -3 949 |
| Finansutgifter | 2 | 3 | 0 | -3 |
| **Sum Driftsutgifter** | **44 542** | **43 970** | **39 583** | **-4 387** |
| Salgsinntekter | -333 | -1 160 | -462 | 698 |
| Refusjoner | -7 102 | -7 862 | -3 781 | 4 081 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-7 435** | **-9 022** | **-4 243** | **4 779** |
| **Netto resultat** | **37 107** | **34 948** | **35 340** | **392** |

## Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Attraktive Voss | 09 - Industri, innovasjon og infrastruktur | Alle kommunale vegar skal minimum 10 tonn akseltrykk (50 tonn totalvekt) | Oppgradering av alle kommunale vegar til minimum 10 tonn akseltrykk | 2 920 | | 1 700 | |
| | | Tilpassa aktivitet og utgiftsnivå for drift av kommunalt vegnett til gitte rammer | Tal kilometer kommunal veg omklassifisert i løpet av året | 3 | 6 | 0 | |
| | | | Vedteken hovudplan kommunale vegar innan utgangen av 2024 | | | 50 | Kartlegging og forarbeid med temaplanen er i hovudsak gjennomført i 2023. Planen vert politisk handsama i mars 2024. |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | |
| **Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B)** | 3,5 % | 3,2 % | 2,9 % | 1,2 % | 1,6 % | 2,2 % |
| **Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. vei er og gater (B) *)** | 2 918 | 2 709 | 1 680 | 1 167 | 1 127 | 1 563 |
| **Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B) *) **)** | 2 948 | 2 702 | 2 449 | 839 | 1 127 | 1 595 |
| **Produktivitet** | | | | | | |
| **Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) *)** | 128 406 | | | | | |
| **Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B) *)** | 157 458 | 152 124 | 156 888 | 197 181 | 117 429 | 196 484 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) *)** | 127 438 | | | | | |
| **Dekningsgrad** | | | | | | |
| **Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger** | 18,65 | 18,15 | 10,84 | 6,01 | 10,97 | 8,53 |
| **Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)** | 20 | 22 | 12 | 15 | 6 | 20 |
| **Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)** | 72 | 50 | 92 | 107 | 303 | 140 |
| **Kvalitet** | | | | | | |
| **Andel kommunale veier og gater uten fast dekke** | 45,2 % | 55,9 % | 11,7 % | 7,8 % | 71,7 % | 29,4 % |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | | | |
| **Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede** | 116 | 83 | 159 | 207 | 548 | 8 147 |
| **Kommunal vei og gate. Antall kilometer** | 301 | 299 | 188 | 116 | 198 | 4 971 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## Status økonomiplantiltak

**Rammeendringar i økonomiplanen**

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Vedtak forrige periode** | | | |
| **Omklassifisere vegar, plassar, bruer** | -200 | I arbeid | Hovudplan kommunale vegar vert lagt fram til politisk handsaming mars 2024. Vedtak vil leggja grunnlag for vidare realisering av innsparing som følgje av omklassifisering. |
| **Sum** | **-200** | | |
| | | | |
| **Sum tiltak** | **-200** | | |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året: Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
|---|---|---|---|
| **Bjørkemoen utbetring veg/VA** | 4 000 | 5 159 | Arbeidet med opprustning av vegen vart fullført i 2023. Står att å montera opp gateljos. |
| **Brynalii vegforsterking- o.v.** | 3 400 | 3 468 | Siste rest av arbeidet i Brynalii. Arbeidet vart ferdig utført i 2023. I løpet av 2024 vil det koma refusjon frå KVEIK AS som vil redusera |

| Investering | Budsjett for året<br>Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
|---|---|---|---|
| | | | det mellombelse meirforbruket på prosjektet. Vestland fylkeskommune har bidrege med 1 mill kr i trafikksikringsmidlar til gangfelt og fortau. Prosjektnr 6468 "Utbyggingsavtale Brynalii 102 politistasjonen" må sjåast i samanheng med prosjektnr 6892 "Brynalii vegforsterking-o.v." (overvatn). |
| **Brynavollen anleggsavd bygg/eigedom** | 325 | 321 | Utskifting av porter til kommunalt bygg på Brynavollen, som medfører innsparing av energi ENØK. |
| **Cat 325F gravemaskin** | 4 400 | 4 374 | Innkjøp av ny gravemaskin til anleggsavdelinga i 2023. Gamal maskin vart skifta ut gjennom innbyte. |
| **Diverse anleggsmaskiner** | 1 500 | 1 512 | Kjøp av maskiner/utstyr til driftsavdelinga til bruk i tenesteområde samferdsel (vedlikehald og utbetring kommunale vegar sommar/vinter) og tenesteområde vatn, avlaup og renovasjon. I 2023 er det kjøpt inn to bilar (0,6 mill tenesteområde vatn, avlaup og renovasjon, i tillegg til 0,4 mill til elektrisk varebil til bilverkstaden på tenesteområde administrasjon og leiing). I tillegg er det etablert og sett i drift solcelleanlegg på kommunalt bygg på Brynavollen, til 1,5 mill kr inkl mva (tenesteområde samferdsel). |
| **Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe ved-anlegg** | 1 500 | 917 | Voss herad er ferdig med trinn 1 på prosjekt 6817 Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe veg-anlegg. Arbeidet med trinn 2 av vegen har planlagt oppstart i 2024. Kommunen har eit samarbeid med Tendranett/Voss energi for omlegging av høgspentkabel i området. Denne må leggjast om før prosjektet kan halda fram. Vert finansiert gjennom kommunen si eiga løyving til generell veginvestering/vegpakke. |
| **Finnesvegen - Eskelandsvegen trafikksikringstiltak** | 7 375 | 3 660 | Arbeidet er ferdig utført. Har motteke kr 755.000 i trafikksikringsmidlar til prosjektet. Utbyggjar ved Husflidskulen skal bidra med kontantbidrag når dei set i gong arbeidet. 1/3 seinast 3 mnd etter igangsettingsløyve. Totalt er bidraget på 3,25 mill kr. |
| **Giljavegen forsterking** | 900 | 1 089 | Arbeidet med vegen var i hovudsak utført i 2022. Siste rest med asfaltering vart utført i 2023. Finansiert frå løyving til "Veginvestering/vegpakke" prosjektnr 6836. |
| **Kryss Skutle - Vikjeshovden vegutbetring** | 0 | 4 | Avtale om grunn til kommunal veg. Sjølve vegarbeidet var gjennomført i 2021. |
| **Rongavegen - veg og VA** | 2 100 | 1 156 | Arbeidet med utbetring av vegen er planlagt fullført våren 2024. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom VA og vegavdelinga. Vert fiansiert ved løyving til veginvestering/vegpakke og VA-anlegg. |
| **Sentralidrettsanlegg ny infrastruktur** | 500 | 0 | Prosjektet omfattar ny veg/tilkomst til Voss camping, samt opprusting av parkeringsplassar og veg inn til Voss idrettshall m.m. Prosjekteringsarbeidet er i full gang og oppstart av arbeidet er planlagt til etter ferien 2024. Vegen vert lagt om slik at ein tek vare på flest mogleg av trea som står i området. |
| **Standardh.bruer (inv.)** | 1 750 | 0 | Voss herad har starta med opprustning av bruer i samsvar med utførte tilstandsvurderingar. I 2023 byrja arbeidet med Såkvitne bru som vil halda fram i 2024 saman med andre bruer. Prosjekt 6821 "Standardheving bruer" må sjåast som finansieringspost for prosjektnr 6825 "Såkvitne bru" og komande bru-prosjekt. |

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
|---|---|---|---|
| **Såkvitne bru** | 0 | 544 | Sjå prosjekt 6821 Standardheving bruer ovanfor. |
| **Utbyggingsavt. Brynalii 102 politistasjonen** | 2 300 | 3 269 | Siste rest av arbeidet i Brynalii. Arbeidet vart ferdig utført i 2023. I løpet av 2024 vil det koma refusjon frå KVEIK AS som vil redusera det mellombelse meirforbruket på prosjektet. Vestland fylkeskommune har bidrege med 1 mill kr i trafikksikringsmidlar til gangfelt og fortau. Prosjektnr 6468 "Utbyggingsavtale Brynalii 102 politistasjonen" må sjåast i samanheng med prosjektnr 6892 "Brynalii vegforsterking-o.v." (overvatn). |
| **Sum andre prosjekt** | 0 | 4 153 | |
| **Sum** | **30 050** | **29 626** | |

# 9.4 Eigedom og bustad

### Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale bustader, eigedomsforvaltning og kommunale grønt- og friområde. Formålsbygg er sortert under ulike andre tenesteområde, og skal omtalast der (administrasjonsbygg, skular, barnehagar, institusjonsbygg, idrettsanlegg/bygg samt kommunale kulturbygg).

Avdeling Bygg og eigedom (BOE) utfører tenester for nær alle tilsette i Voss herad gjennom byggdriftarane og reinhaldsavdelinga. Dette betyr eit spesielt fokus på å samarbeida på tvers av kommunalavdelingane.

Tenesteområdet har ansvar for generell forvalting av kommunale bygg og eigedomar, uavhengig av om bygga er i bruk eller ikkje. Kommunen har også tilbod om bustad til innbyggjarar som ikkje klarar å skaffa eigen bustad sjølve, personar med låg buevne og innbyggjarar som har behov for tilpassa bustad. Den kommunale bustadmassen er jamt fordelt på fleire eigarar; Voss herad, Voss kommunale bustadstifting, Voss eigedom AS og Granvin bustadstifting.

Tenesteområdet har også ansvar for forvalting, drift og vedlikehald av kommunale parkar, friområde, leikeplassar/nærmiljøanlegg, idrettsanlegg, badeplassar, utandørsanlegg ved skular/barnehagar/omsorgsbygg/administrasjonsbygg, samt vintervedlikehald og drift av gangvegar og andre mindre samferdsleanlegg.

I Voss herad har park og idrett samarbeid med kyrkja om drift og vedlikehald av gravplassar og anlegg kring kyrkjene, samt graving i samband med gravferder.

### Status og utfordringar

Flaumen i november 2022 gjorde stor skade i heile heradet og førte til mykje ekstraarbeid, ikkje minst for bygg og eigedom (BOE). 2023 var også prega av utbetringsarbeid.

Det er gjennomført tilstandsanalysar på formålsbygg eldre enn 10 år. I året som gjekk har avdelinga starta opp arbeidet med ein FDV-plan (forvalting, drift og vedlikehald) som svarar ut tiltak i tilstandsanalysane og legg grunnlaget for innspel til budsjett og økonomplan.

Enøk-analyse har som føremål å definera energitilstand på bygget og fremja lønsame og verknadsfulle energitiltak i prioritert liste med tiltaksløysingar.

Byggdriftarane i Voss herad jobbar kvar dag med å optimalisera drifta av formålsbygga våre. BOE har automatisert store delar av drift av bygningsmassen, og utnyttar dei fordelane sentrale styringssystem gjev. Eit Energi Oppfølgings System (EOS) er kome på plass i 2023. Her får me energidata frå våre nettselskap. Dette gir grunnlag for god kontroll samt styring og prioritering av enkeltbygg. I tillegg vil dette gje moglegheiter for å prioritera ENØK-tiltak i tråd med dei tilrådde tiltaka frå tilstandsanalysane.

Arbeidet med å få inn alle opplysningar om våre formålsbygg, bustader og eigedommar pågår for fullt. Mange har teke i bruk det digitale systemet Famac som det kommunikasjonssystemet det er meint å vera. Famac betrar kommunikasjonen og gjer oss meir effektive med omsyn til oppfølging av brukarane. Det er integrert med heradet sitt nye kvalitetssystem Compilo, og dette vil me ta i bruk i 2024.

Handverkarane jobbar med heradet sin bustadmasse, og bidreg også inn i andre prosjekt som BOE gjennomfører på bygga våre. Me har teke i bruk bygg i 2023 som har vore ute av drift ei tid. Det er eit kontinuerleg behov for oppussing av eksisterande bustadmasse.

Lovverket som gjev kommunen høve til å avvikla dei kommunale bustadstiftingane utan å måtta betala dokumentavgift ved overføring av heimlane, er no på plass. Det er eit vindauge fram til 2028 der dette lovverket er gjeldande, BOE vil starta dette arbeidet i 2024.

Reinhaldarane er samla i ei eiga, felles avdeling under Bygg og eigedom. Avdelinga er framleis under utvikling. Fokus har vore og er framleis å betra samhandling, auka status på reinhaldsfaget og profesjonalisera reinhaldstenestene. Målet er flest mogleg tilsette med 100 % stilling. Det er ved utgangen av 2023 42 tilsette i 100 % stilling.  Det er 16 tilsette som har stillingsprosentar på mellom 18 % og 93 %.
Målet om at flest mogleg reinhaldarar skal ha fagbrev, er framleis like aktuelt. 24 medarbeidarar har ved utgangen av 2023 fagbrev i reinhaldsfaget, i tillegg er 9 tilsette i gang med teoridelen og 3 venter på å få gjennomført siste del - praksisprøva.

Felles avdeling gjev høve til å bruka personalet på tvers av einingar der behovet er størst. Det er etablert eit team som på sikt skal inn i spesialreinhald av ulikt slag. Desse har vorte brukt for å dekka inn sjukefråver, men planen er at dei skal inn på reinhald der me i dag leiger inn private aktørar.
Arbeidet med å skaffa bustad til nye flyktningar i tillegg til eit stort press på kommunale bustader, har vore ei utfordring for heradet og det er leigd inn mange private bustader i tillegg til våre eigne for å stetta behovet.

### Hovudprioriteringar

- Utvikla bygningsmassen med omsyn til brukarane sine behov
- Etablera ein Bustadstrategi
- Optimalisera byggdrifta spesielt med tanke på ENØK og inneklima, gjennom bruk av tilstandsanalysar og eigne prioriteringar på vedlikehald gjennom ein FDV-plan
- Følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt
- Utøva god eigedomsforvaltning gjennom å optimalisera og tilpassa tal og type bygg til behov, slik at unytta bygg vert omdisponert eller avhenda

### Status økonomi per teneste

***Beløp i 1000***

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Eigedomsforvaltning** | 11 505 | 14 855 | 21 485 | 22 922 | 8 068 |
| **Kommunalt disponerte bustader** | 4 164 | 5 418 | 8 268 | 10 044 | 4 627 |
| **Parkar og plassar** | 5 490 | 6 140 | 5 774 | 5 743 | -397 |
| **Sum** | **21 159** | **26 413** | **36 231** | **38 710** | **12 298** |

### Kommentar til status økonomi

Samla for alle tenestene syner tabellen eit stort mindreforbruk på 12,3 mill.kr. Avviket skuldast i hovudsak meirinntekter på brukarbetaling og refusjonar i tillegg til mindreforbruk på løn i høve budsjett.

Kommunalt disponerte bustader har ei netto meirinntekt på om lag 4,6 mill. Dette skuldast i hovudsak auke i inntekter frå husleige med 10,5 mill kr. Tenesta hadde samstundes auka kostnader med innleige

av bustader frå private i samband med busetjing av flyktningar frå Ukraina. Budsjettet er auka med integreringsmidlar for å dekka denne ekstrakostnaden. Likevel viser rekneskapen meirforbruk med 4,6 mill kr til husleige og 1,4 mill kr til data/linjeleige utover revidert budsjett.

Om lag halvparten av bustadane i heradet sin bustadmasse vert leigd frå Bustadstiftinga. Avtalen medfører at Voss herad skal dekka drift- og kapitalkostnader i Bustadstiftinga. Større vedlikehaldsarbeid innafor Bustadstiftinga sine einingar medfører at leigekostnadane i 2023 er høgare, noko som mellom anna skuldast takbyte på Bustadstiftinga sin eigedom i 2022 og 2023.

Eigedomsforvaltning viser netto mindreforbruk på 8 mill.kr. Tenesta vert nytta som samlepost for Voss herad si eigedomsportefølje. Avdelingane er i hovudsak Prosjekt og utvikling, Bygg og eigedom og Reinhaldsavdelinga.

Kostnader som gjeld særskilde føremålsbygg vert ført til dei respektive tenesteområda. Eksempel på dette er teneste 222 Skulelokale som rapporterer til tenesteområde 2 Grunnskule. Andre byggfunksjonar er 130 Administrasjonslokale, 221 Barnehagebygg, 261 Institusjonsbygg, 381 Idrettsbygg-/anlegg og 386 Kulturbygg. Like eins vert reinhaldskostnadar også fordelt på dei aktuelle formålsbygga for å synleggjera ressursbruk pr byggtype.

**Flaumen november 2022**

Forsikringssaka er i sluttfase, og oppattbygging av kulturhuset, tinghuset, idrettshallen og ungdomsskulen er i hovudsak sluttført. Istandsetting av bygg etter flaumskadane har medført ekstra kostnadar som ikkje vert dekka av forsikringsoppgjeret. I tillegg kjem nye element for å førebyggja skader ved neste flaum. Dette vert ikkje dekka av forsikringsmidlar. I samband med 2. tertialrapport vart budsjettet auka med 2,5 mill.kr for ekstrakostnad med utbetringstiltak på dei flaumråka kommunale bygga. Budsjettauken vart lagt på tenesteområde kultur.

Utomhus kjem etablering av ytre sikring av kulturhus, tinghus, ungdomsskule og idrettshall, med tilhøyrande tilbakeslagsventilar og pumpesynkar. Beredskapsutstyr til det einskilde bygget har ført til meirkostnader, og det er venta ytterlegare kostnadar knytt til innkjøp av flaumsikringsutstyr. Rekneskap 2023 for avdeling bygg og eigedom som gjeld kostnader etter flaumen viser netto meirkostnad med 0,8 mill kr. Det er i løpet av året kostnadsført 16 mill + mva i utbetring bygg og erstatning av utstyr. I 2023 er det utbetalt førebels akonto frå forsikringsselskapet med 15,2 mill. Revidert budsjett med netto 2,8 mill vart gjeve som ekstraløyving for å gjennomføra naudsynte flaumsikringstiltak ved utsette bygg. Samla sett for skadesaker og ekstra flaumsikringstiltak, viser resultat i høve budsjett 2 mill i netto mindreforbruk i 2023.

## Rekneskap

| *Beløp i 1000* | **Rekneskap 2022** | **Rekneskap 2023** | **Budsjett 2023** | **Avvik i kr** |
|---|---|---|---|---|
| **Lønn** | 15 720 | 19 677 | 28 118 | 8 441 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 34 086 | 45 712 | 38 066 | -7 646 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 0 | 7 | 0 | -7 |
| **Overføringsutgifter** | 3 105 | 2 792 | 589 | -2 202 |
| **Finansutgifter** | 1 | 5 | 0 | -5 |
| **Sum Driftsutgifter** | **52 912** | **68 193** | **66 773** | **-1 420** |
| **Salgsinntekter** | -27 249 | -36 903 | -26 576 | 10 327 |
| **Refusjoner** | -4 504 | -4 877 | -1 487 | 3 390 |

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-31 753** | **-41 780** | **-28 063** | **13 717** |
| **Netto resultat** | **21 159** | **26 413** | **38 710** | **12 298** |

## Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Attraktive Voss | 17 - Samarbeid for å nå målene | Godt samarbeid med brukarar for best mogleg resultat | Tal fellesmøter med brukarane | 10 | 10 | 10 | |
| | | Stimulerer til bygging av alternative bustader tilpassa ulike livsfasar | Nyetablering av alternative bustader | 0 | 12 | 0 | |
| Innovative Voss | 07 - Ren energi til alle | Etablert sentral driftsstyring på alle formålsbygg (SD-anlegg) | Tal bygg utan sentralt styringsanlegg (SD) | 5 | | 7 | Måling i 2022 var mangelfull, då nokre bygg utan SD-anlegg i Granvin ikkje vart rekna med. |
| Sikra utdanningsløp for ungdom | 04 - God utdanning | Tilby ei stor breidde av læreplassar i Voss herad | Engasjera lærlingar innanfor tekniske fag | 0 | 1 | 1 | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Prioritet | | | | | | |
| Areal på formålsbygg per innbygger (m2) | 7 | 6 | 5 | 5 | 5 | 5 |
| Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner *) | 433 | 453 | 1 232 | 1 580 | 144 | 1 321 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (265) kommunalt disponerte boliger (B) *) **) | 702 | 743 | 777 | 152 | -283 | 136 |
| Netto driftsutgifter til kommunal | 8 579 | 8 817 | 5 855 | 4 835 | 8 166 | 6 585 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **eiendomsforvaltning per innbygger (B) *) **)** | | | | | | |
| **Netto driftsutgifter til kommunal forvaltning av eiendommer (F121) per innbygger (B) *) **)** | 853 | 1 018 | 188 | 39 | 434 | 398 |
| **Produktivitet** | | | | | | |
| **Netto driftsutgift til 265 kommunale boliger per utleid bolig (B) *)** | 33 044 | 30 232 | 24 158 | 10 349 | -19 124 | 7 679 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | |
| **Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B)** | 23 | 27 | 34 | 15 | 17 | 19 |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | | | |
| **Antall søknader siste år** | 195 | 201 | 52 | 109 | 97 | 4 223 |
| **Antall utleide boliger per 31.12** | 343 | 405 | 558 | 284 | 267 | 10 364 |
| **Totalt antall kommunalt disponerte boliger (antall)** | 379 | 440 | 594 | 291 | 303 | 11 214 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | | |
| **Netto driftsutgifter (335) Rekreasjon i tettsted *)** | 6 976 | 7 878 | 5 011 | 2 977 | 664 | 161 990 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Nye tiltak** | | | |
| **Ukraina budsjett** | 10 050 | I arbeid | |
| **Sum** | **10 050** | | |
| | | | |
| **Sum tiltak** | **10 050** | | |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| **Investering** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Kommentar** |
| **Aktivitetsparken - barnepark** | 2 200 | 2 107 | Voss herad ferdigstilte prosjektet til Voss cup 2023, eit prosjekt som vart starta opp i 2022. Arbeidet i 2023 inkluderer grunnarbeid, bygging og montering av leikeapparat samt ljossetjing av leikeparken og opparbeiding av plen vest for leikeparken. |
| **Aktivitetsparken - del 2 amfi** | 250 | 240 | Prosjektet var i hovudsak ferdig i 2022. Kostnadane gjeld noko restarbeid i høve infrastruktur som stod att. Prosjektet er no ferdig utført. |

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
|---|---|---|---|
| **Aktivitetstorg oppgradering** | 0 | 213 | Det vart utarbeida eit skisseprosjekt for Aktivitetstorget (To torg) av Østengen og Bergo i 2022. På bakgrunn av dette vart det sett av 2 mill i økonomiplanen for 2023 til forprosjekt og etablering av nedgravde søppeldunkar. Arbeidet med forprosjekt starta opp i september 2023. Etablering av søppelhandtering er ikkje kome på plass, då me har fått prosjekt 6335 Servicebygget til omarbeiding. Prosjekta heng tett saman, og før me kan etablere tiltak på Aktivitetstorget må ny løysing for Servicebygget vera på plass. Dei 2 mill til infrastruktur søppel er såleis ikkje nytta i 2023, og er difor overført til 2024. Det er brukt kr.190.000 i konsulentmidlar til forprosjekt i 2023, desse er dekka gjennom driftmidlar i POU. Aktivitetstorget skal lysast ut som totalentreprise saman med servicebygget i mars 2024. Arbeidet med etablering av torg vil starte etter gjennomført Voss cup og Ekstremsportveko, i samråd med totalentreprenør. Målet er å gjennomføra bygging av Aktivitetstorg og nytt Servicebygg i 2024/2025. Prosjekta skal stå klare til Voss cup og badesesongen 2025. |
| **Bergsli- og kyrkjeparken oppgradering** | 150 | 126 | For å aktivisera Bergsliparken/Kyrkjeparken som ein viktig offentleg park skal det opparbeidast ein grusa gangsti som styrker forbindelse mellom Holbergplassen/Uttrågata og området kring torget. Prosjektet inneheld òg noko utemøblering. Bruket arkitektur har teikna prosjektet, etter å ha vunne ein minikonkurranse i 2022. Det er søkt om byggeløyve. Då området ligg tett på freda kulturminne er søknaden vidaresendt Vestland Fylkeskommune for uttale frå kulturminneavdelinga, og ein ventar på svar derfrå før prosjektet kan realiserast. |
| **Bilkjøp avdeling Bygg og eigedom** | 992 | 368 | Det er fornya med 1 bil i 2023 til handverkarane ved avdeling bygg og eigedom. |
| **Bustad Nyresvegen** | 0 | 4 191 | Nybygd leilegheit vart ferdigstilt i 2023, og overlevert til Voss herad ved avdeling Bygg og eigedom. |
| **Bustad Vetleflaten 1F oppgradering** | 250 | 306 | Vetleflaten bustadfløy 1F - oppussing og oppgradering av 5 enkle og 2 doble husvære. Oppgradering av alle overflater og tekniske anlegg i bustader og fellesareal, tilrettelegging for velferdsteknologi. Det er mottatt støtte frå Husbanken til prosjektet. Det vert jobba vidare med prosjektering fram til utlysing av entreprenør. Byggearbeida vert sett i gang når entreprenør er på plass. |
| **Kjøp maskin/utstyr/bilar til park og idrett** | 2 590 | 1 290 | Kjøp av hjullastar til avdeling park og idrett. Ei naudsynt arbeidsmaskin til park, anlegg og gangvegar for sommar- og vintervedlikehald. |
| **Kjøp og sal eigedom** | 0 | 2 696 | Kjøp av bustad på Framnes, i tilknyting til Vossestrand omsorgssenter (2,7 mill kr, tenesteområde Eigedom og bustad). Kjøp av bustadtomt og opprydding i eigedomsforhold (0,1 mill kr, tenesteområde 10 Plan, næring og forvalting). |
| **Reinhaldsprosjekt** | 500 | 0 | Kontrakt på ny elektrisk bil til reinhaldsavdelinga vart inngått i 2022 til kostnad kr 350.000, med levering i 2023. Heradsstyrert løyvde midlar til elektrisk varebil til reinhaldsavdelinga 09.06.2022 (sak 48/22), finansiert frå meirinntekter konsesjonskraft til eingongstiltak. Midlane vart løyvd på nytt i 2023 i budsjettjustering i tertialrapport 1 |

| | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| **Investering** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Kommentar** |
| | | | 20.06.2023 (sak 46/23). Det er forventa at bilen vert levert i løpet av 2024. |
| **Udlabutomta** | 625 | 481 | I samband med bygging av omsorgsbustadar på Udlabu-tomta, vart leikepassen nytta til rigg-område som skulle tilbakeførast etter endt byggjeperiode. Når det vart vedteke å bygga produksjonskjøkken, vart denne rigg-plassen vidareført og hausten 2023 starta ein med å reetablere leikeplassen. Det vert nytta brukte leikeapparat på leikeplassen, som skal ferdigstillast våren 2024. |
| **Sum** | **7 557** | **12 018** | |

## 9.5 Brann og ulukkesvern

### Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift av brannvesenet i kommunen, herunder oljevernberedskap og annan beredskap mot brann- og eksplosjonsarta ulukker. Tenesteområdet inneheld i tillegg arbeid og tiltak med  å førebyggja brannar og andre ulukker. Hovudaktiviteten innan førebyggjande brannvern er feiing av piper og tilsyn. Dette vert dekka av gebyr for brann- og feietilsyn og er eit sjølvkostområde. I tillegg kjem tilsyn av særskilte brannobjekt. Dei tilsette arbeider og med kurs og opplæring for å tryggja innbyggjarane.

Hovudbrannstasjonen på Voss har 4-delt vaktordning med 6 personar i kvart vaktlag. I tillegg er det 3 bistasjonar; Evanger, Vossestrand og Granvin med deltidstilsette knytt opp mot stasjonane.
Ulvik herad og Eidfjord kommune kjøper brannsjefteneste frå Voss herad.

### Status og utfordringar

Oppfylging av Arbeidstilsynet sitt tilsyn med eksponering av støv, gass og brannrøyk pågjekk gjennom heile 2023. Arbeidsgruppe forprosjekt ny hovedbrannstasjon har hatt mykje arbeid i 2023, der reguleringsarbeid og detaljprosjektering av ny hovudbrannstasjon har gått parallellt. Prosjektet er noko forseinka, men ny hovudbrannstasjon på Tvildemoen vil etter revidert plan stå klar hausten 2025.

Samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid om brann- og redningstenester mellom Voss herad, Eidfjord kommune og Ulvik herad med verknad frå 01.01.2020, har etter brannsjefen sitt syn fungert godt. Løysinga styrkjer felles brannførebygging og beredskap i heile regionen.

Representantar frå Voss brannvern deltok også i 2023 i fleire arbeidsgrupper i samarbeidet Vest brann- og redningsregion (VBR).

Det vart varsla tilsyn i 2066 fyringsanlegg i 2023. Det er varsla feiing i 3092 skorsteinar. Fyringsanlegg i bustader og hytter skal ha feiing og tilsyn etter behov.

Statistikk over utrykkingar i perioden 2015 – 2023:

| Utrykningar | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Falsk og unødig alarm | 50 | 44 | 58 | 64 | 45 | 65 | 58 | 66 | 65 |
| Bygningsbrann | 14 | 4 | 9 | 7 | 12 | 9 | 12 | 18 | 13 |
| Pipebrann | 1 | 6 | 4 | 0 | 6 | 6 | 9 | 8 | 7 |
| Andre brannar | 18 | 7 | 12 | 28 | 12 | 13 | 25 | 16 | 19 |
| Brannhindrande tiltak | 1 | 16 | 11 | 16 | 9 | 8 | 14 | 19 | 15 |
| Trafikkulykker | 12 | 35 | 27 | 19 | 35 | 27 | 35 | 21 | 21 |
| Vannskade, akutt ureining | 5 | 4 | 12 | 16 | 9 | 4 | 7 | 8 | 16 |
| Anna assistanse | 16 | 19 | 15 | 44 | 21 | 37 | 34 | 31 | 30 |
| **Sum** | **117** | **135** | **148** | **194** | **149** | **169** | **194** | **187** | **186** |

Eit viktig prosjekt innan brannførebygging har vore samarbeidet mellom brann og helse, om brannsikkerheit for risikoutsette grupper. Dette starta i 2022 og vart vidareført i 2023. Representantar for Skadeforebyggende Forum (SKAFOR) hadde i desember 2022 kurs for nøkkelpersonell hjå helse, kommunale bygg og brannvern. Dette prosjektet vart vidareført med praktisk opplæring i 2023, mellom anna for tilsette i avdeling for psykisk helse og rusarbeid og for heimetenesta i område aust. Arbeidet vil halda fram.

Brannvernopplæring av 6. klassar på alle skulane vart gjennomført av brannvernet saman med det lokale el-tilsynet. Open brannstasjon vart gjennomført 23. september i samband med brannvernveka. Elles har det vore brannverninformasjon i digital form både via nettside og facebook t.d. info til hytter, brannvernveka, røykvarslardagen, fyrverkeri m.v.

### Hovudprioriteringar

I 2023 har brann- og ulukkesvern arbeidd aktivt for å:

- Gjennomføra "Ny brannordning Voss herad” (vedteken 25.01.2019 i Fellesnemnda sak 1/19). Første prioritet har vore å etablera lokale for brannmannskap og feiarar som stettar krava i arbeidsmiljølova gjennom å få ny hovudbrannstasjon. Oppstart av bygging på Tvildemoen vil skje i 2024.
- Få på plass naudsynt utstyr på alle stasjonane
- Ny brannbil vart sett i bestilling, men lang leveringstid gjer at den ikkje vert levert før medio 2024

### Status økonomi per teneste

***Beløp i 1000***

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Førebygging brann og ulukker** | 1 417 | 1 263 | 1 420 | 1 876 | 613 |
| **Beredskap brann og ulukker** | 14 017 | 15 087 | 12 936 | 13 474 | -1 613 |
| **Sum** | **15 435** | **16 350** | **14 357** | **15 350** | **-1 000** |

### Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet viser eit årsresultat med 1 mill kr i meirforbruk i høve revidert budsjett. Resultatet skuldast meirforbruk på alle utgiftspostar med 2,8 mill kr, delvis finansiert med meirinntekter frå salsinntekter og refusjonar med 1,8 mill kr.

Førebygging gjennom brann- og feietilsyn er ei gebyrbelagt teneste og vert gjort opp som sjølvkostrekneskap. Etterkalkyle viste overskot med om lag 0,2 mill kr. Desse midlane vert nytta til inndekking av framført underskot frå tidlegare år (negativt sjølvkostfond). Del av førebygging som gjeld tilsyn med særskilte brannobjekt enda opp i balanse i høve budsjett.

Teneste beredskap brann og ulukker syner eit meirforbruk på omlag 1,6 mill. kr. Ekstra utgifter i 2023 var på om lag 0,2 mill kr til 110 sentralen, i tillegg til 0,1 mill kr til kjøp frå kommunar som ikkje er teke høgde for i budsjett.

Løn står for hovuddelen av meirforbruket med 1,7 mill, og skuldast mellom anna meirforbruk til beredskap og utrykking med 0,7 mill. Dette inkluderer meirkostnadar til lovpålagde kurs for brannmannskapa, slik som grunnkurs deltid og deltidskurs utrykkingsleiar.

Avvik løn kan i tillegg forklarast med 0,5 mill til planlegging og regulering i høve ny brannstasjon samt 0,7 mill kr i pensjonskostnader utover budsjett.

## Rekneskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Lønn** | 16 251 | 18 095 | 16 368 | -1 727 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 4 342 | 4 637 | 4 337 | -301 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 1 371 | 1 200 | 942 | -257 |
| **Overføringsutgifter** | 568 | 677 | 191 | -486 |
| **Finansutgifter** | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsutgifter** | **22 532** | **24 609** | **21 838** | **-2 771** |
| **Salgsinntekter** | -6 380 | -7 416 | -6 297 | 1 119 |
| **Refusjoner** | -717 | -843 | -191 | 652 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-7 098** | **-8 259** | **-6 488** | **1 771** |
| **Netto resultat** | **15 435** | **16 350** | **15 350** | **-1 000** |

## Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gode, trygge og tenelege lokale for brannmannskapa i Voss herad | 03 - God helse og livskvalitet | Ny hovudbrannstasjon på Tvildemoen | Gjennomført utbygging i tråd med plan | 0,0 % | 50,0 % | 50,0 % | |
| Godt og teneleg utstyr som set brannmannskapa i stand til å redde liv og helse | 11 - Bærekraftige byer og lokalsamfunn | Utskifting av mannskapsbil på hovudbrannstasjonen | Gjennomføra innkjøp i tråd med løyving i økonomiplan | 0,0 % | | 75,0 % | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Prioritet | | | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere** | 13,6 | 12,3 | 16,7 | 15,3 | 18,6 | 17,7 |
| **Netto driftsutgifter til funksjon 338 og 339 pr. innbygger, konsern (kr) (B) *)** | 1 067 | 1 122 | 1 657 | 886 | 1 121 | 1 008 |
| **Kvalitet** | | | | | | |
| **Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *)** | 559 | 615 | 434 | 539 | 464 | 509 |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | | | |
| **Antall A-objekter** | 117 | 119 | 92 | 91 | 71 | 2 143 |
| **Antall A-objekter med tilsyn i løpet av året** | 86 | 93 | 63 | 24 | 15 | 879 |
| **Antall piper i alt** | 11 504 | 11 504 | 7 265 | 5 900 | 9 881 | 220 886 |
| **Antall utrykninger (antall)** | 220 | 202 | 290 | 296 | 335 | 10 319 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

### Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året<br>Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
|---|---|---|---|
| **Brannvern mannskapsbilar og tankbilar** | 4 700 | 1 084 | Budsjettet omfattar utskifting og investering i 3 køyretøy i 2023; A) Ny varebil beredskap, løyvd 0,5 mill, netto kostnad etter innbyte 0,4 mill. B) Utskifting av av bil feiing/utrykning, netto kostnad omlag kr 0 som følgje av unntak frå eingongsavgifta. C) Ny mannskapsbil 2 til utrykking løyvd 4,2 mill. Køyretøyet er no på fabrikk i Polen, for montering av påbygg. Bilen er venta levert medio 2024, her har det vore fleire forseinkingar. Det må også monterast nytt Locus navigasjonsystem i bilen. Det er venta at alle midlane vert nytta i 2024. |
| **Hovudbrannstasjon** | 5 000 | 6 634 | Prosjektet omfattar detaljreguleringsplan for sentrale område på Tvildemoen for bustadar, ny hovudbrannstasjon, grøntareal og næring. Samstundes med regulering av området vert det også utarbeidd forprosjekt på brannstasjonen. Moglegheitsstudie vart gjennomført hausten 2022, og forprosjekt starta opp i februar 2023. Det vart signert kontrakt med vinnar MAD som er ansvarleg for utarbeiding av både reguleringsplan samt forprosjekt på brannstasjon. Detaljreguleringsplanen for Tvildemoen vart vedteken 08.02.2024, og forprosjektet er no ferdigstilt. Det vart lyst ut totalentreprise for bygging av brannstasjonen i desember 2023. Det vert inngått kontrakt for bygging av brannstasjon i april 2024. Når kontrakt er inngått vil BOE overta ansvaret for prosjektet for bygging. Målet er oppstart bygging sommaren 2024. I utlysinga er det sett opp estimert byggetid på 18 månader. Det er skrive kontrakt på reguleringsarbeid, utgreiingar og forprosjekt brannstasjon på 4,5 mill kr (eks mva). I tillegg er det nytta midlar til grunnundersøkingar, trafikkanalysar, detaljering av rundkøyring Rv.13 samt detaljering gang og sykkelveg under Rv.13 og |

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
|---|---|---|---|
| | | | BIM-koordinator. Grunna reguleringsprosess og krav frå Statens vegvesen om innlemming av kryss på Rv.13 i planområdet, kom ein ikkje igang med bygging av brannstasjonen i 2023. Dette er grunnen til at det er eit mindreforbruk i prosjektet samanlikna med budsjett for 2023. Hovuddelen av budsjettmidlane vart derfor overført til 2024 når hovudaktiviteten av bygging av brannstasjon vil skje. |
| **Sum** | **9 700** | **7 718** | |

## 9.6 Vatn, avlaup og renovasjon

### Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet femner om drift, vedlikehald og investering i kommunale vass- og avlaupsanlegg (VA-anlegg).

Renovasjon er delegert til det interkommunale selskapet Bergen Interkommunale  Renovasjonselskap (BIR).

### Status og utfordringar

Siste året har arbeidet med å redusera vasslekkasjar på kommunalt leidningsnett vore prioritert. Ei rekkje leidningsstrekk med dårleg kvalitet er fornya. Frå 2019 til og med 2023 er lekkasjar redusert frå rundt 25% til 15 %.

Avdelinga har totalt 21 medarbeidarar. Siste åra har synt store utfordringar med å behalda og rekruttera medarbeidarar. Årsak kan synast å vera stor etterspurnad etter fagfolk med VA kompetanse i arbeidsmarknaden. Heradet konkurrerer særskilt mot andre offentlege etatar, konsulentverksemder, røyrleggjarverksemder og entreprenørar. Det er i 2023 etter fleire rundar med utlysing, tilsett ny VA -ingeniør og driftsoperatør.

VA-området er i vekst med stadig nye abonnentar, og heradet får utvida sitt leidningsnett og ansvarsområde. Ei særskilt auke i tal hytter og fortetting i og nær sentrum, medfører behov for meir administrasjon enn tidlegare.

Voss herad fekk best score på delområde vatn og avløp i kommunebarometeret 2023, der både kostnader og kvalitet ligg til grunn for vurderinga. Dette viser at denne tenesta driv godt og leverer kvalitet.

### Hovudprioriteringar

- Planlegging, vurdering og val av løysingar for nytt reservevassverk på Bømoen. Oppstart med bygging av Bømoen vassverk tek til i 2024.
- Gjennomføra utbygging av kommunalt  vatn- og avløpsanlegg i Myrkdalen i samsvar med ny vedteken hovudplan.
- Etablera langsiktig strategi for utskifting og rehabilitering av eksisterande vatn- og avløpsnett.
- Oppfølging av hovudplan avløp
- Lekkasjesøk på leidningsnettet
- Sikring av eksisterande høgdebasseng

- Røyrfornying av spillvassleidningar
- Gjennomgang av kommunale register for å sjekka om det er nokon som er tilknytt offentleg leidningsnett utan å betale for det.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Produksjon av vatn** | 7 802 | 6 765 | 4 690 | 7 976 | 1 211 |
| **Distribusjon av vatn** | -7 646 | -15 857 | -9 900 | -12 471 | 3 386 |
| **Avlaupsrensing** | 11 708 | 11 106 | 11 361 | 11 569 | 463 |
| **Avlaupsnett** | -16 058 | -20 114 | -18 312 | -18 060 | 2 054 |
| **Tøming av septiktank** | -218 | -130 | -494 | -477 | -347 |
| **Sum** | **-4 413** | **-18 230** | **-12 654** | **-11 463** | **6 767** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet viser netto mindreforbruk i høve revidert budsjett med 6,8 mill kr. Det mest vesentlege mindreforbruket gjeld straum med 2,2 mill kr og mindre kostnadar til vedlikehald med 3,8 mill kr. Rekneskapen viser meirinntekter med 0,5 mill kr frå VA-gebyr i tillegg til 1,2 mill kr frå tilknytingsgebyr utover revidert budsjett. Refusjonar gjeld 0,1 mill kr i erstatningsoppgjer etter flaumen 2022 og 0,5 mill i sjukeløn.

Det vert i sjølvkostkalkylane lagt til grunn indirekte kostnader som også er kostnadsført på andre tenesteområde. I tillegg skal det reknast kalkulatorisk rente av gjennomførte investeringar. I sjølvkostkalkylane er alle desse postane lagt til grunn, slik at dei 3 områda vatn, avløp og septik over 3-5 år vil balansere i null med gebyrinntektene i samsvar med sjølvkostprinsippet.

Produksjon og distribusjon av vatn viser eit samla mindreforbruk med 4,6 mill samanlikna med revidert budsjett. Dette var fordelt på mindreforbruk utgifter med 3,5 mill kr og meirinntekter med 1,1 mill kr. Årets sjølvkostresultat enda med overskot på vel 1 mill kr, som vert nytta til inndekking av framført underskot frå tidlegare år (negativt sjølvkostfond). Underskot i fondet utgjer ved utgangen av 2023 6,1 mill kr. Avlaupsnett og avlaupsrensing viser eit samla mindreforbruk med 2,5 mill kr fordelt på 1,5 mill kr i mindreforbruk utgifter og 1 mill kr i meirinntekter. Årets sjølvkostresultat vart overskot på knapt 1,6 mill kr, som vert nytta til inndekking av framført underskot frå tidlegare år (negativt sjølvkostfond). Underskot i fondet utgjer ved utgangen av 2023 1,3 mill kr.

Tømming av septiktank syner eit meirforbruk på 0,3 mill kr. Dette skuldast meirutgifter til tømming av septiktankar. Tømming vert utført med ulike tømmefrekvensar; årleg, 2.kvart eller kvart 4. år. Det vert difor skilnad mellom dei ulike åra det vert tømt og vanskeleg å budsjettera nøyaktig. Septik utgjer eit eige sjølvkostområde som enda opp med overskot 0,1 mill. Midlane vart avsett til fond.

Underskot på fondskonto til sjølvkostområda skal dekkast inn over ein 5-års periode rekna frå 2022.

## Rekneskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Lønn** | 15 241 | 16 309 | 15 868 | -441 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 27 081 | 19 764 | 25 617 | 5 853 |

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 5 351 | 5 322 | 4 510 | -812 |
| Overføringsutgifter | 15 | 30 | 0 | -30 |
| Finansutgifter | 1 | 94 | 0 | -94 |
| **Sum Driftsutgifter** | **47 690** | **41 520** | **45 995** | **4 475** |
| Salgsinntekter | -48 439 | -58 138 | -56 454 | 1 684 |
| Refusjoner | -570 | -1 612 | -1 005 | 608 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -3 095 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-52 103** | **-59 750** | **-57 458** | **2 292** |
| **Netto resultat** | **-4 413** | **-18 230** | **-11 463** | **6 767** |

## Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Attraktive Voss | 03 - God helse og livskvalitet 06 - Rent vann og gode sanitærforhold 09 - Industri, innovasjon og infrastruktur | Fornya /utvida høgdebasseng Hagahaugen | Gjennomført utbygging i tråd med plan | 90,0 % | 100,0 % | 100,0 % | |
| | | Gjennomføra hovudplan vatn og avløp i Myrkdalen | Gjennomført utbygging i tråd med plan | 90,0 % | | 90,0 % | |
| | | Nytt vassverk Bømoen | Gjennomført utbygging og sett i normal drift | 0,0 % | 50,0 % | 50,0 % | |
| | | Vassforsyningssystemet skal levere godt og hygienisk sikker drikkevatn til abonnentane. | Prosentandel rutinemessige vann-analyser med god hygienisk vann-kvalitet. | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | |

### KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Dekningsgrad** | | | | | | |
| **Antall innbyggere tilknyttet kommunal vannforsyning (antall)** | 7 934 | 7 934 | 14 930 | | 14 284 | |
| **Kvalitet** | | | | | | |
| **E.coli: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater** | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | | 100,0 % | |
| **Farge: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater** | 100,0 % | 100,0 % | 97,0 % | | 100,0 % | |
| **Intestinale enterokokker: Andel innbyggere tilknyttet komm.vannverk med tilfredsstillende prøver** | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | | 100,0 % | |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | | | |
| **Antall innbyggere tilknyttet kommunalt avløp (=>50 pe) (antall)** | 9 650 | 9 650 | 12 740 | 14 366 | 12 910 | 461 780 |
| **Antall lekkasjereparasjoner på det kommunale nettet (antall/km ledningsnett)** | 0,14 | 0,14 | 0,04 | | 0,07 | |

### Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året<br>Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
|---|---|---|---|
| **Brynalii vegforsterking- o.v.** | 0 | 559 | Siste rest av arbeidet i Brynalii. Arbeidet vart ferdig utført i 2023. I løpet av 2024 vil det koma refusjon frå KVEIK AS som vil redusera det mellombelse meirforbruket på prosjektet. Vestland fylkeskommune har bidrege med 1 mill kr i trafikksikringsmidlar til gangfelt og fortau. Prosjektnr 6468 "Utbyggingsavtale Brynalii 102 politistasjonen" må sjåast i samanheng med prosjektnr 6892 "Brynalii vegforsterking-o.v." (overvatn). |
| **Bømoen reserve vassverk** | 1 250 | 579 | Prosjekteringsarbeidet er i full gang med planlagt byggjestart til etter ferien 2024. |
| **Diverse anleggsmaskiner** | 0 | 621 | Kjøp av maskiner/utstyr til driftsavdelinga til bruk i tenesteområde samferdsel (vedlikehald og utbetring kommunale vegar sommar/vinter) og tenesteområde vatn, avlaup og renovasjon. I 2023 er det kjøpt inn to bilar (0,6 mill tenesteområde vatn, avlaup og renovasjon, i tillegg til 0,4 mill til elektrisk varebil til bilverkstaden på |

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
|---|---|---|---|
| | | | tenesteområde administrasjon og leiing). I tillegg er det etablert og sett i drift solcelleanlegg på kommunalt bygg på Brynavollen, til 1,5 mill kr inkl mva (tenesteområde samferdsel). |
| **Flaumforeb. tiltak i Vossavass** | 300 | 295 | Innkjøp av straumaggregat som kan nyttast på kritisk infrastruktur og aktuelle formålsbygg ved særskilte hendingar. |
| **Granvin vassverk** | 1 000 | 415 | Etablering av ny vasskjelde på Kollanes, samt installera same type overvåking av vassproduksjon som ein har for anlegg i tidlegare Voss kommune. Separat vaktordning for anlegga i Granvin vert lagt ned som følgje av den samordna overvakinga av anlegga. Arbeidet vert fullført mars 2024. |
| **Hagahaugen høgdebasseng oppgradering** | 8 000 | 6 536 | Arbeidet vart fullført i 2023 og det nye anlegget er sett i drift. |
| **Hovudplan avløp** | 0 | 2 042 | Arbeid med røyrfornying av leidningsnettet med spillvatnet. Har inngått avtale med Olimb AS som utfører dette arbeidet utan å grave i vegbana. |
| **Melstunet VA-anlegg** | 1 500 | 462 | Det er inngått avtale med utbyggar etter anleggsbidragsmodellen. Voss herad betaler utgifter og får tilbakebetalt frå utbygger med eit påslag på 7% av mva-beløpet som skal dekka administrasjonskostnadar. |
| **Myrkdalen VA-utbygging** | 10 000 | 8 047 | Prosjektorganisasjonen, Myrkdalen VA, med to årsverk i 2023 har gjennomført to år med arbeid etter oppstart i 2022. I 2023 har arbeid med prosjektet for gjennomføring av nytt avløpsreinseanlegg (RA), nytt vassbehandlingsanlegg (VBA) og ny hovudtrase for VA helde fram. Status for arbeid i 2023: A) Innsendt søknad for utsleppsløyve til statsforvaltar for RA (ventar på vedtak reguleringsplan før søknad kan innvilgast). B) Innsendt reguleringsplan for nytt VBA og RA til 1. handsaming i formannskapet, og 2. gongs handsaming sendt inn februar 2024. C) Signert avtale om rådgivingsbistand for prosjektet med Sweco. D) I gang med utarbeiding av status for eksisterande leidningsnett I Myrkdalen og utarbeiding av MBA-analyse for drikkevatn I Myrkdalen. E) Forankra finansieringstrategi med styringsgruppa for prosjektet. F) Etablert pumpekum og igangsett prøvetakingsprotoll for drikkevassinntak på Nobbaflaten. G) I dialog med Myrkdalen Vassverk for overtaking av VBA. H) Signert grunnavtale med grunneigar for vassuttak. Neste fase I framdrifta til prosjektet vil starte ved vedtatt reguleringsplan. Denne skal opp til vedtak I heradstyret 21. mars 2024. |
| **Oppheim vassverk** | 500 | 491 | Boring av grunnvassbrønner og anna førebuande arbeid for ny vasskjelde til vassverk på Oppheim. Dersom kvalitet og tilgang er god nok i vasskjelda, så skal plan om å leggja ny leidning over vatnet til pumpestasjon gjennomførast i løpet av 2024. |
| **Rongavegen - veg og VA** | 500 | 584 | Arbeidet med utbetring av vegen er planlagt fullført våren 2024. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom VA og vegavdelinga. Vert fiansiert ved løyving til veginvestering/vegpakke og VA-anlegg. |
| **Va Tvildesbaret** | 800 | 722 | Prosjektet omfattar omlegging av trasè for vatn- og avløpsledningar ved endra geometri og kryssing av jernbane. |
| **Sum andre prosjekt** | 0 | 167 | |

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
|---|---|---|---|
| **Sum** | **23 850** | **21 520** | |

# 9.7 Politisk styring

### Skildring av tenesteområde

Politisk styring omfattar politisk organisasjon og systema som vert nytta i den politiske styringa av Voss herad. Tenesteområdet har ansvar for å legga til rette for og avvikla politiske møter, arbeidsvilkår for folkevalde, utlegging av politiske saker og kontakt mellom dei folkevalde og administrasjonen. Ansvaret for førebuing til og avvikling av stortingsval og kommunestyre- og fylkestingsval ligg også her.

### Status og utfordringar

I 2023 vart det gjennomført kommuneval med val av bl.a ny ordførar, heradsstyre og utval. Valoppslutnad var på 66,2 %, det vil seie 8 349 røyster.

Det har vore 61 politiske møter i 2023 der 501 saker har vore til handsaming.

### Status økonomi per teneste

***Beløp i 1000***

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Politisk styring** | 5 298 | 7 884 | 8 289 | 8 362 | 478 |
| **Kontroll og revisjon** | 1 945 | 2 238 | 2 037 | 2 037 | -200 |
| **Sum** | **7 244** | **10 122** | **10 327** | **10 399** | **277** |

### Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet har eit mindreforbruk i høve budsjett på nær 300 000 kr. Dette omfattar i hovudsak unytta midlar av heradsstyret sin reservepott. Det er nytta noko meir av revisjonstenester i 2023 enn budsjettert, med eit meirforbruk på ca. 200 000 kr.

### Rekneskap

| ***Beløp i 1000*** | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Lønn** | 3 899 | 5 256 | 5 436 | 180 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 2 983 | 4 585 | 3 914 | -671 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 147 | 123 | 269 | 146 |
| **Overføringsutgifter** | 348 | 608 | 989 | 381 |
| **Sum Driftsutgifter** | **7 377** | **10 572** | **10 608** | **37** |
| **Salgsinntekter** | 0 | 0 | -20 | -20 |
| **Refusjoner** | -133 | -450 | -189 | 261 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-133** | **-450** | **-209** | **241** |
| **Netto resultat** | **7 244** | **10 122** | **10 399** | **277** |

### KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | |
| **Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) *) **)** | 352 | 493 | 580 | 276 | 353 | 479 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## 9.8 Finansielle postar/økonomi

### Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet er ei samling av diverse postar som består av Kostra funksjonane for rekneskapstekniske postar for pensjon (Premieavvik, amortisering premieavvik, premiefond mv), kraftinntekter og -utgifter, og motpost for avskrivingar. Det er verdt å merka seg at kommunalt rekneskap er svært forskjellig frå privat sektor. Mellom anna har ikkje avskrivingane netto resultateffekt, men låneavdraga har det.

### Status økonomi per teneste

***Beløp i 1000***

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Årets premieavvik** | -41 800 | -105 152 | -28 500 | -60 500 | 44 652 |
| **Tidlegare års premieavvik** | 46 603 | 41 800 | 0 | 0 | -41 800 |
| **Pensjon** | 690 | 499 | 0 | 0 | -499 |
| **Premiefond** | -33 243 | -32 218 | -30 000 | -30 000 | 2 218 |
| **Konsesjonskraft,kraftrettigheter og anna kraft for vidare salg** | -82 784 | -87 949 | -84 007 | -91 507 | -3 558 |
| **Skatt** | 31 | 314 | 0 | 0 | -314 |
| **Generelt statstilskudd** | 0 | 131 | 0 | 0 | -131 |
| **Renter, utbyte og lån** | 154 | 3 117 | 26 | 3 026 | -92 |
| **Sum** | **-110 349** | **-179 456** | **-142 481** | **-178 981** | **475** |

### Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet finansielle postar/økonomi ligg omtrent på budsjettet for 2023. Dei store beløpa på dette tenesteområdet kjem frå pensjon, og sal av konsesjonskraft.

Det største avviket skuldast pensjon, og kjem fram her som eit positivt avvik grunna ulik praksis i budsjett og rekneskapsføring. Totalt avvik på pensjon var på om lag 5 mill. kr i mindreforbruk i 2023. I opprinneleg budsjett var summen av årets og fjorårets premieavvik nær -30 mill.kr, medan det enda på - 63 mill.kr. Dette skuldast høgare lønsvekst og trygdeoppgjer i 2023 enn kva som låg til grunn ved opphavleg budsjett. Når dette vert høgare får kommunen ein høg reguleringspremie og dermed eit høgt positivt avvik i 2023.

Sal av nær 62 GWh i konsesjonskraft enda på litt over 98 mill.kr for 2023. Tidlegare år har dette vore mellom 15-23 mill.kr per år. Frå 2022 har Voss herad hatt ein forvaltningsavtale der krafta vert seld i

marknaden gjennom heile året. Du kan lesa meir om dei økonomiske effektane av kraftproduksjon under kapittel “Økonomisk status og utvikling”.

### Rekneskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | -28 440 | -95 569 | -90 500 | 5 069 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 751 | 1 053 | 337 | -716 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 131 | 0 | -131 |
| Overføringsutgifter | 7 366 | 9 990 | 9 282 | -708 |
| Finansutgifter | 154 | 3 274 | 3 000 | -274 |
| **Sum Driftsutgifter** | **-20 169** | **-81 121** | **-77 881** | **3 239** |
| Salgsinntekter | -90 148 | -98 005 | -101 100 | -3 095 |
| Refusjoner | -32 | -56 | 0 | 56 |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | -274 | 0 | 274 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-90 180** | **-98 336** | **-101 100** | **-2 764** |
| **Netto resultat** | **-110 349** | **-179 456** | **-178 981** | **475** |

### Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| Investering | Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
| Eigenkapitalinnskot KLP | 3 466 | 3 466 | Eigenkapitalinnskot i KLP. Forventa nivå for 2023 var 3,4 mill. kr, og reelt beløp vart kr 3.466.324. |
| **Sum** | **3 466** | **3 466** | |

# 9.9 Grunnskule

### Skildring av tenesteområde
Les meir om tenesteområdet her: Grunnskule.

Voss herad gir undervisingstilbod ved 11 grunnskular, der 8 er reine barneskular, to kombinerte barne og ungdomsskular (Vossestrand og Granvin), og éin rein ungdomsskule. Til saman har me omlag 1972 elevar i Vossaskulen.

Tenestetilbodet omfattar også SFO ved 10 grunnskular. Tre av skulane, Vangen, Gjernes og Gullfjordungen,  tilbyr utvida SFO i haust- og vinterferie samt tre veker i sommarferien.

### Status og utfordringar
Vossaskulen er med i Oppfølgingsordninga til Udir. Dette skuldast dårlege resultat over tid. Me kom med i ordninga skuleåret 2022-2023. Dette fyrste året skal nyttast til å kartlegge dei utfordringane me ser, og til å sette ei retning for vidare arbeid. Frå skuleåret 2023-2024 er Tilpassa opplæring peikt ut som eit felles utviklingsområde. Den einskilde skule vel også sjølv eit eige fokusområde.

Arbeid med tilpassa opplæring passer også godt med utfordringane me ser i høve ei høg andel spesialundervisning.

På leiarnivå vil Vossaskulen jobbe med implementeringsarbeid. Leiarane er særs viktig for at me skal lukkast med utvikling i Vossaskulen.

Arbeidet som Agenda Kaupang initierte i 2022 er vidareført i 2023. Dette gjeld både ressurstildeling til skulane, men også korleis me jobbar med leiing og leiargruppar. Rektorgruppa er organisert meir hensiktsmessig, og me har rektormøter kvar 14 dag. Me er på eit rett spor når det gjeld kva saker som vert handsama i dette forum.

Ny tildelingsmodell er implementert i Vossaskulen. Inn mot neste skuleår ser me at det er utfordringar knytt til at omfanget på tal elevar med vedvarande og store behov aukar. Fordi me har same ramme å drive skule for også neste år, vert midlane til desse elevane smurt tynnare utover. Vossaskulen har og utfordringar med rekruttering og høgt sjukefråver.

### Status økonomi per teneste
***Beløp i 1000***

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Grunnskule** | 244 146 | 262 826 | 216 489 | 238 148 | -24 678 |
| **Skulefritidsordning** | 4 643 | 8 971 | 5 923 | 8 711 | -259 |
| **Skulelokale** | 34 636 | 35 891 | 30 402 | 28 879 | -7 012 |
| **Skuleskyss** | 5 883 | 7 518 | 7 134 | 5 734 | -1 783 |
| **Sum** | **289 308** | **315 205** | **259 948** | **281 473** | **-33 733** |

### Kommentar til status økonomi
**Tenesteområdet Grunnskule har ved årsslutt eit meirforbruk på kr. 33,7 millionar.**
Voss herad sin del av PP (pedagogisk-psykologisk) samarbeidet; Samarbeidet mellom Voss herad, Ulvik herad og Eidfjord kommune - påverkar dette resultatet negativt med kr. 10 millionar. Samarbeidet høyrer under PP-tenesta og inkluderar refusjonar frå Ulvik og Eidfjord. Grunnen til at samarbeidet påverkar

resultatet i grunnskuletenesta i såpass stor grad er at budsjettet ligg på barne- og familietenestene. Her vert rekneskapen oppgjort ved års-slutt og overført tenesteområde grunnskule, men budsjettet vert ikkje overført og ligg framleis under barne- og familietenestene. Difor er det tilsynelatande eit resultat som er kr. 10 millionar betre i barne- og familietenestene og tilsvarande dårlegare i grunnskulen.

Avviket i tenesteområdet gjeld mellom anna pensjonsavvik på 4 millionar kr, og 2,3 millionar kr i meirforbruk innafor bygg og eigedom, hovudsakleg knytt til vedlikehald av bygg og anlegg. Det er også eit avvik på kr. 3,4 millionar innafor reinhaldsavdelinga.

**Grunnskuleteneste**
For grunnskuletenesta isolert sett (ekskludert skyss, sfo, skulelokale), er det i 2023 eit meirforbruk på omtrent 25 millionar kr.

Det reelle avviket knytt til grunnskuletenesta under oppvekst er på kr. 15 millionar når ein korrigerer for PP-samarbeidet.

Skulen sitt meirforbruk er i hovudsak knytt til løn og driftsutgifter. Nokre av skulane går i balanse medan andre har store overforbruk. Det er og ei auke i tenestekjøp frå andre, dette på grunn av at skulane slit med å få tak i vikarar. Dette har hatt innverknad på overforbruket.

På grunn av auka kostnader knytt til kjøp av IT- utstyr og programvarelisensar, er det eit meirforbruk også her.

Det er elles store meirutgifter knytt til kjøp av tenester frå andre kommunar, utgiftene her har auka betydeleg frå år til år men har nå sakte byrja å gå ned frå og med året 2022. Dette gjeld born som er folkeregistrert i Voss herad, men som går på skule i andre kommunar (barnevernstiltak). Heradet blir fakturert frå andre kommunar for opphaldet der. Nedgangen skuldast ei reduksjon i tal plasseringar samt at dei borna som er plassert etterkvart som tida går, går ut av barne- og ungdomsskulen og dermed faller bort frå refusjonsgrunnlaget.

Elles har det vore mindre inntekter knytt til fylkeskommunale gjesteelevar, dette blant anna som ei fylgje av lågt skulenærvær i deler av denne elevgruppa, slik at inntektene vart reduserte.

Skulefritidsordninga har ikkje hatt nemneverdige avvik ifrå budsjettet. Skulelokale har hatt eit meirforbruk på omtrent 7 millionar kr som gjeld reinhald og vedlikehald av bygg. Meirforbruk på Skuleskyss ligg på rundt kr. 1,7 millionar.

### Rekneskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Lønn** | 264 457 | 297 013 | 281 774 | -15 240 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 50 308 | 51 416 | 35 684 | -15 732 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 16 138 | 15 048 | 7 273 | -7 775 |
| **Overføringsutgifter** | 9 960 | 9 336 | 3 921 | -5 415 |
| **Finansutgifter** | 31 | 11 | 0 | -11 |
| **Sum Driftsutgifter** | **340 894** | **372 825** | **328 652** | **-44 173** |
| **Salgsinntekter** | -7 455 | -6 045 | -9 670 | -3 625 |
| **Refusjoner** | -42 646 | -49 560 | -35 509 | 14 051 |

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Overføringsinntekter | -28 | -14 | 0 | 14 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 457 | -2 000 | -2 000 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-51 586** | **-57 619** | **-47 179** | **10 440** |
| **Netto resultat** | **289 308** | **315 205** | **281 473** | **-33 733** |

## Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Inkluderande Voss | | Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrsle | Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn | 77,0 % | 76,0 % | 89,6 % | |
| | | | Andel elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver lesing 8. trinn | | 72,0 % | 59,8 % | |
| | | | Andel elever som har fullført og bestått videregående innen fem år | 0,0 % | 83,0 % | 80,8 % | Gjeld for heile Hordaland, ikkje berre Voss |
| | | | Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing | | 48,6 | 49,0 | |
| | | | Andel elever på mestringsnivå 1 på nasjonal prøve i regning (5. trinn) | 22,2 | 21,5 | 18,7 | |
| | | | Elevenes opplevelse av lærernes praktisering av prinsippene for Vurdering for læring, sammenlignet | 3,7 | 3,5 | 3,6 | |

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | med et nasjonalt gjennomsnitt | | | | |
| | | | Elevenes opplevelse av trygt læringsmiljø fritt for mobbing, sett i forhold til et nasjonalt gjennomsnitt | 10,6 | 5,4 | 12,3 | |
| | | | Elevenes opplevelse av utdannings- og yrkesråd-givningen, sett i forhold til et nasjonalt gjennomsnitt | 3,6 | 4,0 | 3,6 | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | |
| **Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) *) **)** | 130 614 | 130 061 | 138 113 | 120 878 | 103 857 | 115 518 |
| **Produktivitet** | | | | | | |
| **Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B)** | 12,2 | 12,6 | 11,8 | 11,7 | 13,8 | 13,0 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | |
| **Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)** | 9,4 % | 10,2 % | 12,3 % | 4,2 % | 5,9 % | 8,1 % |
| **Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring (B)** | 99,4 % | 95,4 % | 98,2 % | 96,6 % | 98,6 % | 97,6 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## Status økonomiplantiltak

**Rammeendringar i økonomiplanen**

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Vedtak forrige periode** | | | |
| **Læremiddel til fagfornyinga** | -2 000 | I arbeid | Det er ikkje lengre løyvd ekstra pengar til læremiddel. Me har enno lærebøker i fleire fag som er knytt til gamal læreplan, men me har også fått mykje nye læremiddel både digitalt og i papirformat, dei siste åra. |
| **Effektiviseringskrav grunnskule** | -2 000 | Ferdig | |
| **Sum** | **-4 000** | | |
| | | | |
| **Nye tiltak** | | | |
| **Gratis SFO 1. Klasse** | 1 700 | Ferdig | |
| **Koordinerande stilling 50 % kvar Oppvekst og H&O** | 300 | I arbeid | Det er tilsett både leiar for koordinerande eining og barnekoordinator. På sikt er det håp om at dette kan gje innsparingar til kommunen i form av meir refusjon knytt til born med store hjelpebehov. |
| **Ukraina budsjett** | 3 166 | I arbeid | |
| **Sum** | **5 166** | | |
| | | | |
| **Sum tiltak** | **1 166** | | |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| **Investering** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Kommentar** |
| **Bulken skule - ballbinge** | 0 | 1 151 | I 2023 er det etablert ny ballbinge og ballbane ved Bulken skule. Prosjektet er finansiert med kr 215.000 frå Sparebankstiftinga, kr 635.000 i spelemidlar og resten dekka frå innsamla midlar. |
| **Inventar/utstyr skuler og barnehager** | 4 938 | 0 | I samband med bygging av ny idrettsfløy ved Voss ungdomsskule fekk prosjektet ekstraløyving i sak 29/23 Investering AV og utstyr Voss ungdomsskule, for å komplettera audiovisuelt utstyr (AV), gym utstyr og laust inventar. Utover klasse- og grupperom, er det integrert AV i aula , gymsal og styrkerom. Vedtaket medførte ekstraløyving med 2 mill kr, slik ar den totale og maksimale ramma vart 4,75 mill kr. |
| **Kapitalbevaring bygg/anlegg - skulebygg** | 10 000 | 0 | Prosjekt 2598 Kapitalbevaring bygg/anlegg - skulebygg er ein budsjettpost som skal dekka ulike investeringsbehov ved dei ulike skulebygga. I 2023 var det planlagt at midlane skulle dekka kostnadar på prosjekt 2592 Vangen skule oppgr KST 4/19 som gjeld gjeld Vangen skule - teknisk oppgradering av underetasjar. Ved nærare vurdering, viste det seg at arbeid gjennomført i 2023 på Vangen skule vart klassifisert som vedlikehald, og dermed ført som kostnad i driftsrekneskapen. |
| **Ungdomsskulen idrettsfløy** | 89 750 | 80 555 | Voss Herad inngjekk etter utlysing og tilbodskonkurransane av prosjektet ein samspelsavtale med Horgi AS i januar 2022. Samspelsperioden vart gjennomført med byggherre (BH), brukarar og entreprenør, før det enda opp i ei totalentreprisekontrakt i |

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Kommentar |
|---|---|---|---|
| | | | april 22. Fysisk oppstart med sanering av eksisterande bygningsmasse starta i slutten av april. Råbygga vart reist seinhausten 2022, og det var tett tak på idrettsdelen til årsskiftet 2022/2023 og skuledelen i løpet av februar 2023. Det vart jobba parallelt med utvendig fasade og innvendig arbeid gjennom vinteren. Elevane i 10. trinnet som valde arbeidslivsfag som valfag, fekk vera med å fylgja dei ulike faga gjennom heile skuleåret. Solcelleanlegget vart sett i drift i juni, og har levert eigenprodusert byggestraum gjennom dei 6 siste månadane av prosjektet. Det har vore vekentlege samarbeids-møter mellom BH og brukar for å halda god informasjonsflyt og tilpassa riggområdet til entreprenør. Arbeidet utomhus starta opp når skulen tok sommarferie, slik at denne perioden vart nytta på best mogeleg måte. Deler av utomhus var difor klar til skulestart, medan ein framleis hadde pågåande arbeid fram til temperaturen sette ein stoppar for ferdigstilling. Det står difor att noko arbeid utomhus og beplanting som skal ferdigstillast våren 2024. Det har gjennom heile prosjektet vore fokus på god kvalitet, tilstrekkeleg tid til gjennomføring, og at arbeidet skal gjennomførast på ein sikker og trygg måte. Resultatet av dette er at ein har gjennomført nærmare 41.000 timeverk utan fråvær pga skade, noko entreprenør og BH er godt nøgde med. Det har vore god framdrift, plan har vore fylgt gjennom heile prosjektet, og avtalt overtakingsdato vart halden. Bygget vart overlevert til 15.12.2023 og skulen har teke det i bruk på nyåret 2024. Perioden for prøvedrift tok til ved overtaking, og er utvida frå 3 til 12 mnd for å testa ut bygget under dei ulike årstidene. |
| **Voss ungdomsskule - vaskerobot** | 0 | 890 | I samband med bygging av ny idrettsfløy fekk ein tilpassa bygget med eigen stasjon for parkering og lading av vaskerobot for både gymsal og fellesareal. Det er investert i 2 robotar utfrå dei ulike arealtypane. |
| **Sum** | **104 688** | **82 596** | |

# 9.10 Barnehage

## Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar i 11 kommunale, styrkt barnehagetilbod og kommunale barnehagebygg. Per 15.12.2023 var det samla 846 born i Vossabarnehagane fordelt på 510 born i kommunale barnehagar og 336 born i private barnehagar. Det er sju private barnehagar og ein open barnehage som frå offentleg tilskot frå Voss herad.

## Status og utfordringar

I 2023 har hovudutfordringa vert å får tak i nok tilsette til barnehagane. Dette gjeld både pedagogar og fagarbeidar/assistentar til fleire av barnehagane. Barnehagane har aldri før hatt så mange dispensasjonar frå utdanningskravet.

Det har vore høgt sjukefråvær gjennom året, og utfordrande å få tak i vikarar. Dette har igjen ført til at fleire barnehagar i nokre periodar hatt redusert opningstid.

## Hovudprioriteringar

Vossabarnehagen har som satsingsområde å skapa eit trygt og godt barnehagemiljø for alle barn. Leiargruppa for barnehage har jobba vidare med forbetringar etter rapport om tenestene som Agenda Kaupang utarbeida i 2023. Dette handlar om at me har eigne leiarmøter for dei kommunale barnehagane og eit meir samla fokus på kva saker som vert handsama her.

Me ivaretek også dei private barnehagane ved å invitere dei til fagmøter.
Ei prioritet oppgåve framover er å sikra nok tilsette til alle barnehagane.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Barnehage** | 145 953 | 163 427 | 140 317 | 150 550 | -12 877 |
| **Styrkt barnehage tilbod** | 7 518 | 9 877 | 15 435 | 15 764 | 5 887 |
| **Barnehage- lokale og skyss** | 7 188 | 7 777 | 7 279 | 7 945 | 168 |
| **Sum** | **160 660** | **181 082** | **163 031** | **174 260** | **-6 822** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet har ved årsslutt eit meirforbruk på omtrent 6,8 millionar kr.
Hovudårsak til meirforbruk gjeld pensjon, og er på omtrent 5,5 millionar kr. Dette er eit teknisk avvik, og ikkje knytt til drifta av barnehagar (sjå meir info om dette under kapittel om økonomisk status og utvikling).
Sjølve barnehageeiningane har eit netto underskot på 1,5 mill. kr. Underskotet er i hovudsak knytt til faste løner, vikarbruk og kommunalt tilskot til private barnehagar.
Underskotet utgjer 0,9% av budsjettet for barnehagane.

## Rekneskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Lønn** | 112 138 | 128 800 | 120 185 | -8 615 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 8 714 | 10 932 | 8 708 | -2 224 |

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 64 459 | 70 049 | 69 433 | -616 |
| **Overføringsutgifter** | 3 476 | 1 434 | 881 | -552 |
| **Finansutgifter** | 1 | 4 | 0 | -4 |
| **Sum Driftsutgifter** | **188 788** | **211 219** | **199 206** | **-12 013** |
| **Salgsinntekter** | -16 352 | -16 946 | -17 712 | -766 |
| **Refusjoner** | -11 770 | -13 181 | -7 235 | 5 946 |
| **Overføringsinntekter** | -6 | -10 | 0 | 10 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-28 128** | **-30 137** | **-24 947** | **5 191** |
| **Netto resultat** | **160 660** | **181 082** | **174 260** | **-6 822** |

## Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Attraktive Voss | | Barnehageplass til all med lovfesta rett og ynskjer det | Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B) | 90,4 % | 87,0 % | 91,3 % | |
| | | | Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B) | 97,0 % | 99,0 % | 99,0 % | |
| Inkluderande Voss | | God utdanning - Alle born i Vossabarnehagen skal ha god omsorg, ein trygg og god oppvekst. | Andel årsverk barne- og ungdomsfagarbeider | 16,1 % | 15,0 % | 22,5 % | |
| | | Mindre ulikskap - Vossabarnehagen skal redusera ulikskap | Andel ansatte som er menn, alle barnehager | 9,2 % | 13,0 % | 10,1 % | |
| | | | Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage siste år | 0,0 % | 76,0 % | 79,8 % | Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent) i 2022 i Voss herad. |

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | |
| **Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)** | 200 456 | 211 314 | 245 448 | 202 365 | 219 964 | 211 795 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | |
| **Alle stillingstyper mann andel menn/kvinner (prosent)** | 10,4 % | 9,9 % | 4,8 % | 9,0 % | 7,6 % | 9,7 % |
| **Andel barn 0-6 år med barnehageplass (B)** | 67,3 % | 68,1 % | 67,0 % | 72,5 % | 67,5 % | 67,7 % |
| **Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass (B)** | 11,1 % | 11,6 % | 21,3 % | 12,7 % | 26,7 % | 17,0 % |
| **Kvalitet** | | | | | | |
| **Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)** | 46,8 % | 43,0 % | 53,0 % | 48,0 % | 39,6 % | 41,5 % |
| **Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)** | 5,7 | 5,6 | 5,8 | 5,3 | 5,0 | 5,8 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Vedtak forrige periode** | | | |
| **1. tertial - Bolstad bhg HST 60/19** | -266 | Ferdig | Opprinneleg leigeavtale gjaldt 3 år. Avtalen er no forlenga, slik at innsparinga ikkje lenger er reell. Prisutvikling medfører at kostnader har stige med kr 63.000 utover opprinneleg beløp. |
| **Reduksjon i sjukefråvær** | -100 | I arbeid | Me jobbar systematisk med sjukefråver, men har ikkje lukkast med å redusere samla sjukefråvær for tenesteområdet. |
| **Effektiviseringskrav barnehage** | -300 | I arbeid | Barnehage driv effektivt og har eit mindre overforbruk. |
| **Sum** | **-666** | | |

**Nye tiltak**

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Tilskot private barnehagar** | 3 000 | I arbeid | Budsjettet for barnehage har vore underfinansiert i høve dei private barnehagane. Dette skal no vere retta opp i. |
| **Drift Hagahaugen barnehage** | 2 000 | I arbeid | |
| **Ukraina budsjett** | 875 | I arbeid | |
| **Sum** | **5 875** | | |
| | | | |
| **Sum tiltak** | **5 209** | | |

### Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| **Investering** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Kommentar** |
| **Ny barnehage i Granvin** | 3 000 | 3 403 | Det skal byggast ny barnehage i Granvin i tråd med politisk vedtak 07.05.2020. Barnehagen skal plasserast sentralt og bidra til utvikling og aktivisering av viktige område i Granvin. Samvirke med Granvin bygdatun, tilpassing til kulturminne og naturkvalitetar i området samt trafikksikre løysingar har òg vore sentrale punkt i utviklinga av prosjektet. Prosjektet vart lyst ut på DOFFIN 08.12.2023 med tilbodsfrist medio mars 2024. Ifølgje planen er det teke sikte på byggjestart sommaren 2024. Kostnadar i 2023 er knytt til sluttføring av reguleringsplan og forprosjekt som vert nytta som grunnlag for utlysing. Meirforbruket på ca 0,4 mill kr kjem av at BOE sine årsverk er delvis finansiert gjennom investeringsrekneskapen. Dette var ikkje teke høgde for i revidert årsbudsjett for prosjektet hausten 2023. |
| **Sum** | **3 000** | **3 403** | |

# 9.11 Barne- og familietenestene

### Skildring av tenesteområde
Barne- og familietjenestene består no av PPT, Helsestasjon, Barneverntjenesten, Kommunepsykologene, Integreringstenesta og Vaksenopplæringa. Dei to sistnemnte vart ein del av dette tenesteområdet hausten 2023 då me gjorde ei omorganisering, og på same tid vart også EM-tiltaket flytta inn under Barneverntenesta.

I løpet av 2023 har det vore fleire leiarskifter i tenesta, men me går inn i 2024 med faste tilsette leiarar for alle einingane.

Vaksenopplæringa held hus i Kulturhuset, og dei må leige nokre lokale utomhus for å kunna ta imot alle flyktningane me no har i heradet. Dei øvrige tenestene er samlokalisert i Knutepunktet. Dette er av stor verdi, og i regi av kommunepsykologane er det arrangert faglunsjar i Knutepunktet der tilsette både vert betre kjent med kvarandre, og får kunnskap om kvarandre sine tenester.

Den store flyktningestraumen har påverka arbeidet i Barne- og familietenestene i stor grad. Fleire tenester opplever ei ekstra arbeidsbyrde, men det er samstundes eit arbeid som vert opplevd som meiningsfullt.

Samarbeid står høgt på dagsorden i Knutepunktet. I tillegg vert det jobba med å styrka samarbeidet mellom våre tenester, barnehage og skule.

### Status og utfordringar
I 2023 har me selt interkommunale PP-tenester og kommunepsykologtenester til Ulvik og Eidfjord.
I tillegg har me gjeve logopedtenester til Ulvik, Vaksdal og Voss sjukehus, Helse Bergen.
Einingane som har flytta inn i kontorbygget «Knutepunktet» i 2022 opplever god effekt av samlokaliseringa. Bygget er eigd av Bane Nor og Voss herad er leigetakarar. Me er samlokalisert med NAV, Vestland fylkeskommune og BUP – Helse Bergen.

**Tidleg innsats, førebygging, tverrfagleg samarbeid**
I Barne- og familietenestene har me framleis stort fokus på tidleg innsats og førebygging. Me ser at det tverrfaglege samarbeidet er styrka etter at me er samlokalisert.

**Barneverntenesta**
Framleis har me store utgifter knytt til barneverntenesta, men me har greidd å redusera ressursbruk ytterlegare i 2023, samanlikna med året før. Det er særleg eksterne hjelpetiltak som gjer at utgiftene er høge, men også tiltak som barneheimen, inn på tunet og aktivt pusterom som er avlastingstiltak. Me har klart å redusera utgiftene grunna færre plasseringar av born samstundes som me held nivået av hjelpetiltak høge.

Framover skal tenesta i gang med eit års jobbing saman med KS, som skal bidra til at tenesta vert berekraftig, med høg fagleg kompetanse, mindre turn over, tydeleg leiing og ei generell robust teneste. Vidare skal barnevernstenesta investera i nytt fagprogram, samt kjøpa inn og montera sikkerheitssystem.

**Helsestasjonen**
Me har styrka skulehelsetenesta ved å vera meir ute på skulane. Det er stor etterspurnad frå skular om skulehelsetenester.

Det har også vore stor pågang etter jordmortenester.

Voss herad har hatt lite vanskar med å rekruttera kvalifiserte helsesjukepleiarar samanlikna med dei siste fem åra.

**Foreldrerettleiing**
Barnevernet har innført «Vestlandsmodellen». Dette er ein modell for å undersøka høgkonflikt i familiar. Vidare er det eit tilbod med psykoedukasjon til foreldre. Tilbodet er etterspurt.

Familieterapeutane har teke etterutdanning i metoden EFT- emosjonsfokusert terapi.
I Barne- og familietenestene satsar me på tre ulike formar for rettleingsprogram til foreldre. Me har tilsette i alle tre einingar som har teke/tek vidareutdanning i dei ulike rettleiingsformene.

- ICDP: "International Child Development Programme». Eit helsefremjande og førebyggande program for styrking av omsorg. Helsestasjonen Har gjennomført 3 ICDP kurs i 2021
- PMTO: "Parent Management Training Oregonmodellen. Målgruppe: foreldre til barn med gryande eller uttalte åtferdsvanskar 3-12 år
- COS: "Circle of Security» - For foreldre som har vanskar i høve omsorg og tilknyting til barnet

**Kommunepsykologar**
Me har fire kommunepsykologar i 3,5 årsverk som er organisert under leiar i Barne- og familietenestene. Me ser at desse tilfører tenestene våre mykje godt direkte- og førebyggande arbeid, både klinisk arbeid og rettleiing. Dei jobbar med individualterapi, men har også mange oppgåver knytt til rettleiing og organisasjonsutvikling.
Ulvik og Eidfjord kjøper psykologtenester hjå Voss herad og blir fakturert deretter.

**PPT**
Frå 1. oktober vart det tilsett ny leiar ved PPT. Stillinga hadde då stått ledig frå november 2021.
PPT er styrkt med éin ekstra rådgjevar i 2022. Meistringsteamet omfattar tre stillingar.

Frå august er fire stillingar for spesialpedagogar i barnehage overført til PPT frå tenesteområde barnehage.

### Hovudprioriteringar
Samarbeid og samhandling står høgt på dagsorden. Barne- og familietenestene må jobbe med god kvalitet i den einskilde eining, men me veit at mange barn og familiar treng hjelp frå fleire tenester. Då treng me å snakke godt i lag.

Me har mange døme på at me lukkast godt i dette samarbeidet, men me ser også at me ikkje alltid får det til.

Leiarane i Barne- og familietenestene har heilt ulike fagfelt. Samstundes har me ein del utfordringar som liknar på kvarandre. Fleire av leiarane i tenestene har kort fartstid som leiarar. Me er difor avhengig av å bygge eit godt leiarteam i Barne- og familietenestene. Dette arbeidet er me i gang med.

Arbeidet frå Agenda Kaupang er vidareført i 2023 ved at me i leiargruppa har løfta blikket og jobba meir på strategisk nivå og brukar mindre tid på driftsrelaterte saker.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Vaksenopplæring** | 7 013 | 5 186 | 2 512 | 4 267 | -920 |
| **Helsestasjon og skulehelse** | 17 502 | 20 342 | 15 317 | 16 995 | -3 347 |
| **Barnevernsteneste** | 20 867 | 20 736 | 19 453 | 21 913 | 1 176 |
| **Barnevernstiltak i familien** | 5 522 | 7 000 | 4 815 | 5 907 | -1 093 |
| **Barnevernstiltak utanfor familien** | 33 118 | 32 885 | 23 449 | 26 323 | -6 562 |
| **Introduksjonsordninga** | 8 740 | 24 612 | 5 669 | 25 119 | 507 |
| **Interkommunale samarb.(§27-samarb.ny)** | 10 | 2 | 9 682 | 10 081 | 10 079 |
| **Sum** | **92 771** | **110 764** | **80 897** | **110 605** | **-159** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet har ved årsslutt eit korrigert meirforbruk på kr. 7,1 millionar.
Rekneskapen gjekk omtrent i balanse totalt sett i 2023. Rekneskapen inkluderar likevel ikkje Voss herad sin del av PP (pedagogisk-psykologisk) samarbeidet, som er samarbeidet mellom Voss herad, Ulvik herad og Eidfjord kommune og er ført under teneste grunnskule, medan budsjettet ligg under barne- og familietenestene. Dette gjer at meirforbruket reelt sett er 10 millionar kr. høgare for barne- og familietenestene enn det som kjem fram i rekneskapen (og tilsvarande lågare for grunnskule).

Det er også ført kr. 2,77 millionar i bruk av fondsmidlar under EM-tiltaket, men denne inntekta er ført under finansielle postar i rekneskapen, slik at det ikkje kjem med i rapporten under barne- og familietenestene. Når dette er korrigert for vil meirforbruket difor vera på omtrent 7,1 mill. kr for området.

### Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa har hatt husleigeutgifter til Fleischers på om lag kr. 1 million i 2023, dette har vaksenopplæringa ikkje hatt budsjett til. Same problemstilling ligg også i 2024.

Inntektene frå staten har vore noko lågare enn budsjettert. I 2024 skal det skrivast ein del utvida vedtak i mars som vil føra til auke i inntekter.

I 2023 har det vore lengre periodar med altfor låg bemanning i vaksenopplæringa som gjer at lønsutgiftene er mindre enn dei burde. Det har vore relativt høg arbeidsbelasting, samt høgt sjukefråvær i periodar.

### Helsestasjon og skulehelse

Avviket på helsestasjon og skulehelseteneste skuldast mellom anna meirutgifter til akuttinnkvarteringa for flyktningar. Her vart det ikkje budsjettert noko i 2023. Utgiftene til akuttinnkvarteringa inkluderer løn til to helsesjukepleiarar i til saman 140 % stilling og diverse utstyr.

Kjøp av jordmor frå Helse Bergen var berre delvis finansiert gjennom prosjekt styrking helsestasjon og skulehelse i 2023, og me fekk eit negativt avvik knytt til dette. Budsjettet for 2024 er styrka med 500 000 kr for kjøp av jordmorteneste, slik at dette ikkje vert eit avvik då.

Utgifter til tolk har auka ettersom me har hatt auke i tal busette flyktningar, og dette utgjer og ein del av det negative avviket på området.

### Barnevern

Barnevernstiltak i familien hadde eit avvik på rundt kr. 1 mill.kr. Dette skuldast i hovudsak utgifter knytt til førebels plasseringar. Barnevernstiltak utanfor familien hadde eit avvik på omtrent 6,5 mill.kr. Dette skuldast i hovudsak kjøp frå staten.

Barneverntenesta kjøper inn eksterne hjelpetiltak, noko som gjer at utgiftene er høge. Barneverntenesta nyttar vidare ein del kostbare tiltak, som blant anna barneheimen, inn på tunet, barnevernfagleg kompetanse og aktivt pusterom. Slik situasjonen er ved årsslutt, kan ein ikkje sjå at dette er tiltak ein kan avslutta eller avgrensa bruken av, då det ikkje finnes andre liknande tilbod.

Vidare vert det nytta ekstra tiltak knytt til enkeltbarn. Dette kjem i tillegg til fosterheimutgifter. Det er vidare innvilga kostbare avlastingstilbod, grunna store omsorgsbehov og atferdsvanskar hos enkeltbarn. Her kan ein ikkje nytta ordinær avslastning.

Det er tilsett to nye familierettleiarar for å redusera kjøp av rettleiing frå eksterne.
EM-tiltaket ligg under tenesta "Barnevernstiltak utanfor familien", og ved årsslutt har EM-tiltaket isolert sett eit mindreforbruk på omtrent 200.000 kr.

**Integreringstenesta**
I perioden frå oktober til desember var utbetalingane til introduksjonsordninga lågare på grunn av at fleire flyktningar avslutta introduksjonsprogrammet. Dette resulterte i eit mindreforbruk på omtrent ein halv million kroner.

## Rekneskap

| ***Beløp i 1000*** | **Rekneskap 2022** | **Rekneskap 2023** | **Budsjett 2023** | **Avvik i kr** |
|---|---|---|---|---|
| **Lønn** | 85 278 | 105 467 | 107 225 | 1 759 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 20 677 | 19 547 | 16 398 | -3 149 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 8 146 | 8 572 | 6 168 | -2 404 |
| **Overføringsutgifter** | 10 538 | 11 090 | 6 599 | -4 491 |
| **Finansutgifter** | 0 | 398 | 0 | -398 |
| **Sum Driftsutgifter** | **124 639** | **145 074** | **136 390** | **-8 685** |
| **Salgsinntekter** | -407 | -156 | -504 | -347 |
| **Refusjoner** | -30 827 | -33 509 | -21 301 | 12 208 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -634 | -645 | -3 980 | -3 335 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-31 867** | **-34 310** | **-25 785** | **8 525** |
| **Netto resultat** | **92 771** | **110 764** | **110 605** | **-159** |

## Status måltabell

| **Hovudmål** | **FN berekraftsmål** | **Mål** | **Indikator** | **2022** | **Ønska resultat 2023** | **Oppnådd resultat** | **Statusbeskriving indikator** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **God helse og livskvalitet** | **03 - God helse og livskvalitet** | **God helse for alle barn i heradet. Arbeide for at barn får rett hjelp til rett tid.** | **Andel barn under omsorg som har tiltaksplan** | **90,0 %** | **80,0 %** | **100,0 %** | |

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Andel undersøkelser gjennomført innenfor 3 måneder | 89,0 % | 95,0 % | 100,0 % | |
| | | | Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn (B) | 93,0 % | 92,0 % | 99,5 % | |
| | | | Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder (B) | 100,0 % | 92,0 % | 88,0 % | |
| Inkluderande Voss | | Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrsle | Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn(B) | 8,2 % | 5,0 % | 6,5 % | |
| | | | Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn(B) | 11,1 % | 5,6 % | 12,8 % | |
| | | | Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn(B) | 12,0 % | 9,5 % | 12,4 % | |
| Styrke- og utvikle tverrfagleg samarbeid | 17 - Samarbeid for å nå målene | Arbeida for at samtlege tilsette er kjend med kvarandre sine oppgåver. Auke samarbeidskompetanse hjå tilsette. | | 0 | | | |

### Status økonomiplantiltak

**Rammeendringar i økonomiplanen**

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Vedtak forrige periode** | | | |
| **Reduksjon i bemanning - EM-tiltaket** | -500 | Ferdig | Bemanninga i EM-tiltaket vart redusert frå mai 2023, og er no rett bemanna. Det er no to personar på vakt gjennom heile døgnet. Tidlegare hadde me tre på vakt på ettermiddagstid. Tilsette frå EM-tiltaket gjer også andre oppgåver for å avlaste barnevernet. |
| **Sum** | **-500** | | |
| | | | |
| **Nye tiltak** | | | |
| **Ukraina budsjett** | 940 | I arbeid | Det vert jobba systematisk og godt med busetting og integrering av flyktningar, og det er laga eige budsjett for Integrering i samband med krigen i Ukraina. Sjå eige kapittel om Flyktningsituasjonen. |
| **Reduserte inntekter butilbod einslege mindreårige (EM-tiltak)** | 3 000 | I arbeid | |
| **Sum** | **3 940** | | |
| | | | |
| **Sum tiltak** | **3 440** | | |

## 9.12 Helse

### Skildring av tenesteområde

Les om tenesteområdet her: Helse

### Status og utfordringar

Det har vore jobba mykje med å rekruttere legar til tenestene, både på kommunelegekontoret og til institusjonane. Avdelinga vona at stabiliseringa av legetenesta gjennom økonomiske ytingar ville gje positive resultat når det gjaldt å rekruttere legar til ledige stillingar. Dette har gitt gode resultat med tanke på stabilisering av dei næringsdrivande fastlegane, men vi har  diverre ikkje lukkast fullt ut med å få tak i nye legar i alle dei offentlege stillingane. Det har gjennom året også vore ubesette stillingar og ledige stillingar grunna svangerskapspermisjonar.

Gjennom heile 2023 var det på planen å opne Granvin legekontor. Dette har ikkje vore mogleg å gjennomføre grunna den manglande rekrutteringa.

Alle legane i heradet fyl ein felles normert standard for listelengd. Dei kommunalt tilsette legane har fått redusert listelengd med ytterlegare 5%, blant anna grunna overtaking av daglegevaktsarbeid.

Friskliv og meistringstilbodet har stor merksemd frå innbyggjarar både i Voss herad og i omkringliggjande kommunar. Det er dialog om å utvide tilbodet til fleire nabokommunar, når det gjeld storleik og kva tilbodet skal koste.

I 2023 vart det gjennomført 80+ samling på Vetleflaten med informasjon om førebyggjande grep ein sjølv kan ta for å bu trygt i eiga heim. Det kom ca. 50 personar.

### Status økonomi per teneste

***Beløp i 1000***

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Førebyggjande helsearbeid** | 3 409 | 2 775 | 2 459 | 2 545 | -230 |
| **Lege og fysioterapi tenester** | 55 803 | 64 877 | 50 298 | 55 976 | -8 901 |
| **Sum** | **59 212** | **67 652** | **52 757** | **58 521** | **-9 131** |

### Kommentar til status økonomi

Totalt sett har tenesteområdet eit negativt avvik etter 2023 på omtrent 9 mill. kr.
Førebyggjande helsearbeid er nærast i balanse. Friskliv og meistringstilboda har stor pågang med noko innsparing. Dei siste åra har mykje av aktiviteten rundt vaksinering og korona-tiltak vore ført på teneste førebyggjande helsearbeid.

Avviket ligg i all hovudsak på legeteneste. Avviket på den kommunale legetenesta skuldast i hovudsak ekstern innleige.

I samband med at det vart 3 nye fastløna legar på Voss legekontor, var inntektsbudsjettet underdimensjonert og vart 9,4 millionar betre enn budsjettert. Samstundes vart det grunna fleire legar i kontoret utgifter til utstyr på 1,1 mill.kr. Det er eit mindreforbruk på vanlege lønspostar.

Det er eit negativt avvik på 2,6 mill.kr. for kjøp av tenester frå Helse Bergen for IKL, inter kommunal legevakt. Dette skuldast i hovudsak overtalligheit i sjukehuset, samt auka kostnader for leige av lokale. Stabilisering av fastlegeordninga har ført til eit negativt avvik på 674 000 kr sjølv om det vart løyvd ekstra midlar til dette i 2023. Meirforbruket er knytt til praksiskompensasjon etter nattevakt. Det er 1,2 millionar kr. negativt avvik knytt til auke av basistilskot til fastlegar med 60 %.

Det er eit meirforbruk på medikament på vel 600 000 kr. Anna meirforbruk på driftsposter er utgifter til ALIS, legar i spesialisering i allmennmedisin, som vert dekt inn av tilskot.

### Rekneskap

| ***Beløp i 1000*** | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Lønn** | 42 767 | 50 985 | 48 823 | -2 162 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 17 347 | 19 980 | 9 939 | -10 041 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 25 530 | 29 317 | 24 581 | -4 737 |
| **Overføringsutgifter** | 2 205 | 1 912 | 1 326 | -585 |
| **Finansutgifter** | 35 | 2 009 | 0 | -2 009 |
| **Sum Driftsutgifter** | **87 884** | **104 202** | **84 669** | **-19 534** |
| **Salgsinntekter** | -3 569 | -6 958 | -3 690 | 3 268 |
| **Refusjoner** | -25 104 | -28 541 | -21 695 | 6 846 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | 0 | -1 052 | -763 | 289 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-28 673** | **-36 551** | **-26 148** | **10 402** |

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Netto resultat** | **59 212** | **67 652** | **58 521** | **-9 131** |

## Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Attraktive Voss | | Betra helsa til innbyggjarane med å gjennomføra tiltak innan friskliv, meistring, førebygging og rehabilitering | Tal deltakarar på kurs i friskliv og meistring | 141,0 | 350,0 | 308,0 | Fleire enn året før. |
| Inkluderande Voss | | Vidareutvikla likverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester | Tal ledige plassar på fastlegeslistene | 4,4 % | 1,5 % | 1,2 % | Alle legane har fulle lister. |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | |
| **Annet forebyggende helsearbeid brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)** | 220 | 168 | 756 | 373 | 256 | 584 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | |
| **Pasienter på fastlegeliste per kapasitet i prosent (B)** | 104,6 | 101,2 | 97,8 | 103,5 | 97,9 | 100,2 |
| **Kvalitet** | | | | | | |
| **Andel kvinnelige leger (prosent)** | 50,0 % | 68,4 % | 45,8 % | 40,9 % | 26,7 % | 48,9 % |
| **Gjennomsnittlig listelengde** | 928,0 | 880,0 | 744,0 | 904,0 | 941,0 | 948,0 |
| **Kommunekasse** | | | | | | |
| **Netto driftsutgifter kommunehelse i prosent av samlede netto driftsutgifter (Kommunekasse)** | 5,9 % | 6,4 % | 5,7 % | 6,7 % | 6,8 % | 6,3 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

### Status økonomiplantiltak
**Rammeendringar i økonomiplanen**

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Vedtak forrige periode** | | | |
| **Effektiviseringskrav helse og omsorg** | 500 | I arbeid | Kontinuerleg prosess. |
| **Sum** | **500** | | |
| | | | |
| **Politisk vedtak** | | | |
| **Barnekoordinator, vedteke av Stortinget** | 550 | Ferdig | Tilsett i 2022. |
| **Sum** | **550** | | |
| | | | |
| **Nye tiltak** | | | |
| **Stabilisera fastlegetenesta** | 4 250 | I arbeid | Legar vart tilsett, men det er forsatt ubesatte vikariat og faste stillingar. |
| **Sum** | **4 250** | | |
| | | | |
| **Budsjettendringer** | | | |
| **Auke i ressursbehov legevakt** | 421 | Ferdig | Legar i sokalla Nordsjøturnus. |
| **Sum** | **421** | | |
| | | | |
| **Sum tiltak** | **5 721** | | |

## 9.13 Omsorg

### Skildring av tenesteområde
Les om tenesteområdet her: Omsorg

### Status og utfordringar
Det er store utfordringar med å rekruttera personell innan alle yrkesgrupper. Det fører til at eigne tilsette jobbar meir enn det som er planlagd i turnus. Sjukefråværet er høgt i stort sett alle avdelingar innan tenesta.

Heradet nyttar færre langtidsplassar enn før då pågangen er mindre enn tidlegare. Det er svært få som har fått avslag på plass gjennom året. Dei som endar med avslag kjem i samråd med tenesta til at det er trygt å fortsetje å bu heime med hjelpe frå heimetenesta. Det er omfattande søknad til korttidsopphald og mange av opphalda vert revurderte og forlenga. Avdelingane jobbar med å effektivisere opphalda slik at fleire vert utskriven til heimen etter avtalt opphaldstid.

Det er auke i tal personar som mottek Brukarstyrt personleg assistanse.

For å oppretthalde tilstrekkeleg  med fagfolk har me nytt mykje innleige av sjukepleiarar og har gjennom Global Working fått tilført 6 søreuropeiske sjukepleiarar. Det har vore språkutfordring for fleire av dei det fyrste halvåret.

Gjennom heile året er det jobba mykje med vedtaksarbeid. Det er naudsynt å treffe godt med bistand til den enkelte, slik at me ikkje gjer for mykje og heller ikkje for lite. Tenestene har fokus på å avslutte når behov opphøyrer. Likevel meiner ein at det er ressursar å hente gjennom enno meir omstilling på dette området. Det er forventa at Tørn prosjektet som starta i september vil føra til at rett person gjer rett oppgåve, slik at sjukepleiar gjer oppgåver berre sjukepleiar kan gjere.

Det er mange attendemeldingar frå leiarane om at det er krevjande å stå i stillingane med mangel på personell, utfordrande økonomi og mange innbyggjarar som søkjer om bistand frå tenestene. Det er tydelege attendemeldingar på at om ein skal klare å delta i den store omstillinga som er føre oss, så må dei oppleve å ha den sentrale administrasjonen og politikarane i ryggen.

### Status økonomi per teneste

***Beløp i 1000***

| **Teneste** | **Rekneskap 2022** | **Rekneskap 2023** | **Opph. bud. 2023** | **Rev. bud. 2023** | **Avvik i kr** |
|---|---|---|---|---|---|
| **Aktivisering av eldre og funksjonshemma** | 24 381 | 26 712 | 25 203 | 25 877 | -835 |
| **Rusomsorg** | 183 | 1 | 0 | 0 | -1 |
| **Pleie i institusjon** | 189 774 | 209 134 | 180 051 | 185 335 | -23 798 |
| **Pleie til heimebuande** | 184 023 | 205 985 | 176 250 | 186 332 | -19 653 |
| **Tilbod øyeblikkelig hjelp -døgnopphald i kommune** | 3 115 | 4 303 | 2 904 | 3 086 | -1 217 |
| **Institusjonslokale** | 25 376 | 27 992 | 26 169 | 28 761 | 769 |
| **Sum** | **426 854** | **474 127** | **410 578** | **429 392** | **-44 735** |

### Kommentar til status økonomi

Overforbruket i tenesteområde Omsorg skuldast i hovudsak meirforbruk til innleige, overtid og ekstraløn. Dei fleste einingane manglar fagfolk, og spesielt sjukepleiarar og legar på sjukeheimane. Det vert og rapportert gjennom året om mangel på helsefagarbeidarar i aukande grad. Einingane opplev stort behov for ekstra bemanning til brukarar med alvorleg sjukdom der utagering er hovudproblem.
Det kostar 2-3 gonger så mykje å leiga inn ein sjukepleiar frå vikarbyrå samanlikna med eigne tilsette. Innleige av legar kostar mellom 3,2 og 3,5 millionar i året. I tillegg dekkjer me husleiga.

Tenestene Aktivisering av eldre og funksjonshemma og Augeblikkeleg hjelp har eit samla avvik på 2 millionar kr. Institusjonslokale hadde ein innsparing på nær 800 0000 kr, og dette omfattar Bygg og eigedom sitt forbruk til reinhald, vedlikehald og utbetringar.

Institusjonsdrifta har eit avvik på 13,2 millionar kr pluss 10 mill.kr i pensjonsavvik. Institusjonslegar hadde eit forbruk på 4,2 millionar kr. utan noko i budsjett til innleie, men med innsparing på faste løner. Netto avvik vert 3,2 millionar.

Anna innleige hadde eit meirforbruk på 4,1 mill.kr, samstundes som det var ei innsparing på faste løner på 3,4 mill.kr. Overtid hadde eit meirforbruk på 5,44 mill.kr, men sjølve forbruket var lågare enn i 2022 då det var spesielle vilkår i 1.tertial med koronaavtale. Utgifter til korttidsvikar og ekstrahjelp landa 3,6 mill.kr over budsjett til saman.

På driftspostar var det medikament som hadde eit overforbruk på 1,1 mill. kr.

Heimeteneste hadde eit avvik på 10 mill.kr + 9,6 mill.kr i pensjonsavvik. Det var eit meirforbruk på innleie av eksterne på 5,3 mill.kr, samstundes som det var ei innsparing på faste løner på 3 mill.kr. Overtid

hadde eit meirforbruk på 4,1 mill.kr, men sjølve forbruket var lågare enn i 2022 då det var spesielle vilkår i 1.tertial. Meirinntekter på 5 mill.kr på refusjon sjukeløn balanserer mot meirforbruk på ein del lønspostar.

Budsjettpostane Bruk av eksterne tenester og Refusjon for ressurstrengjande brukarar vart justert fleire gonger i 2023 men samla avvik vart 9,5 mill.kr. Både forbruk og refusjon har vakse med store summer dei siste åra. Forbruket er på 52,5 mill.kr og refusjon er nærare 42,7 mill.kr i 2023.

## Rekneskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Lønn** | 429 078 | 465 075 | 434 587 | -30 489 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 62 518 | 74 519 | 54 416 | -20 103 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 40 118 | 54 977 | 52 867 | -2 110 |
| **Overføringsutgifter** | 13 929 | 7 526 | 7 234 | -292 |
| **Finansutgifter** | 622 | 406 | 0 | -406 |
| **Sum Driftsutgifter** | **546 265** | **602 503** | **549 104** | **-53 400** |
| **Salgsinntekter** | -31 915 | -32 837 | -33 396 | -559 |
| **Refusjoner** | -85 008 | -90 793 | -85 557 | 5 236 |
| **Overføringsinntekter** | -598 | -481 | 0 | 481 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -1 891 | -4 266 | -759 | 3 506 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-119 411** | **-128 377** | **-119 712** | **8 665** |
| **Netto resultat** | **426 854** | **474 127** | **429 392** | **-44 735** |

## Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Inkluderande Voss** | | **Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel.** | **Auke i årsverk i heimeteneste** | **2,0** | | **2,0** | **Gjennomført.** |
| | | | **Bruk av lokaliseringsteknologi (GPS, sensor)** | **25,0** | **35,0** | **21,0** | **I god gjenge.** |
| | | | **Mottakarar av matombringing til gruppa over 80 år som ikkje bur på institusjon** | **0,0 %** | **15,0 %** | **0,0 %** | **Ikkje verksett, manglar køyretøy og personell.** |
| | | | **Tilbod om plass dagtilbod for personar med demens** | **31,0** | **35,0** | **59,0** | **Krafting satsing på å auka tilbodet.** |

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester | Andel av dei som har hatt korttidsopphald som returnerer til heimen | 53,0 % | 60,0 % | 52,0 % | I god gjenge. |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | |
| **Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B)** | 33,6 % | 35,4 % | 34,7 % | 41,6 % | 34,9 % | 34,4 % |
| **Dekningsgrad** | | | | | | |
| **Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)** | 35,7 % | 37,0 % | 29,7 % | 41,3 % | 28,7 % | 29,7 % |
| **Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)** | 0,8 % | 1,0 % | 1,2 % | 0,4 % | 0,5 % | 0,8 % |
| **Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon** | 11,5 % | 12,8 % | 11,3 % | 7,9 % | 9,2 % | 8,7 % |

## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Vedtak forrige periode** | | | |
| **Effektiviseringskrav helse og omsorg** | -1 500 | Ferdig | Kontinuerleg prosess. |
| **Drift av kommunalt kjøkken Vetleflaten frå haust 2022** | 4 500 | Ferdig | Kjøkkenet er i drift, men førebels inga levering til heimebuande. |
| **Sum** | **3 000** | | |
| | | | |
| **Politisk vedtak** | | | |
| **Auka satsar Støttekontakt** | 150 | Ferdig | Iverksett. |
| **Sum** | **150** | | |
| | | | |
| **Nye tiltak** | | | |
| **Dagavdeling, samvirke Omsorg og BOE** | 600 | Ikkje starta | Fortsatt under planlegging. |
| **BPA** | 3 000 | Ferdig | Nye brukarar med store behov kjem jamnleg. |

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Koordinerande stilling 50 % kvar Oppvekst og H&O** | 300 | Ferdig | Tilsett frå 1.januar 2023. |
| **Sum** | **3 900** | | |
| | | | |
| **Sum tiltak** | **7 050** | | |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| **Investering** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Kommentar** |
| **Bilar helse og omsorg** | 4 125 | 1 932 | Delar av budsjettet til bilar som låg innafor helse og omsorg på 3,3 mill kr var løyvd til meirkostnad ved overgang til el-bil for heile heradet. I 2021 og 2022 hadde avdeling helse og omsorg 1,84 mill kr medan 2,5 mill kr skulle gå til el-bil. Avdelinga brukte 1 mill kr på 3 el-bilar og 0,9 mill kr på andre biltypar. |
| **Institusjonar - fastmonterte takheisar** | 2 125 | 1 622 | Vedtak om kr 2,125 mill inkl mva til fastmonterte takheisar institusjon i 1. tertial 2023, finansiert frå rebudsjetterte kraftinntekter. I løpet av 2023 er det anskaffa og montert takheisar ved Vetleflaten omsorgssenter, Voss sjukeheim og Vossestrand omsorgstun. |
| **Kommunalt kjøkken** | 0 | 154 | Prosjektet vart overlevert som planlagt 01.11.2022 med 12 mnd prøvedrift. Frå 15.11.2022 har produksjonskjøkkenet levert mat til sjukeheimane, kjøkkenet har fungert utan driftsstopp i heile prøvedriftsfasen. Tilskot frå Husbanken med 12,5 mill vart utbetalt i januar 2023. |
| **Utstyr og tekniske installasjonar** | 750 | 0 | Årleg løyving i økonomiplan-perioden med kr 0,75 mill inkl mva til innkjøp av større inventar/utstyr på institusjonane. I 2023 var det ingen av kjøpa som var store og omfattande nok til å bli klassifisert som investering. Alle kjøp av inventar/utstyr måtte dermed kostnadsførast i driftsrekneskapen. |
| **Velferdsteknologi** | 2 500 | 1 695 | Signalanlegg på Voss sjukeheim og Vossestrand omsorgstun, med til saman 1,4 mill + mva. |
| **Vetleflaten omsorgssenter** | 500 | 0 | Vedtak om kr 0,5 mill inkl mva til medisinrom på Vetleflaten omsorgssenter i 1. tertial 2023, finansiert frå rebudsjetterte kraftinntekter. Seint i 2023 vart det klart at arbeidet vil tidlegast starta i 2024. |
| **Vossest. oms.tun - carport heimesjukepleie og vaktmesterlager** | 3 150 | 2 151 | Prosjektet var opphavleg budsjettert med 1,625 mill kr i budsjett for 2022. Etter utlysing og innkomne prisar, samt trong for tilleggsarbeid vart det behov for å auke budsjettramma med 0,65 mill kr. Byggeprosjektet vart gjennomført i april-november 2023 og fekk ferdigattest 16.11.2023, og er teke i bruk. På grunn av låge temperaturar og dårleg ver er siste del av målingsarbeidet innvendig utsett til andre kvartal 2024. Til å fullføre dette arbeidet har entreprenør halde att 0,125 mill kr av faktureringa til jobben er utført. Det er etablert 5 ladepunkt for elbilar. |
| **Sum** | **13 150** | **7 555** | |

# 9.14 Sosialtenester

### Skildring av tenesteområde

Les meir om tenesteområdet her.
Sosialtenestene i Voss herad omfattar psykisk helse og rusarbeid, NAV og integreringstenester. Avdelingane skal sikra samanhengande tenester som kjem den enkelte brukar til nytte.

### Status og utfordringar

Integreringstenesta jobbar for å få flyktningar frå Ukraina inn i introduksjonsprogrammet og vidare ut i arbeid. Fleire enn forventa vert diverre ordinære NAV- brukarar noko som førte til overskridingar hjå NAV.

Nav opplev at fleire mottakarar av stønad har for lite midlar til å klara seg når månaden er slutt. Difor har det vore ein auke i utbetalingar av supplerande stønad.

Helse og omsorg satsar på psykisk helse og rusarbeid. Me har gjennom året utdanna to sjukepleiarar i rask psykisk helsehjelp. Me vonar at eit slikt lågterskeltilbod vil gje rask hjelp til å kunne ta vare på seg sjølv. Avdelinga opplev stor pågang av nye søknader om hjelp til å meistre psykisk helse.

Tenesta har fleire brukarar med store samansette behov der me samarbeider med spesialisthelsetenesta og andre private aktørar for å kunne gje eit forsvarleg helsetilbod.

Samarbeidet med Kirkens bymisjon om aktivitetstilbod er svært viktig for ei gruppe svært sårbare personar som elles ikkje ville hatt tilbod om noko aktivitet. Det er i tillegg stor pågang til alle tilboda i lokala i Bonangergata, som hengeplass for ungdom, skattkammer og arbeidstilbod til rusavhengige.

### Status økonomi per teneste

***Beløp i 1000***

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Sosial og flykningkontor** | 24 800 | 32 047 | 27 564 | 31 424 | -623 |
| **Kommunale sysselsettingstiltak** | 593 | 768 | -149 | -149 | -917 |
| **Kvalifiseringsordning** | 1 901 | 2 203 | 1 860 | 1 860 | -343 |
| **Ytelse til livsopphald** | 29 958 | 44 565 | 21 706 | 39 906 | -4 660 |
| **Stønad til eigen bustad** | 4 013 | 4 035 | 3 825 | 3 825 | -210 |
| **Sum** | **61 265** | **83 618** | **54 806** | **76 866** | **-6 752** |

### Kommentar til status økonomi

Grunna det store talet flyktningar, er budsjettet justert opp mykje i løpet av 2023. Yting til livsopphald vaks med 50 % frå 2022 til 2023, og meirforbruket er omtrent 4,7 millionar kr. Integreringstenesta haldt budsjettet for 2023. Etter reglane har ein del flyktningar ikkje rett til å vere med i Introduksjonsprogrammet (t.d. dei over 55 år) og vert då henviste til NAV for livsopphald og buutgifter.

Voss herad gjev tilskot til tilpassing av bustad til vanskelegstilte. Dette er ikkje tilstrekkeleg budsjettert og er synleg som eit negativt avvik på nær 2,5 mill.kr under finansutgifterer og eit positivt avvik på vel 3 mill.kr under finansinntekter med bruk av fond.

Totalforbruket i tenesteområdet har auka vesentleg frå 2022 til 2023, med omtrent 22 millionar. Utgiftene går til sosialstønad, buutgifter og livsopphald. I tillegg er det nytta meir på tolketeneste, IT-utstyr og anna forbruksmateriell enn venta. Grunna det store talet flyktningar er budsjettet tilført ekstraløyving på 18 millionar til Yting til livsopphald i løpet av 2023. Dette var naudsynt, og viste seg å ikkje vera nok til å dekka heile behovet.

### Rekneskap

| *Beløp i 1000* | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 18 623 | 26 662 | 24 852 | -1 810 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 8 813 | 8 507 | 6 076 | -2 431 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 4 337 | 4 115 | 3 815 | -301 |
| Overføringsutgifter | 35 636 | 53 334 | 44 260 | -9 075 |
| Finansutgifter | 1 151 | 2 490 | 0 | -2 490 |
| **Sum Driftsutgifter** | **68 560** | **95 109** | **79 002** | **-16 106** |
| Salgsinntekter | -2 905 | -1 635 | -650 | 985 |
| Refusjoner | -4 389 | -6 725 | -1 487 | 5 238 |
| Overføringsinntekter | 0 | 9 | 0 | -9 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | -3 140 | 0 | 3 140 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-7 295** | **-11 491** | **-2 137** | **9 354** |
| **Netto resultat** | **61 265** | **83 618** | **76 866** | **-6 752** |

### Status måltabell

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Inkluderande Voss | | Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel | Tal brukarar med psykisk liding som kjem ut i arbeid | 19 | 15 | 18 | Målet er relatert til lågterskeltilbodet “Ung i jobb”. Sjå Kirkens Bymisjon Voss sine heimeside for meir info om tilbodet. Me fortsett med 8 deltakarar, har eit par på "venteliste", men fleire er på veg vidare i arbeidstrening eller Kveik. I tillegg er ungdomsteamet på Voss kvar tysdag på ute på vidaregåande skule. Annakvar tysdag på Voss vidaregåande skule eller Voss Gymnas. |

| Hovudmål | FN berekraftsmål | Mål | Indikator | 2022 | Ønska resultat 2023 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | Dette for å jobbe førebyggande, og sikre at flest mogleg ungdom fullføre utdanning. |
| | | Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel. | Tal brukarar med psykisk liding som kjem ut i arbeid | 19,0 | 16,0 | | |
| | | | Tal brukarar som deltek i gruppetilbod innan rus og psykiatri | | | | |
| | | Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester | | | | | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Voss herad 2022 | Voss herad 2023 | Kinn | Stord | Aurskog-Høland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Prioritet | | | | | | |
| Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B) *) **) | 3 816 | 4 455 | 3 192 | 3 213 | 1 340 | 2 148 |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 5,1 % | 7,6 % | 6,4 % | 5,2 % | 4,2 % | 6,1 % |
| Dekningsgrad | | | | | | |
| Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B) | 35,0 % | | | | | |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år (B) | 4,5 % | | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kommunekasse** | | | | | | |
| **Netto driftsutgifter per innbygger (242) råd veiledning og sosialt forebyggende arbeid (B) (Kommunekasse) *) **)** | 2 209 | 2 567 | 1 153 | 1 902 | 801 | 1 259 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

### Status økonomiplantiltak

**Rammeendringar i økonomiplanen**

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|---|---|---|---|
| **Politisk vedtak** | | | |
| **HST 15.12.22 Sosial stønad** | 1 600 | Ferdig | Nye satsar er iverksett. |
| **Sum** | **1 600** | | |
| | | | |
| **Nye tiltak** | | | |
| **Ukraina budsjett** | 12 409 | Ikkje starta | |
| **Sum** | **12 409** | | |
| | | | |
| **Sum tiltak** | **14 009** | | |

## 9.15 Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

### Skildring av tenesteområde

Kultur og fritid - Voss herad

### Status og utfordringar

Kulturtilbodet er atter i full blom og Norsk kulturbarometer 2023 melder at store delar av publikum er attende på kultur og idrettsarrangement. Men trass at besøkstala går opp, er ein framleis ikkje attende på det nivået ein hadde før pandemien. Dyrtid er ein viktig årsak, folk har ikkje råd til så mange kulturopplevingar som dei kanskje ynskjer å delta på.

I 2023 var det 422 elevar i kulturskulen, noko som utgjer 17, 6 % av alle born i alderen 6-15 år. Netto driftsutgift for kultursektoren per innbyggar var  3787, ein oppgang frå 2 975 kroner året før. Årsaka er hovudsakleg eingongs løyvingar til anlegg.

Me har utfordringar kring for liten plass til all den gode aktiviteten i vaksenopplæringa, kulturskulen og kulturhuset. Lokala i ungdomsklubben held dårleg kvalitet når det kjem til støy og ventilasjon, tiltak for forbetring er sett i gang i 2024.




## Hovudprioriteringar

### Born og unge

Avdelinga har arbeida mykje med aktivitetar for, av og med born og unge. Det har vore eit aktivt år med gode besøkstal i ungdomsklubbane, gjennomsnitt besøkstal på vanlege klubbkveldar i Gryto ligg på 75 ungdomar. Det er veldig bra for ein klubb som i 2023 kunne feira 70 år med rom for ungdom i bygda! Lokala til Vangsgryto har ein utfordring når det kjem til støy og dårleg ventilasjon, men arbeidet med å utbetra dette er i full gang og skal ferdigstillast i 2024. Utekontakten har styrka arbeidet for ungdom som bur på hybel og auka samarbeid med internata og dei vidaregåande skulane. Gjennom prosjektet Bygd for alle vert det jobba systematisk med barrierer for deltaking i fritidsaktivitetar for barn og unge. Drift og vidareutvikling av fritidsfondet, gratis hall til barne- og ungdomsaktivitetar og ferieaktivitetar har vore viktige oppgåver.

Samarbeid mellom ulike avdelingar i heradet, organisasjonar og frivilligheita er avgjerande for å nå gode resultat. Førebyggingsarbeid gjennom SLT-samarbeidet (Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsførebyggande Tiltak) og faste frukostmøte med representantar frå Kirkens Bymisjon, Røde kors, Frivilligsentralen og helsetenesta er svært viktig.

Heradsstyre løyvde 300 000 til Prosjekt Sommarjobb for ungdom i alderen 16-18 år. Dette vart eit vellukka samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunalavdelingar med over 30 ungdomar på jobb for helse og omsorg og oppvekst. Prosjektet vert vidareført i 2024.

Avdelinga jobbar mykje med medverknad, og i høve ny kulturplan vart det skipa til fleire innspelsmøte. Eit av desse var med ungdom, og 54 ungdomar i aldersgruppa 13-19 år deltok.  Utfordring kring manglande transport vart trekt fram som den største utfordringa for deltaking i fritidsaktivitet. Dette er eit område me jobbar vidare med.

### Kulturskulen

Kulturskulen har hatt over 400 elevplassar med 23 lærarar på Voss, Evanger og Vossestrand og i Granvin. Elevar frå kulturskulen har i 2023 delteke på 77 arrangement! Fagtilbodet er variert og sjangeroverskridande med alt frå biletkunst, folkemusikk, jazz, rock, klassisk, direksjon til drama og dans. Dansegruppene er den største med 81 plassar i Granvin og på Voss og rockeavdelinga har over 50 elevplassar.  Gjennom fordjupingsprogrammet får 15 elevar ekstra undervisning på hovudinstrument, bi-

instrument, teoriundervisning og direksjon. «Korps i skulen» er godt etablert. 36 femteklassar på Evanger, Vossestrand og i Granvin fekk opplæring på trombone og saksofon. I Granvin er arbeidet med oppussing av nye lokalar godt i gang, dei skal stå ferdige våren 2024.

**Voss kulturhus og Gamlekinoen**

Året har vore prega av flaumen i 2022 og brann i kinokiosken i juli 2023. Kulturhuset har for liten plass til å romma den viktige aktiviteten til både Vaksenopplæringa, kulturskulen og kulturhuset. Kulturskulen har måtta flytta delar av undervisninga si ut av huset dette året. Det har likevel vorte gjennomført huskonsertar, teater, festivalar, konsertar og stand-up, og det er sett i gang nye kulturtilbod med fokus på born, eldre og klassisk musikk. Voss kino har berre hatt ein sal for framsyning, men det har vore gode aktivitetar med premierar, barnefilmfestival, forfattarbesøk m.m. Mot slutten av året vart underetasjen gjenopna og det kunne atter synast film i tre kinosalar. Kulturhusleiaren slutta i november og ny Kulturhusleiar er på plass i mai.

Gamlekinoen er ei unik og viktig scene og det har vore arrangement i både foajeen og i storsalen gjennom året. Arbeidet med å finansiera attendeføring av salen og bygga ny backstage held frå og me har søkt både Vestland fylkeskommune og kulturdepartementet om midlar. Målet er at Gamlekinoen skal vera oppgradert og attendeført i 2026.

**Voss bibliotek**

Det har vore eit godt år for Voss bibliotek med auke i utlån, besøkande, og aktivitet. Til saman har det vore gjennomført 160 arrangement og det har vore 66 033 besøkande i biblioteket, bokbussen og kulturbanken. Biblioteket har mange faste arrangement som datakafé, språkkafé, songstunder, spelekveldar, strikk og lytt og lunsjkonsertar. I tillegg er biblioteket ein viktig debattscene og satsinga Vossadebatt med fokus på lokale emne skal halda fram. Tilbod om Meirope i Kulturbanken er populært, men systemet som vert brukt er utdatert og det vert jobba for å få det opp og gå igjen.

Bokbussen rullar rundt til skular og barnehagar i den vidstrakte bygda vår og resultatet syner at over 24 000 bøker og andre media har blitt lånt ut. Kontrakt for ny bokbuss er signert og er venta levert hausten 2025.

**Godt vossaklima!**

Fokus på måla i Vossaklima ligg til grunn i alt arbeid me gjer. Grøn november er eit samarbeid på tvers av avdelingane og med lagslivet i heradet og det har vorte ein viktig møteplass for å auka kompetanse på gjenbruk og berekraft med verkstadar og føredrag. Voss er også blitt pilotkommune i prosjektet Lys i gamle hus og samarbeider tett med Hardanger og Voss folkemuseum for setja søkeljos på det store potensialet tomme hus har. Ny bruk av gamle hus er både bygningsvern og miljøvern. Kulturminnedagane er også blitt ein viktig møteplass og tema for 2023 var Ein levande kulturarv. Heradet arrangerte seminar på Mølstertunet med tittelen Levande handverk som del av programmet til Kulturminnedagane.

Voss herad har vore ein aktiv bidragsytar i arbeidet med rehabilitering av kunstgrasbanane i Sentralidrettsanlegget. Desse er betre sikra mot flaum og gjennom økonomisk tilskot er krav til meir miljøvenleg banedekke vorte realisert. Dagsturhytta på Voss vart offisielt opna 10. september til stor jubel frå dei over 200 menneska som hadde teke turen til Klepp.

For heradet er samarbeid og samspelet med frivilligheita viktig. Ein frivilligpolitikk er på trappene og målet er at det skal vera enkelt å vera frivillig i Voss herad. Arrangørbygda Voss treng eit godt samarbeid mellom lagsliv og kommunen, saman skapar me ein god plass å bu og koma til.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Aktivitetstilbod - barn og unge | 4 214 | 4 826 | 4 894 | 5 579 | 753 |
| Kommunal næringsverksemd | 88 | 2 | 247 | 247 | 244 |
| Kulturminneforvaltning | 677 | 735 | 640 | 653 | -82 |
| Bibliotek | 6 169 | 7 148 | 6 268 | 6 687 | -461 |
| Kino | 379 | 1 723 | 242 | 451 | -1 272 |
| Museum | 545 | 855 | 870 | 870 | 15 |
| Kunsformidling | 1 976 | 2 215 | 1 853 | 1 901 | -314 |
| Idrettaktivitetar og tilskot idrett | 2 510 | 6 557 | 2 257 | 6 396 | -161 |
| Kommunale idrettsanlegg/bygg | 7 961 | 10 386 | 7 709 | 10 478 | 92 |
| Kulturskule | 4 775 | 5 858 | 5 789 | 6 610 | 753 |
| Kulturaktivitetar og tilskot kultur | 6 029 | 7 569 | 8 624 | 9 315 | 1 745 |
| Kommunale kulturbygg | 3 863 | 3 936 | 2 752 | 5 793 | 1 857 |
| Kyrkja | 10 199 | 10 849 | 10 014 | 10 854 | 4 |
| Tilskot tru og livssynssamfunn | 0 | -1 | 0 | 0 | 1 |
| Gravplassar og krematorier | 1 642 | 1 614 | 1 637 | 1 646 | 32 |
| **Sum** | **51 027** | **64 272** | **53 795** | **67 478** | **3 206** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet for kultur og fritid har eit mindreforbruk på omlag 3 millionar kr. Dette er grunna mindre aktivitet etter flaum og brann i kinokiosken på kulturhuset, sjukelønsrefusjonar og ledige stillingar. Avdelinga har stort fokus på budsjett og har god økonomistyring.

Kino har eit negativt avvik på 1,2 millionar kr ved utgangen av 2023. Dette skuldast mindre sal av kinobillettar og kioskvarer enn budsjettert. Gjennom heile 2023 har det vore utfordringar knytt til kinotilbodet ettersom kinosalane i kjellaren har vore stengd etter flaumen. I tillegg var det ein brann i kinokiosken i juli som førte til at denne vart stengd ein periode.

Inntektsmåla for kinoen vart ikkje nådd, men resultatet for kulturhuset samla enda likevel med eit positivt resultat på 450.000 kr grunna mindre forbruk på løn. Biblioteket har eit negativt avvik på vel 200.000 kr, dette skyldast i hovudsak reparasjon av bokbussen og eigenandel ved kjøp av nytt rullearkiv etter flaumen.

Mindreforbruk til kulturskulen ved årets slutt  skuldast ledige stillingar i ein periode, ubrukte integreringsmidlar og brukarbetaling som er ca 200.000 kr høgare enn budsjettert. Teneste kunstformidling har eit avvik på 240 000 kr, dette skyldast i hovudsak løn til distriktsmusikarane som er feil budsjettert.

